

MASFJORDEN KOMMUNE

Møtebok for Kommunestyret

Den 11.12.2012 kl 10:00 – 16.10 , heldt Kommunestyret møte på Kommunehuset.
Følgjande saksnummer vart handsama i møtet: 101/12 - 129/12
Innkalling til møtet var sendt ut den: 05.12.2012.

Desse møtte:

Arbeiderpartiet:	Høgre:	Senterpartiet:
Ragnvald Tangedal	Karstein Totland, ordfører	Vigdis Jorunn Søvik
Arthur Reidar Sjursen	Frode Langhelle	Geir Egil Haugsvær (vara)
Bjørn Egil Nordland	Wenke Fredheim Ekren	
	Lene Hansen Kvamsdal	
	Bjarte Andvik (vara)	
	Kjetil Fjellby	
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
	John Torgeir Torsvik	Jon Terje Sætre

Kristeleg Folkeparti:	Framstegspartiet:	Venstre:
Marit Steinestø, varaordfører	Jostein Duesund (vara)	Egil Kvingedal
Lillian Andvik	Janne Judith K Sandnes (vara)	Tove K. Sleire Tistel
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
	Erlend Kvamdahl	
	Willy Borge	

Frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen
Rådgjevar Alf Strand
Konsulent Gerd Allis Håheim som førte møteboka
Samfunnsutviklar Aina Isdal Haugland

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte

Møteleiar:	Ordfører Karstein Totland
Utlevert i møtet:	Tilleggsskriv til Skriv og meldingar: Ref. frå kontrollutvalet den 19.11.12 og Skatt på eige og inntekt pr. 30.10.12 Tre skriv til sak 12/657 Sommarstengd barnehage
Orientering:	
Sp.mål/interpell.:	
Synfaring:	

Alf Strand presenterte Field Band Fondation frå Sør Afrika der Moira Thomas og Bruce var invitert til kommunestyret for å presentera bandet og det dei jobbar med. Dei har no vore i Masfjorden i ca ein månad og vore med på ymse aktivitetar, men mest i kulturskulen.

Innkallinga vart godkjent.

Sakslista vart godkjent.

Ordførar gjorde framlegg om Lene Kvamsdal og Egil Kvingedal til å skriva under møteboka. Samrøystes godkjent av kommunestyret.

Sakliste

Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
101/12	12/781	Godkjenning av møteprotokoll	5
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
102/12	12/682	Spørsmål - interpellasjoner til kommunestyret den 11. desember 2012	6
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
103/12	12/724	Valstyre for valbolken 2012 - 2015	8
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
104/12	11/521	Samarbeidsutval for skulane for valbolken 2011 - 2015 - val av ny medlem	11
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
105/12	12/16	Lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden 2012 - 2015	13
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
106/12	12/594	GMU AS - Søknad om styrka drift av Gulen og Masfjorden Utvikling AS	18
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
107/12	12/754	Tilstandsrapport grunnskulen 2011/12	23
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
108/12	12/773	Budsjettrevisjon 2012	26
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
109/12	12/685	Busetting av flyktningar - oppmoding om busetting 2012 - 2014	31
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
110/12	12/656	Elev- og lagsbetaling i kulturskulen 2013	36
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
111/12	12/687	Elevbetaling idrettsskulen	39
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
112/12	12/642	Barnehagesatsar 2013	41
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
113/12	12/644	Foreldrebetaling SFO	43
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
114/12	12/698	Sommarstengd SFO	46

Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
115/12	12/657	Sommarstengd barnehage	48
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
116/12	10/60	Vedtekter for barnehagane i Masfjorden	51
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
117/12	12/624	Rammetimetel 2013-14	54
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
118/12	10/783	Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet- handlingsplan for 2013	59
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
119/12	12/705	Eigenbetaling pleie- og omsorg 2013	66
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
120/12	12/704	Kommunale avgifter for 2013 - Vatn - Avlaup - Slam og Feiing	72
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
121/12	12/746	Gebyrregulativ for teknisk sektor for år 2013 for Masfjorden kommune	78
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
122/12	12/702	Gebyrsatsar renovasjon 2013 for Masfjorden kommune	81
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
123/12	12/12	Regulering av husleiga i kommunale bustader og omsorgsbustader 2013	84
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
124/12	12/690	Kraftfondsbudsjettet for 2013	92
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
125/12	12/658	Årsbudsjett 2013 og økonomiplan 2013 - 2016	98
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
126/12	12/779	Delegerte vedtak	131
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
127/12	12/780	Skriv og meldingar	132
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
128/12	11/393	Områdeplan Sandnes - offentleg høyring - 1. gongs handsaming	134
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
129/12	12/644	Syskenmoderasjon mellom SFO og barnehage	139

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	11.12.2012	101/12	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 12/781
-----------	---------------------

SAK 101/12 - GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 1.12.2012 vert godkjent slik han ligg føre.

KS-101/12 VEDTAK:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 30.10.2012dato vert godkjent slik han ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2012:

Samrøystes vedteke.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	11.12.2012	102/12	Karstein Totland

Arkiv: N-022.1	Arkivsaknr.: 12/682
----------------	---------------------

SAK 102/12 - SPØRSMÅL - INTERPELLASJONAR TIL KOMMUNESTYRET DEN 11. DESEMBER 2012

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Spørsmål / interpellasjonar:

Ingen spørsmål eller interpellasjonar var kome inn på førehand.

Bakgrunn:

I samband med handsaming av reglement for kommunestyret gjorde ordførar framlegg om at ein i kvart kommunestyremøte starta med sak som omhandla spørsmål til kommunestyret.

Saka vert oppretta som fyrste sak sjølv om det i utgangspunktet ikkje har kome inn spørsmål eller interpellasjonar. Kommunestyremedlemmene vil då verta minna på at om de har spørsmål må dei koma med dei skriftleg.

I § 19 d) står det at spørsmål og interpellasjonar skal handsamast tidleg i møtet, men skriv og meldingar vert handsama tilslutt i møtet.

KS-102/12 VEDTAK:

Spørsmåla vart teke til orientering.

Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2012:

Det vart stilt spørsmål.

Frode Langhelle, H, tok opp korrespondansen til Skyss mellom Knarvik – Duesund og til Hosteland.

Etter det han har blitt fortalt at det er dårleg korrespondanse og at elevar må stå og venta på kaien. Han spurde om ordførar kunne sjekka opp i dette?

Ordfører Karstein Totland svara at kommunen pleier ha eit årleg møte med Skyss der ein kan ta opp saker og problemstillingar. Det har ikkje vore slikt møte i år, men ein reknar med at det blir eit møte på nyåret. Ein vil då ta opp dette som her er stilt spørsmål om.

Bjørn Egil Nordland, Ap, spurde om mobildekninga i Indre Haugsdal og korleis stoda er. Han sa at det hadde vore bra om dei som bur der kunne fått eit brev frå kommunen om dette og kva som er årsaka til at utbygginga ikkje er blitt gjort.

Nordland spurde og om kva er stoda er med det gamle bankbygget?

Svar:

Ordfører Karstein Totland svara på første spørsmål frå Nordland at han har snakka med Telenor som skal utføra arbeidet, og purra på dei kvar veke.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen supplerte svaret og sa at me har fått utvida fristen for å nytta pengane som er blitt tildelt til prosjektet frå Hordaland fylkeskommune. Masfjorden er den einaste kommunen som har nytta deler av midlane ein har fått tildelt (Nuten). Problemet er at aktørane som kan og skal bygga ut mobilnettet ikkje vil gjera arbeidet.

Svar frå rådmannen:

Når det gjeld Gamlebanken arbeider ein med saka og det vil vonaleg få på plass ein avtale før året er omme.

Wenke Ekren, H, sa at helselaga vil begynna å jobba som nattevakt i heimehjelpstenesta.

Ekren sa at det fungerer i Lindås kommune.

Helselaget vil invitera seg sjølve til å koma til kommunestyret å orientera om dette. Det vil koma eit brev frå helselaga om dette.

Lillian Andvik, KrF, ba om at den gamle sjukeheimen må bli gjort noko med og at dette blir sett på dagsorden. Ber om at det kjem opp ei sak om dette.

Ordfører Karstein Totland sa at det på går forhandlingar/dialog om bygget med ein person som for nokre år sidan gav eit tilbod for bygget. Det vil sannsynlegvis koma ei sak på dette utpå nyåret.

Spørsmåla vart svara på og teke til orientering.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	11.12.2012	103/12	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-022	Arkivsaknr.: 12/724
--------------	---------------------

SAK 103/12 - VALSTYRE FOR VALBOLKEN 2012 - 2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Valstyre for valbolken 2012 – 2015

Parti	Tal	Medlemer:	Parti:	Varamedlemer:
H	1	Karstein Totland		1. Frode Langhelle 2. Willy Borge 3. Lillian Andvik 4. Kjetil Fjellby 5. Tove Kristin Sleire Tistel 6. Erlend Kvamsdal 7. Wenke Ekren 8. John Torsvik
H	1	Lene Hansen Kvamsdal		
KrF	1	Marit Steinestø		
V	1	Egil Kvingedal		
Ap	1	Arthur Sjursen		1. Ragnvald Tangedal 2. Bjørn Egil Nordland

Leiar:

Nestleiar:

Heimel

Vallova § 4-1

Kommunelova § 10 nr.3

KS-103/12 VEDTAK:**Valstyre for valbolken 2012 – 2015**

Parti	Tal	Medlemer:	Parti:	Varamedlemer:
H	1	Karstein Totland		1. Frode Langhelle
H	1	Lene Hansen Kvamsdal		2. Willy Borge
				3. Lillian Andvik
				4. Kjetil Fjellby
				5. Tove Kristin Sleire Tistel
				6. Erlend Kvamsdal
				7. Wenke Ekren
				8. John Torsvik
KrF	1	Marit Steinestø		
V	1	Egil Kvingedal		
Ap	1	Arthur Sjursen		1. Ragnvald Tangedal
				2. Bjørn Egil Nordland

Leiar: Karstein Totland**Nestleiar: Marit Steinestø****Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2012:**

Egil Kvingedal, V, gjorde framlegg om at ordførar Karstein Totland vert leiar og varaordførar Marit Steinestø vert nestleiar i valstyret.

Røysting:

Rådmannen si tilråding og framlegget frå Venstre vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Etter kommunestyrevalet i fjor haust då det var val på råd og utval vart det gløymd å velja valstyre. Sidan det no nærmar seg stortingsval er det viktig å få dette formelt på plass.

Tidlegare var det slik at formannskapet automatisk var valstyre.

I fylgje vallova § 3.1.1 står det at kommunestyre sjølv må gjera eit val. Kommunane kan ikkje leggja til grunn tidlegare ordning med at formannskapet som valstyre blir ført vidare.

I uttrykket ”*kommunestyret sjølv*” ligg at retten til å velja valstyre ikkje kan delegerast. Valstyret blir i kommunelova rekna som eit fast utval, og reglane i kommunelova om val av nemnder skal gjelda her. Dette inneber at reglane i kommunelova § 14 om kven som kan veljast, gjeld, og ein må sjå til at krava til kjønnsrepresentasjon i kommunelova §§ 36 – 38 blir oppfylte.

Kommunestyret kan til dømes ikkje velja medlemmene av formannskapet som valstyre dersom dette fører med seg at kravet i kommunelova til kjønnsfordeling ikkje blir oppfylt.

Kommunestyret sjølv vel leiar og nestleiar for valstyret, jf. kommunelova § 10 nr 3. Masfjorden formannskap har to kvinner og kravet til kjønnsrepresentasjon er dermed oppfylt. Kommunestyret sjølv vel leiar og nestleiar for valstyret, jf. kommunelova § 10 nr 3.

FAKTA

Val av røystestyre (jfr. § 3.1.2 i vallova) er delegert til valstyret, jfr. delegeringsreglement for Masfjorden kommune, vedteke i kommunestyre den 30.10.2012.

VURDERING

KONKLUSJON

Sjå framlegg til vedtak.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	11.12.2012	104/12	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-022.3	Arkivsaknr.: 11/521
----------------	---------------------

SAK 104/12 - SAMARBEIDSUTVAL FOR SKULANE FOR VALBOLKEN 2011 - 2015 - VAL AV NY MEDLEM

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ny medlem i samarbeidsutvalet for Matre skule vert:

.....

Finansiering

Heimel

KS-104/12 VEDTAK:

Ny medlem i samarbeidsutvalet for Matre skule vert:

Bjørn Egil Nordland

Vara: Jostein Duesund

Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2012:

Janne Judith K. Kvamsdal, Frp gjorde framlegg om Bjørn Egil Nordland som medlem og Jostein Duesund som vara.

Røysting:

Frp sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	U	14.12.2011	Dei valde	Melding om politisk vedtak - Samarbeidsutval for skulane for valbolken 2011 - 2015

KS-106/11 VEDTAK :

Samarbeidsutval for skulane for valbolken 2011 – 2015:

Skular:	Parti:	Medlem	Parti:	Varamedlem:
Matre skule	Sp	Klaus Stusdal	Ap	Bjørn Egil Nordland
Nordbygda skule	H	Marianne Ulvatn	V	Anne Marit Fredriksen
Sandnes skule	KrF	Ellen Andvik	H	Bjarte Andvik

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Administrasjonen fekk nyleg melding om at Klaus Stusdal som er valt inn i samarbeidsutvalet for Matre skule har flytta frå kommunen.

Det må då veljast ny medlem til samarbeidsutvalet for Matre skule.

Fint om valstyret eller de andre i kommunestyret kan prøva å finna eit namn å leggja fram i møtet.

HØYRING

UTTALE

FAKTA

VURDERING

KONKLUSJON

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	11.12.2012	105/12	Aina Isdal Haugland

Arkiv: N-010.1	Arkivsaknr.: 12/16
----------------	--------------------

SAK 105/12 - LOKALSAMFUNNSUTVIKLING I MASFJORDEN 2012 - 2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- 1) Kommunestyret vel lokale representantar til dei tre gruppene knytt til bustad.
- 2) Kommunestyret vel fire representantar til Masfjord-gruppa.
- 3) Kommunestyret løyver kr 30 000 årleg i tre år til LivOGLyst.

Finansiering

Kr 90.000

Heimel

KS-105/12 VEDTAK:

1. Valnemnda får i oppdrag å finna fire personar til representantar til Masfjord-gruppa.
2. Kommunestyret løyver kr 30 000 årleg i tre år til LivOGLyst.

Finansiering

Kr 90.000

Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2012:

Samfunnsutviklar Aina Isdal Haugland møtte til denne saka og orienterte.

Saka vart drøfta.

Kommunestyret drøfta kor mange grupper det skulle vera. I framlegget frå rådmannen var det sett opp tre bustadgrupper. Kommunestyret meinte at det lett kunne verta for mange grupper og dei fleste gav uttrykk for at ei bustadgruppe med medlemmer frå heile kommunen var nok.

Ordfører Karstein Totland konkluderte med at ein då stryk pkt 1 i rådmannen sitt framlegg, då kommunestyret i K-sak 95/12 valde ei bustadgruppe med tre personar. Den gruppa er såleis på plass.

Ein overlet så til valnemnda å finna namn på personar til Masfjordgruppa til neste kommunestyremøte.

Framlegg til røysting blir då:

1. Valnemnda får i oppdrag å finna fire personar til representantar til Masfjordgruppa.
2. Kommunestyret løyver kr 30 000 årleg i tre år til LivOGLyst.

Røysting

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	U	26.01.2012	Hordaland fylkeskommunen	Søknad om fylkeskommunal støtte til lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden
2	I	24.04.2012	Hordaland Fylkeskommune	Regionalt utviklingsprogram for Hordaland 2012. Tilsegn om tilskot
5	U	03.12.2012	Hordaland fylkeskommune	Tilskot til kommunale trafikksikringsplanar

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Masfjorden kommune har oppretta prosjekt for lokalsamfunnsutvikling der hovudmålet er eit auka folketal. Dette arbeidet vart starta i 2006 og kommunen har mellom anna vore del av prosjektet "Livskraftige kommunar" som var organisert av miljøverndepartementet og KS. Per i dag deltek kommunen på arrangementa i Hordaland fylkeskommune si satsing på lokalsamfunnsutvikling, "LivOGLyst". For å oppnå måla våre om folketalsauke er det viktig at me jobbar vidare med engasjement i bygdene våre.

Erfaringar frå pilotprosjektet

Pilotprosjekta på Matre, Sandnes og Hosteland har gjort ein del av dei same erfaringane frå førre del av prosjektet, men opplever i ulik grad å ha lukkast med gjennomføringa. Mykje tid har gått med på å få område for næring og bustad inn i kommuneplanen, noko dei har lukkast med. Mykje av det vidare arbeidet er avhengig av andre aktørar, som grunneigarar og næringsdrivande. Arbeidet har vore tidkrevjande og motivasjonen dalar fort når ein vert stansa i kommunalt planarbeid. Rolleavklaring, relativt små prosjekt og budsjett kan hjelpe på vegen vidare.

Sandnes

Mangel på rolleavklaring, midlar og styresmakt har vore nokre av utfordringane for gruppa på Sandnes. Gruppa har til ei viss grad opplevd å fungere som ei lobbygruppe, noko som har vore vanskeleg. Engasjementet på Sandnes har vore greitt, men utskifting av sentrale folk har kome i vegen. Erfaringa er at prosjekta har vore for store og at ein no treng synlege resultat. Ein har støtt på nokre interessekonfliktar undervegs, men har løyst desse og kome fram til prosjekt som engasjerer og oppnår støtte frå dei involverte. Sandnes vel vil ta opp vidare arbeid på årsmøtet og eventuelt velja nye kandidatar til lokalsamfunnsgruppa der. Frå arbeidet i gruppa har det kome fram konkrete planar der det einaste som manglar er finansiering, slik at me meiner det er tenleg å arbeida vidare for å skaffa dette.

Hosteland

Gruppa kom gjennom prosjektarbeidet med ei rekkje framlegg til kva som kunne gjerast, men opplevde ikkje at framlegga vart tekne vidare av administrasjonen og at det var for lite oppfølging. Det har vore vanskeleg å få til aktivitetar, mellom anna fordi det har vore interessekonfliktar i området. Det har heller ikkje vore andre tunge aktørar, som BKK på Matre, som har tilbydd hjelp og midlar. Fleire av ideane har vore store eller møtt på motstand lokalt slik at dei ikkje har late seg gjennomføre. For Hosteland har arbeidet med idrettshall vore dominerande.

Det er ikkje endeleg avgjort om gruppa ønskjer å jobbe vidare, men i den grad det er aktuelt er arbeid for fleirbrukshall med fokus på folkehelse noko dei ønskjer å arbeida med. Gruppa ønskjer handling og større påtrykk for fleirbrukshall. På grunn av samarbeid med Gulen om felles hall er det på noverande tidspunkt vanskeleg for administrasjonen å arbeide med dette. Då må i så fall tidlegare kommunestyrevedtak gjerast om.

Litt enklare og meir kortsiktige prosjekt handlar om utbetring av uteområde, som i grøn næringspark på Matre. Blomar og enkle tiltak langs vegen, ved legekantoret, sjukeheimen, Storestemmevatnet og Arekletten er døme på kva dei ønskjer seg. Det er ønskjeleg at kommunen ryddar badeområdet ved Arekletten for tang og tare og at dei legg til rette for badeplassar òg andre stader.

Matre

Prosjektet på Matre starta med små, konkrete mål som å få det til å sjå betre ut for folk som passerte bygda. Arbeidet har vakse fram frå dette og ein har klart å skape engasjement og få med folk lokalt. Det ser ut til at ein klarar å løyse nokre av problema kring bustad med det nye leilegheitskomplekset og næringslivet tek ansvar. Dei ulike delprosjekta held fram og er overleverte frå prosjektgruppa til kommune, privat næringsliv og friviljuge organisasjonar.

Skianlegget er i stor aktivitet og dette held fram uavhengig av eit nytt prosjekt. Per i dag har ein hatt mange prosjekt og jobba mykje på dugnad, slik at det er ein del slitasje blant dei mest engasjerte på Matre. Andre aktørar vidarefører det arbeidet som gruppa har starta med.

Pilotprosjektet på Matre har nådd ein del av sine mål. Matre treng ei klargjering av ansvar, godtgjersle og dugnad i arbeidet med å vedlikehalde grøn næringspark. Dette kan tenkjast å ha ei meir permanent organisering som ikkje kjem inn under pilotprosjektet.

HØYRING

UTTALE

FAKTA

KS-095/12 VEDTAK:

- **Formannskapet fungerer som styringsgruppe.**
- **Masfjorden - utvikling av Masfjorden som fellesprosjekt**
- **Bustadgruppe**
- **Brunemnd**

Representantar til bustadgruppa er:


Erlend Kvamsdal

Wenke Ekren

Jostein Duesund

Arbeidet held fram i gruppene. Rådmannen peikar ut kven frå administrasjonen som skal vera med.

Rådmannen evaluerer arbeidet i dei tre gruppene som har vore til no og legg fram ein statusrapport for kommunestyret.



VURDERING


Ei felles problemstilling for alle stadene er bustad. Det kan difor vera tenleg å velja nye medlemmer til gruppene på Sandnes, Hosteland og Matre, men å organisere dei under ”Bustad” slik at den gruppa som skal arbeida med dette får fleire å trekkje på og kan jobbe gjennom desse lokalt. Slik får ein forankring i kommunestyret. Dei andre aktuelle prosjekta, som gjeld utbetring av uteområde, plantar, benker, kai, universell utforming kan gjennomførast med utgangspunkt i desse gruppene.

For Masfjord-gruppa kan ein laga fleire undergrupper. Tanken er å skapa miljø for å arbeida saman heller enn å understreka grenser og avstandar. Kommunen vurderer å endra strukturen til Kraftspela og ønskjer å utvikla desse vidare, i tråd med strategisk næringsplan. Dette er samstundes eit tema dei fleste i kommunen kan samla seg om og støtta opp under. Ei anna temagruppe som kan knytast til strategisk næringsplan er ei kopling mellom landbruk og reiseliv, for å sjå om det finst rom for innovasjon på desse felt. Ei gruppe som rettar seg mot havbruk, fjorden og havsport og kan hende ser mot større interkommunalt samarbeid kan vere eit anna alternativ.

For lokalsamfunnsutviklinga i Masfjorden har administrasjonen sendt inn søknad til LivOGLyst-prosjektet i Hordaland. For å kunne vere med som treåring prosjekt må kommunen bidra med ein eigendel på kr 30 000 per år i tre år. Prosjektet kan gje oss nettverk og midlar til vidare utvikling frå fylkeskommunen, fylkesmannen og Innovasjon Noreg. For gruppene er tenkt at nivå 2 skal ha medlemmer frå kommunestyret og administrasjonen, medan nivå tre i tillegg opnar for frivillige, lag, organisasjonar og næringsliv.

Konklusjon

- 1) Kommunestyret vel lokale medlemmer og opnar til dei tre gruppene knytt til bustad.
- 2) Kommunestyret vel fire representantar til Masfjord-gruppa.
- 3) Kommunestyret løyver kr 30 000 per år i tre år til LivOGLyst.



MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	04.12.2012	021/12	Aina Isdal Haugland
Kommunestyret	11.12.2012	106/12	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-105.1, N-671

Arkivsaknr.: 12/594

SAK 106/12 - GMU AS - SØKNAD OM STYRKA DRIFT AV GULEN OG MASFJORDEN UTVIKLING AS

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Masfjorden kommune har løyvd 250.000 til GMU i 2012.
2. Masfjorden kommune løyver ikkje ytterlegare midlar til GMU drift i 2012, og søknaden om ekstra midlar vert ikkje innfridd
3. Me har ressursar som per i dag tek seg av ei rekkje av dei oppgåvene som er skisserte ved ei langsiktig styrking av GMU. Difor løyve me ikkje midlar til langsiktig styrking i denne omgang. Me understrekar likevel at samarbeidet med Gulen og GMU er viktig og at dette er noko me må jobba for å styrka.

Finansiering

Inga finansiering.

Heimel

FS-010/12

KRFT-021/12 VEDTAK:

1. Masfjorden kommune har løyvd 250.000 til GMU i 2012.
2. Masfjorden kommune løyver ikkje ytterlegare midlar til GMU drift i 2012, og søknaden om ekstra midlar vert ikkje innfridd.
3. Me har ressursar som per i dag tek seg av ei rekkje av dei oppgåvene som er skisserte ved ei langsiktig styrking av GMU. Difor løyver me ikkje midlar til langsiktig styrking i denne omgang. Me understrekar likevel at samarbeidet med Gulen og GMU er viktig og at dette er noko me må jobba for å styrka.

Det skjedde i Kraftfondsstyret den 04.12.2012:

Dagleg leiar i GMU AS Torill Torsvik Størkersen møtte for å orientera om selskapet og planane framover.

Etter orienteringa stilte formannskapet spørsmål til Størkersen.

Ordførar Karstein Totland sa seg ugild i saka sidan han er med i styret og har vore med å handsama denne søknaden. Dette vart samrøystes vedteke.

Varaordfører Marit Steinestø overtok no som ordfører.

Saka vart drøfta.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen sa pga av storleiken på summen det er søkt om må saka må vidare til kommunestyret for endeleg vedtak.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd overfor kommunestyret. (Fire røyster).

KS-106/12 VEDTAK:

- 1. Masfjorden kommune har løyvd 250.000 til GMU i 2012.**
- 2. Masfjorden kommune løyver ikkje ytterlegare midlar til GMU drift i 2012, og søknaden om ekstra midlar vert ikkje innfridd.**
- 3. Me har ressursar som per i dag tek seg av ei rekkje av dei oppgåvene som er skisserte ved ei langsiktig styrking av GMU. Difor løyver me ikkje midlar til langsiktig styrking i denne omgang. Me understrekar likevel at samarbeidet med Gulen og GMU er viktig og at dette er noko me må jobba for å styrka.**

Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2012:

Ordfører Karstein Totland, sa seg ugild i denne saka sidan han er styremedlem i GMU. Kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om at ordfører var ugild.

Frode Langhelle, H, sa seg også ugild sidan han og sit i styret til GMU. Kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om at Langhelle var ugild i saka.

Bjørn Egil Nordland, Ap, spurde om han kunne spørja ordfører om opplysningar når ordfører er blitt kjent ugild.
Det vart litt diskusjon på dette..

Marit Steinestø overtok no som ordfører.

Det var no 15 representantar tilstades.

Røysting:

Kraftfondsstyret si tilråding vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	07.09.2012	Gulen og Masfjorden Utvikling AS	Søknad om styrka drift av Gulen og Masfjorden Utvikling AS

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

GMU søker om ekstra midlar frå Masfjorden kommune. Det er to hovudmål i søknaden:

- 1) Kortsiktig styrking av organisasjonen for ferdigstilling av planarbeidet av Sløvåg næringsbygg.
 - 2) Langsiktig styrking av organisasjonen.
- Søknaden har gått til Gulen og Masfjorden kommunar og dei ber om at det ikkje vert sett vilkår for den andre kommunen si handsaming.

For punkt 1 i GMU sin søknad er det rekna ei utgift på 170 000 kr for å dekkje lønskostnader ved ei 50% stilling over 3-4 månader. Dagleg leiar har hatt vikar fram til 8. august 2012. Han har gjort mykje av arbeidet med Sløvåg næringsbygg. Det kan vere tenleg med kontinuitet i dette prosjektet for å sikre at det vert ferdigstilt snarast. Arbeidet er av slik karakter at ein treng konsentrasjon og tid, slik at det er vanskeleg å få gjort innimellom andre ting. Fylkeskommunen har bede om ein del ekstra dokumentasjon i tillegg til det opprinnelege arbeidet. Desse kostnadene har dei dekt inn ved å betale for ein ekstern konsulent.

For den langsiktige styrkinga av organisasjonen er det referert til strategisamlinga 26/4-12. I søknaden er marknadsføring av regionen (næringsareal og bustadareal), arbeid med etablerarar og ungdom, nettverksbygging i næringslivet og realisering av ulike tiltak lista opp som arbeidsoppgåver som er aktuelle ved styrking av GMU.

HØYRING

UTTALE

FAKTA

FS-010/12 VEDTAK:

Innspel frå Masfjorden kommune til GMU kring revidering av samarbeidsplattform med kommunane:

- 1) Ein tilrår at punkt 1, 2 og 3 vert oppretthalde i det vidare samarbeidet. Søknader til kraftfondet skal rettast til kommunen, men GMU har ei viktig rolle som rådgjevar i søknadsfasen og kan peikast ut av kommunen til å støtte i sakshandsaminga av større saker.
- 2) Ein tilrår vidare at punkt 4 og 7 i opphavleg samarbeidsplattform vert vidareført.
- 3) Kommunen tek dei resterande punkta sjølv.
- 4) Ein legg til grunn lik samarbeidsplattform og likebehandling av kommunane.

Fordeling av aksjar i selskapet (verdien er 250 kr per aksje):

Aksjonær	Tal aksjar	Aksjekapital	Eigardel
Masfjorden kommune	4443	1 110 750	21,5%
Gulen kommune	4444	1 112 000	21,6%
Hordaland fylkeskommune	2000	500 000	9,7%
Sogn og Fjordane fylkeskommune	4625	1 156 250	22,4%
SIVA SF	5113	1 278 250	24,8%
Sum aksjekapital		5 156 250	100,00%
Overkursfond		10 976 250	
Annan egenkapital		196 929	
SUM egenkapital		16 329 429	

VURDERING

For budsjettet framover vert bru ei viktig sak som kjem til å trekkja mykje ressursar frå kraftfondet. Sett ut frå dette vil det verte noko vanskelegare å løyve store midlar til andre prosjekt og me ønskjer i denne omgang å prioritere bru og etablerarar, som er viktige tiltak i strategisk næringsplan. Sløvåg næringsbygg er òg sett opp som tiltak her. Det vil vere tenleg for Masfjorden kommune å få ferdigstilt bygget, då det vil skapa arbeidsplassar nær kommunen og ein bør sjå ut over eigne kommunegrenser når det gjeld næring og arbeidsplassar. Kraftfondsstyret bør difor vurdera om dei ønskjer å løyva midlar til den kortsiktige styrkinga. Samstundes har arbeidet med bygget kome så langt at det må kunne ferdigstillast med dei ressursane GMU har per i dag, sjølv om dette vil ta noko lenger tid, slik at ein må vurdera dette ut frå ein total økonomisk situasjon som gjer at det er vanskeleg for kommunen å bruka ekstra midlar til dette.

Når det gjeld det langsiktige målet om styrking av organisasjonen er utvidinga basert på oppgåver som vart endra tidlegare i år (FS-010/12) og som Masfjorden kommune har tatt tilbake til si drift. Kommuneadministrasjonen har sett av eigne ressursar til dette. Kommunestyret vedtok i haust (KS-095/12) å starte prosjektgrupper som arbeider med bustad og politisk samarbeid, der omdømebygging, nettverksbygging og tverrfaglege problemstillingar knytt til bustad er hovudinnhaldet. I tillegg arbeider administrasjonen med Ungt entreprenørskap og andre tiltak retta mot ungdom. Store delar av dette er samanfallande med innhaldet i GMU sin søknad.

Forholdet til etablerarane er, og skal vere, kjernen i arbeidet til GMU. Me har difor lagt til rette for å legge oppgåver som kjem noko på sida av dette til kommuneadministrasjonen. Slik sett kan det vere tenleg at GMU og Masfjorden kommune styrkar samarbeidet endå meir for å sikre at det felles arbeidet vert meir effektivt. Kan hende bør ein leggje til rette for at GMU i noko grad har kontordagar i Masfjorden.

KONKLUSJON

- 1) Masfjorden kommune har løyvd 250.000 til GMU i 2012.
- 2) Masfjorden kommune løyver ikkje ytterlegare midlar til GMU drift i 2012, og søknaden om ekstra midlar vert ikkje innfridd.
- 3) Masfjorden kommune har ressursar som per i dag tek seg av ei rekkje av dei oppgåvene som er skisserte ved ei langsiktig styrking av GMU. Difor løyver me ikkje midlar til langsiktig styrking i denne omgang. Me understrekar likevel at samarbeidet med Gulen og GMU er viktig og at dette er noko me må jobba for å styrka.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	04.12.2012	118/12	Alf Strand
Kommunestyret	11.12.2012	107/12	Alf Strand

Arkiv: N-21

Arkivsaknr.: 12/754

SAK 107/12 - TILSTANDSRAPPORT GRUNNSKULEN 2011/12

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret har gjort seg kjent med tilstandsrapporten for grunnskulen i Masfjorden for skuleåret 2011-12 og tek rapporten til orientering med følgjande merknader:

Finansiering

Heimel

Opplæringslova §13-10

FS-118/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Formannskapet har gjort seg kjent med tilstandsrapporten for grunnskulen i Masfjorden for skuleåret 2011-12 og tek rapporten til orientering med følgjande merknader:

Det skjedde i Formannskapet den 04.12.2012:

Rådgjever Alf Strand var til stades under handsaming av denne saka.

Saka vart drøfta og det vart stilt spørsmål til Strand.

Røysting:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-107/12 VEDTAK:

Formannskapet har gjort seg kjent med tilstandsrapporten for grunnskulen i Masfjorden for skuleåret 2011-12 og tek rapporten til orientering.

Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2012:

Saka vart drøfta.

Bjørn Egil Nordland, Ap, spurde om administrasjonen er nøgd med rapporten og har gjort seg tankar om resultatet og om ein har nådd dei måla som var sett.

Rådgjevar Alf Strand sa at det meste er skrive i saksutgreinga. Det er kommunestyret som skal sei noko om denne rapporten då det er dei som er skuleeigar. Dersom kommunestyret har synspunkt på rapporten er det no kommunestyret har høve til å koma med det.

I høve Bjørn Egil sitt spørsmål så har me ikkje nærma oss dei måla som var sette.

Når det gjeld dei ressursane som er sett inn så skulle ein kunna venta betre resultat på nokre område.

Frode Langhelle, H, sa at resultatet i skulen vil alltid svinga. Det er viktig at det som går på mobbing vert fylgd opp. Som skuleeigar må me ha ein nullvisjon om at det ikkje skal vera mobbing i skulen.

Tove Kristin S. Tistel, V, synte til pkt 2 i konklusjonen om lærarkreftar. Det er viktig å bruka den kompetansen ein har i kommunen. Kompetanse på ein skule må og kunna nyttast på dei andre skulane. Tistel vil utfordra administrasjonen på å nytta rett person på rett plass.

Er samd med Langhelle i null toleranse for mobbing. Må få inn vaktmeisterteneste på skulane.

Marit Steinestø, KrF, sa seg samd i at der er viktig med nulltoleranse mot mobbing. Viktig å rekruttera kvalifisert arbeidskraft inn i skulen.

Det må satsast på lesing allereie i småskulen og setja inn ressursane tidleg på dei lågaste trinna. Ein må og sjå på vaktmeistertenesta og få ei evaluering på den praksisen ein har no.

Bjørn Egil Nordland, Ap, det er viktig at skuleeigar tek ansvar og støttar innspelet frå Venstre og KrF. Trur vaktmeister er gårsdagens løysing på dagens problem

Vigdis Søvik, Sp, Tidleg tiltak, varig verknad er viktig. Ho spurde om det er mogeleg innafor dagens budsjett å setja inn tiltak i slutten på 8. klasse dersom ein ser at det er naudsynt. Støttar innspela frå dei andre partia.

Rådgjevar Alf Strand sa at NY GIV er eit nytt tiltak som Utdanningsdepartementet har sett i gang slik at dei som går ut av 10. klasse skal få ei ekstra opplæring i lesing og rekning før vidaregåande skule. Dette blir starta opp frå og med dette skuleåret.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Det er fastsett i Opplæringslova at skuleeigar pliktar å utarbeida ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. Denne tilstandsrapporten skal omhandla læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigaren, dvs. kommunestyret. (Opplæringslova § 13-10).

Masfjorden kommunestyre gjorde i møte 8. september 2011, sak 63/11 vedtak om at det vert innarbeidd lokale mål i neste tilstandsrapport.

Desse måla er ein del av den vedlagde rapporten.

FAKTA

Tala i tilstandsrapporten er henta frå dei offentleg tilgjengelege tala som finst i www.skoleporten.no og som byggjer på innrapporterte tal frå skulane, kommunane og fylkesmannen.

VURDERING

Rådmannen sine vurderingar kjem fram i tilknytning til kvart punkt i rapporten.

KONKLUSJON

Tilstandsrapporten vert lagt fram for kommunestyret til drøfting.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	04.12.2012	126/12	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	11.12.2012	108/12	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-102	Arkivsaknr.: 12/773
--------------	---------------------

SAK 108/12 - BUDSJETTREVISJON 2012

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- 1) Investeringsbudsjettet vert endra slik det går fram av tabell 1 i saksutgreiinga.
- 2) Driftsbudsjettet vert endra slik det går fram av tabell 2 i saksutgreiinga:

Finansiering

Alle budsjettendringane har finansiering/inndekking

Heimel

Kommunelova - økonomireglementet

FS-126/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

- 1) Investeringsbudsjettet vert endra slik det går fram av tabell 1 i saksutgreiinga.
- 2) Driftsbudsjettet vert endra slik det går fram av tabell 2 i saksutgreiinga:

Det skjedde i Formannskapet den 04.12.2012:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om saka og at dette gjeld tiltak som ikkje vart gjennomført i 2012 men der budsjettmidlane vert overført til 2013.

Saka vart drøfta og det vart stilt spørsmål.

Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

KS-108/12 VEDTAK:

- 1) **Investeringsbudsjettet vert endra slik det går fram av tabell 1 i saksutgreiinga.**
- 2) **Driftsbudsjettet vert endra slik det går fram av tabell 2 i saksutgreiinga:**

Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2012:

Saka vart drøfta.

Frode Langhelle, H, sa at han saknar investeringar på kommunale vegar, vegvedlikehald. Midlar som står att på vegvedlikehald burde vore overført til 2013. (300.000)

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen sa at me veit ikkje enno kva som blir brukt av desse pengane. Her må ein avventa rekneskapen for 2012. Dersom det blir pengar att må ein ta det i sak om budsjettsaldering på nyåret.

Tove Kristin S. Tistel, V, sa at ho er misfornøgd med handteringa av noko som var ei hastesak. Det var løyvd midlar til å utføra reperasjon på taket på skulemuseet på Sleire. Viktig at kommunestyrestyret er kjent med handteringa av eit av dei viktigaste kulturminna i Masfjorden.

Tistel tok og opp at ventilasjonsanlegget i gymsalen i Nordbygda skule er dårleg og at det er luktproblem der.

Ordførar Karstein Totland sa at det er eit fungerande ventilasjonsanlegg i gymsalen på Nordbygda skule, men det må brukast.

Røysting:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Budsjettrevisjon drift for tidlegare vedtak. Årsbudsjettet for investeringar skal justerast når det er kjent at budsjetterte investeringar ikkje vert gjort i budsjettåret. I tillegg har det i tråd med tidlegare prioriteringar vorte søkt om spelemidlar til krøllgras for Nordbygda og Sandnes idrettsbaner. Det er løyvd spelemidlar og tiltaket er sett i gang.

FAKTA & VURDERING

Investering:

Følgjande endringar er gjort i tabellen nedanfor:

Nuten mobilsendar – auka opp med kr 400 000, finansiert med overføring frå andre

Krøllgras idrettsbaner – kostnad kr 1 226 000, finansiert med kr 295 000 overført frå drift, kr 931 000 overført frå andre

Opprustning kommunale bygg - er redusert med kr 1 620 000, gjeld nytt ventilasjonsanlegg mv Sandnes skule (kr 1 420') og nytt tak bygg fysioterapeut (200'). Dette er investeringar som ikkje kjem i gang inneverande år og må budsjetterast for 2013 i første budsjettsaldering.

Sleire skulemuseum – er redusert med kr 130 000. Dette gjeld nytt tak og vert ikkje påbegynt før neste år. Må budsjetterast for 2013.

Brann (utstyr og bilar) – er redusert med kr 675 000. Det er motteke tilskot på kr 1 000 000 frå Statens vegvesen som er øyremerkt tankbil Matre. Denne er bestilt, men vert ikkje levert før neste år. Kr 1 000 000 er derfor bundne og må setjast av på fond. Dei vert brukt som finansiering på brannbil som vert levert i 2013.

Det er i tillegg foreslått å auka låneramma for startlån med kr 1 000 000, finansiert med ubrukke lånemidlar tidlegare år.

Tabell 1:

Budsjettskjema 2A			
	Budsjettrevisjon desember 2012	Saldert budsjett 2012	Opphavelg budsjett 2012
FINANSIERINGSBEHOV			
Investering i anleggsmidler	16 935 000	17 734 000	7 610 000
Utlån og forskoteringar	1 850 000	850 000	850 000
Avsetjingar	2 000 000	1 000 000	
Årets finansieringsbehov	20 785 000	19 584 000	8 460 000
FINANSIERING			
Bruk av lånemidler	-5 600 000	-4 600 000	-4 600 000
Sal av anleggsmidler	-1 000 000	-1 000 000	
Tilskot til investeringar	-6 151 000	-4 900 000	-500 000
		-10 500	
Sum ekstern finansiering	-12 751 000	000	-5 100 000
Overført frå driftsrekneskapen	-2 250 000	-2 464 000	-1 610 000
Bruk av avsetjingar	-5 784 000	-6 620 000	-1 750 000
Sum finansiering	-20 785 000	-19 584 000	-8 460 000
Udekket/udisponert = 0	0	0	0

Budsjettskjema 2B			
Investeringsprosjekt;			
EDB - felles (inkl. Nuten mobilsendar)	900 000	500 000	500 000
Nordbygda barnehage - nytt kjøkken	194 000	194 000	
Indre Masfjorden barnehage - nytt kjøkken	200 000	200 000	
Sandnes skule - innreiing kjellar	230 000	230 000	
Matre symjebasseng	2 100 000	2 100 000	
Kommunale vegar	2 150 000	2 150 000	660 000
Stordalen bru	300 000	300 000	
Gravemaskin TML	560 000	560 000	
Bustadfelt - tilrettelegging	750 000	750 000	750 000
Opprusting kommunale bygg	0	1 620 000	3 000 000
Avlaup	0	0	200 000
Vassforsyning	425 000	425 000	625 000
Matre vassverk	4 500 000	4 500 000	
Brann - utstyr og bilar	1 200 000	1 875 000	1 875 000
Sleire skulemuseum	0	130 000	
Kalkdoseraranlegg - Frøysetvassdraget	2 200 000	2 200 000	
Krøllgras idrettsbaner	1 226 000		
Summering investering i anleggsmidler	16 935 000	17 734 000	7 610 000

Drift:

Følgjande endringar er gjort i tabellen nedanfor:

Nordbygda barnehage – KS vedtak 32/12. Oppretting av ny avdeling.

Andre kulturaktivitetar – KS vedtak 49/11. Samarbeidsavtale Field Band Foundation i Sør-Afrika.

Skatteinntekter – prognosen viser at skatteinntekten vert høgare enn budsjettert.

Tabell 2:

Teneste	Tekst	Budsjettendring
20101	Nordbygda barnehage	200 000
38506	Andre kulturaktiviteter	50 000
80001	Skatt på inntekt og formue	-250 000

KONKLUSJON

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	04.12.2012	123/12	Ørnulf Lillestøl
Kommunestyret	11.12.2012	109/12	Ørnulf Lillestøl

Arkiv: N-391

Arkivsaknr.: 12/685

SAK 109/12 - BUSETTING AV FLYKTNINGAR - OPPMODING OM BUSETTING 2012 - 2014

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune vurderer det slik at det ikkje er mogeleg å ta imot flyktningar i perioden 2012-2014.

Finansiering Heimel

FS-123/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Masfjorden kommune vurderer det slik at det ikkje er mogeleg å ta imot flyktningar i perioden 2012-2014.

Det skjedde i Formannskapet den 04.12.2012:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS-109/12 VEDTAK I KOMMUNESTYRET:

Masfjorden kommune vurderer det slik at det ikkje er mogeleg å ta imot flyktningar i perioden 2012-2014.

Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2012:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	05.10.2012	IMDI Integrerings- og mangfoldsdirektoratet	Busetting av flyktningar - oppmoding om busetting 2012 - 2014
2	I	26.10.2012	Ørnulf Lillestøl	Oppmoding om busetjing - utsatt frist fra 30 november

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Masfjorden kommune har fått brev frå Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDI) med oppmoding om å ta imot 15 flyktningar i perioden 2012-2014.

Masfjorden kommune har ikkje tidlegare i 2012 vorte oppmoda om å ta imot flyktningar. Bakgrunnen for denne førespurnaden er eit auka busetjingsbehov. Det er behov for 7500 plassar i 2012 og for 9200 i 2013. Underskot på plassar var i juli i år på om lag 1500 plassar.

Busetjing av flyktningar skjer i samarbeid mellom stat og kommune. Dette samarbeidet er nedfelt i ein eigen samarbeidsavtale mellom Kommunenes Sentralforbund (KS) og Arbeids- og inkluderingsdepartementet. Busetjing av flyktningar er ei permanent kommunal oppgåve, men tal flyktningar som skal busetjast vil variere frå år til år.

FAKTA

Det er ei stor mogelegheit og samstundes ei stor utfordring knytt til spørsmålet om busetjing av flyktningar i ein liten kommune. Masfjorden kommune har som sentral målsetjing å auka folketalet. Her kan liggja ei mogelegheit for oss, sjølv om det ikkje er gjort med enkle grep å lukkast med å ta imot flyktningar.

Det vert opplyst at ca 80 % av dei som kjem, er einslege, både kvinner og menn. Dei kommunane som skal busetje flyktningar for første gong, får personar som kjem frå flyktingemottak. Dei største gruppene som skal integrerast no, er frå Somalia og Eritrea. Det blir lagt vekt på at personar frå same land/område vert utplassert i same kommune. Det må takast høgde for at det etter ei tid vert familiegjenforeining.

Sentrale tema som må utgreiast nærare :

- Bustadar – korleis skaffe nok bustader? Det er tidvis stram bustadmarknad i Masfjorden, både privat og kommunal. Må det byggjast nye kommunale bustader ?
- Introduksjonsprogrammet gir rettar og plikter til nyankomne mellom 18 og 55 år som har behov for grunnleggjande kvalifisering. Programmet kan vare i inntil 2 år og vert gjeve berre ein gong til kvar person.

- Dersom personen avbryt eller flyttar til annan kommune, vert det ikkje gjeve nytt tilbud. Programmet skal gje grunnleggjande ferdigheiter i norsk, og grunnleggjande innsikt i norsk samfunnsliv, samt førebu deltakarane for yrkeslivet. Plikta til kommunen er ein totalpakke av integrering som innebær 37,5 timar aktivt program pr. veke. Dette inkluderer språkopplæring, arbeidstrening, og andre aktivitetar som har som målsetjing å fremje sjølvstende og uavhengighet for den enkelte. Programmet må være sett i gong innan 3 månader etter ankomst til kommunen.
- Arbeid – pr i dag er det svært begrensa lokale moglegheiter. Korleis få til arbeidstreningssopplegg ?
- Integreringshjelp –motor i arbeidet med å få til eit vellukka mottaks- og oppfølgingsapparat – eigen stilling eller tillagt eksisterande?.
- Helsetenester (lege – psykiatri osv) Det vert opplyst at fleirtalet av flyktningane ikkje er merkbart krigs- og fluktskada, men det er sjølvsaugt unnatak. For dei aller fleste er helsetilstanden deira slik at det ikkje er til hinder for ulik form for aktivitet. Dei som har kome fort i arbeidstiltak, har lukkast best.
- Det kan trengast tolketeneste.
- Det vert tilrådd å etablere samarbeidsrelasjonar til andre kommunar som har gjennomført busetjing av flyktningar.

Om det vert aktuelt å ta i mot flyktningar til busetjing, må det setjast ned ei gruppe for å arbeide grundigare med alle desse problemstillingane og fleire til. Gruppa må minimum være samansett av administrasjon/flyktningekonsulent, NAV, skule, lege + psykiatri, og andre som i periodar kan vere relevante.

Økonomi:

Utgifter til busetjing av flyktningar har vore dekkja over det statlege integreringstilskotet pr motteken flyktning fordelt over 5 år. I rundskriv frå IMDi står følgjande om finansiering: Tilskuddet skal bidra til at kommunene gjennomfører et planmessig og aktivt bosettings- og integreringsarbeid, med sikte på at de bosatte skal komme i jobb og greie seg selv. Erfaringene viser at et godt arbeid de første årene bidrar til lavere utgifter i årene etter at tilskuddet er falt bort.

Integreringstilskuddet skal sammen med bl.a. tilskudd til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere (kap. 651, post 61), finansiere kommunenes gjennomsnittlige utgifter til introduksjonsordningen for nyankomne innvandrere. Integreringstilskuddet skal dekke kommunenes gjennomsnittlige utgifter i bosettingsåret og de fire påfølgende år til bl.a. innvandrer- og flyktningkontortjenester, bolig- og bolig-administrasjonstjenester, sysselsettingstiltak, yrkeskvalifisering, arbeidstrening, sosialkontortjenester, sosialhjelp, barneverntjenester, tolketjenester, barnehagetjenester, helsetjenester, kultur- og ungdomstiltak.

Integreringstilskotet er (i 2012) kr. 156.500 pr voksen dei to første år, og deretter synkande til hhv kr 135.00, 80 og 70.000 kr dei neste åra. Totalt kr 598.000 fordelt over 5 år for voksne over 18 år. Litt høgare sum for dei som vert definert som einsleg vaksen. I tillegg kjem mindre eingongssummar som barnehagetilskot (kr. 21.800) eldretilskot (kr. 143.000) og skuletilskot (kr. 11.000) . Personar som får vedtak om familieinnvandring med ein person som har opphald på humanitært grunnlag utløyser integreringstilskot i 3 år.

Kva vil kosta pengar? : Språkopplæring, integreringsarbeid og arbeidsopplæring. Det har vore samarbeid på tvers av kommunane i Nordhordland om språkopplæring.

Flyktningane har rett til introduksjonsstønad. Stønaden tilsvarar to gonger folketrygda sitt grunnbeløp (2G er f.t. kr 164.244) Deltakarar under 25 år mottek 2/3 stønad. Erfaring tilseier at det tidvis vert naudsynt å gje litt supplerande sosialstøtte.

Det vert også gjeve tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap med ca kr. 130.000 pr. person fordelt over 5 år.

Flyktningane vert folkeregistrert i den kommunen dei får opphald i, og vil gje utteljing i rammeoverføringane.

Bustad: Slik den kommunale bustadsituasjonen er i dag, er det ikkje tilgjengelege bustader i det omfang som det vert trong for, om ein skal gjera positivt vedtak om å ta imot flyktningar. Husbanken har tilskotsordningar for utleigebustader for dei som er vanskelegstilte på bustadmarknaden, der bustadtiltak til flyktningar er høgast prioritert. Husbanken har ein simuleringsmodell for lån og tilskot, der ein kan leggja inn ulike føresetnader. Med ein modell med 8 einingar i fellesprosjekt med ei total kostnadsramme på 20 mill, vil Husbanken kunne tilby lån og tilskot, som vil gje årlege kostnader for kommunen på om lag 0,5 mill.

VURDERING

Kva skal til for å lukkast med å ta imot flyktningar ? Klarar Masfjorden kommune å stilla opp med dei kvalitetar og ressursar som gjer det mogeleg for flyktningar å finna seg til rette her? Kan kommunen sjå på at så mange vert sitjande i asylmottak etter at dei har fått opphaldsløyve, utan at kommunane er i stand til å ta i mot dei?

Det må gjerast eit godt og grundig forarbeid på alle område, både i forhold til bustad, språk- og arbeidsopplæring og anna aktivitet. Lokalsamfunnet må informerast og gjerast i stand til å vera aktivt med slik at det vert ein positiv prosess og godt resultat. Masfjorden kommune har erfaring med å ta imot flyktningar frå perioden 2000/2001. Gruppa vart då utvalt i samarbeid med flyktningemottaket slik at vi kunne ta imot personar og familiar vi trudde ville finne seg til rette i Masfjorden. Erfaringa tilseier at det er ei krevjande oppgåve å sikre stabilitet og trivsel for desse gruppene. Det er også forskjellig frå å vere flyktning og frå ein heilt annan kultur. Det at kommunen er så liten, kan gje like mange fordelar som ulemper på korleis ein klarar å få til eit godt integreringsarbeid. Uansett vil det krevja ein stor innsats å få til ein vellukka prosess med opptil 15 nye innbyggjarar. Førespurnaden gjeld 15 personar, men tilbakemeldinga kan vere heilt annleis – frå 0 til 15!

Mottak av flyktningar vil kunne representere positiv tilvekst, men generere få arbeidsplassar. Det vert tilrådd å samle språkopplæring for fleire kommunar. Slik det er i dag, har Lindås kommune opplæring for Lindås, Radøy og Meland. Ein flyktningekonsulent som motor i arbeidet trengs, iallfall for ein periode. Moglegheiter og utfordningar for lokalt næringsliv ligg i å få arbeidskraft, då praktisk språkopplæring og integrering i arbeidsliv må vere ein del av pakken.

Slik situasjonen er i dag, er det bustadutfordringa som kanskje er størst. Det er få husvære ledige, både privat og kommunalt, og ein ev. byggeprosess tek tid. Det vert tilrådd at dersom det er einslege flyktningar, vil det vere praktisk å busetje i ein form for bufellesskap. Arbeidsmarknaden er begrensa, og med dei krav som ligg til grunn i integreringsordninga, vil det krevjast ein betydeleg innsats. Økonomien i mottak av flyktningar er fastlagt, og gjev ikkje veldig stort handlingsrom.

Med samla vurdering av dei ulike sider i saka, ser det ut som dette kan bli i overkant stor utfordring for oss, og i tillegg ei økonomisk uvisse.

KONKLUSJON

Masfjorden kommune vurderer det slik at det ikkje er mogeleg å ta imot opptil 15 flyktingar i perioden 2012-2014.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	06.11.2012	107/12	Frank Kvinge
Kommunestyret	11.12.2012	110/12	Frank Kvinge

Arkiv: N-113, N-215

Arkivsaknr.: 12/656

SAK 110/12 - ELEV- OG LAGSBETALING I KULTURSKULEN 2013

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Elevbetalinga i Masfjorden kulturskule vert ståande uendra, kr. 2000,- pr år.
Søskenmoderasjon vert 33,3 % som i dag.
2. Sal av timar til lag vert ståande uendra :
Born og ungdom kr. 250,- pr time
Vaksne lag ” 350,- pr time

Finansiering

Heimel

FS-107/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Elevbetalinga i Masfjorden kulturskule vert ståande uendra, kr. 2000,- pr år.
Søskenmoderasjon vert 33,3 % som i dag.
2. Sal av timar til lag vert ståande uendra :
Born og ungdom kr. 250,- pr time
Vaksne lag ” 350,- pr time

Det skjedde i Formannskapet den 06.11.2012:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-110/12 VEDTAK I KOMMUNESTYRET:

1. Elevbetalinga i Masfjorden kulturskule vert ståande uendra, kr. 2000,- pr år.
Søskenmoderasjon vert 33,3 % som i dag.
2. Sal av timar til lag vert ståande uendra :
Born og ungdom kr. 250,- pr time
Vaksne lag ” 350,- pr time

Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2012:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN/ FAKTA

Elevbetalinga i Masfjorden kulturskule vart frå 01.01.12 auka frå kr 1800 til kr 2000, ein auke på 11, 1%.

Elevane si undervisningstid er mellom 20 og 60 minutt pr. veke (individuell opplæring - gruppe).

Elevbetalinga utgjer for 2012 kr. 302000.

Samanlikna med nabokommunane ligg Masfjorden i nedre sjikt når det gjeld elevbetaling.

Masfjorden kr. 2000

Lindås kr. 2750

Meland kr. 2600

Austrheim kr. 1920

Radøy kr. 2800

Fedje kr. 2100

Lagsbetalinga

Kor, korps og grupper kjøper dirigent- og instruktørtjenester gjennom kulturskulen.

Ordninga sikrar ryddige tilsetjingstilhøve for dirigentar og instruktørar.

For skuleåret 2012-13 utgjer kjøpet om lag 1 årsverk.

Lagsbetalinga utgjer for 2012 kr. 287000. Utover dette dekkar laget reiseutgifter for dirigent/instruktør.

Frå 01.01.11 vart det gjort eit kraftig hopp i satsane, frå kr. 200 til kr. 250 for barne- og ungdomslag (25% auke) og frå kr. 250 til kr 350 for lag med vaksne medlemmer (40% auke).

VURDERING

Elevbetalinga i Masfjorden kulturskule bør stå uendra i høve til inneverande år, sett på bakgrunn av den høge auken frå 2012. Elevane i kulturskulen er dessutan gode ambassadørar for kommunen, og det er viktig å halda elevbetalinga på eit rimeleg nivå for å sikra ei god rekruttering til tilboda i kulturskulen.

Laga er bærebjelken i det lokale kulturlivet, og for kommunen må det vera viktig å leggja best mogleg til rette for at laga har rammevilkår for utvikling.

Laga merkar den store prisauken frå 2011 ” på kroppen” og satsane for sal av tenester til lag har nådd ei smertegrense. Fleire lag har ma pga lågare barnetal i kommunen hatt mindre rekruttering, noko som medfører at færre medlemmer må stå for innhenting av midlar til laget, og i neste omgang slitasje. Frå lagshald har det og kome innspel om at verken kommunale kulturmidlar eller kommunale VO-midlar har auka i takt med prisauken på kjøp av kommunale tenester gjennom kulturskulen.

På bakgrunn av den store prisauken i 2011 bør ein enno venta eit år før ein vurderer ytterlegare auke i satsane.

KONKLUSJON

Elev- og lagsbetalinga i Masfjorden kulturskule blir uendra for 2013.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	06.11.2012	111/12	Alf Strand
Kommunestyret	11.12.2012	111/12	Alf Strand

Arkiv: N-212.314

Arkivsaknr.: 12/687

SAK 111/12 - ELEVBETALING IDRETTSSKULEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Elevbetalinga i idrettsskulen vert auka med 5% til kr 420 pr skuleår gjeldande frå hausten 2013.

Finansiering

Er lagt inn i budsjettet for 2013.

Heimel

§1 Reglement for Masfjorden kommunestyre

FS-111/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Elevbetalinga i idrettsskulen vert auka med 5% til kr 420 pr skuleår gjeldande frå hausten 2013.

Det skjedde i Formannskapet den 06.11.2012:

Ragnvald Tangedal, Ap, sa at det gjev ikkje noko godt signal å auka elevbetalinga i høve til at me skal få flest mogleg barn til å gå på idrettsskulen.

Rådgjevar Alf Strand sa at prisen er veldig rimeleg, slik at ein auke på 5 % ikkje vil bety så mykje.

Røysting:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-111/12 VEDTAK:

Elevbetalinga i idrettsskulen vert auka med 5% til kr 420 pr skuleår gjeldande frå hausten 2013.

Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2012:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN/ FAKTA/ VURDERING

Frå hausten 2012 har elevbetalinga i idrettsskulen vore kr 400 pr. elev pr. skuleår. Dette er framleis eit rimeleg tilbod. Kvar elev i idrettsskulen får eit aktivitetstilbod i 2 skuletimar pr. veke, 76 timar pr. skuleår. Timeprisen vert såleis ganske låg. Lønsumgiftene i idrettsskulen aukar, og det nye opplegget for mellomsteget medfører òg auka utgifter til instruktørar og reiser.

KONKLUSJON

Elevbetalinga i idrettsskulen vert auka med 5 % til kr 420 pr. elev pr. skuleår frå hausten 2013.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	06.11.2012	105/12	Alf Strand
Kommunestyret	11.12.2012	112/12	Alf Strand

Arkiv: N-113, N-211

Arkivsaknr.: 12/642

SAK 112/12 - BARNEHAGESATSAR 2013

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Barnehagesatsane i Masfjorden vert auka med 5 % frå 1. april 2013. Ein fulltids plass vil då kosta kr 2200 pr. månad. Syskenmoderasjonen vert som før, 30% for barn nr. 2 og 50% for 3. barn.

Finansiering

Vert lagt inn i budsjettet.

Heimel

§1 Reglement for Masfjorden kommunestyre

FS-105/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Barnehagesatsane i Masfjorden vert auka med 5 % frå 1. april 2013. Ein fulltids plass vil då kosta kr 2200 pr. månad. Syskenmoderasjonen vert som før, 30% for barn nr. 2 og 50% for 3. barn.

Det skjedde i Formannskapet den 06.11.2012:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-112/12 VEDTAK:

Barnehagesatsane i Masfjorden vert auka med 5 % frå 1. april 2013. Ein fulltids plass vil då kosta kr 2200 pr. månad. Syskenmoderasjonen vert som før, 30% for barn nr. 2 og 50% for 3. barn.

Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2012:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN/ FAKTA/VURDERING

Barnehagesatsane i Masfjorden vart auka med 5% frå 1. april 2012. Ein heildagsplass kostar no kr 2095 pr. mnd. Syskenmoderasjonen vart samstundes sett til 30% for 2. barn og 50% for 3. barn.

Staten finansierer ikkje lenger drift og etablering av nye barnehageplassar gjennom øyremerka tilskot. Tilskota til barnehagar ligg inne i rammetilskotet til kommunane.

I budsjettarbeidet for 2013 legg me til grunn ei generell løns- og prisstigning på 3,5 %.

Masfjorden kommune har dei seinare åra hatt ein visjon om at me skal ha full barnehagedekning og at satsane våre skal liggja under maksprisen.

Maksprisen er pr. i dag 2330 kr pr. mnd. Rådmannen meiner at me ut frå diskusjonen i kommunestyret i fjor at bør halda oss under maksprisen også i 2013. Å auka barnehageprisen med 5 % vil gje barnehagane kr 80000 i auka inntekter. Det kjem vel med, for kommunen sine utgifter til drift av barnehagar har auka mykje dei siste åra, og foreldrebetalinga utgjer no berre om lag 15 % av kostnadene. .

KONKLUSJON

Barnehagesatsane i Masfjorden vert auka med 5 % frå 1. april 2013. Ein fulltidsplass vil då kosta kr 2200 pr. månad. Syskenmoderasjonen vert som før, 30% for barn nr. 2 og 50% for 3. barn.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	06.11.2012	106/12	Alf Strand
Kommunestyret	11.12.2012	113/12	Alf Strand

Arkiv: N-113, N-212.31

Arkivsaknr.: 12/644

SAK 113/12 - FORELDREBETALING SFO

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

SFO-satsane vert auka med 3,5 % frå 1. april 2013.

Dei nye satsane er:

T.o.m 5,9 timar pr. veke	kr 475,- pr. mnd.
6,0 - 9,9 timar	kr 950,-
10,0 – 13,9 timar	kr 1310,-
14 timar og over	kr 1905,-

Søskenmoderasjon er: 30 % for andre barn
50 % for tredje barn

Finansiering

Er innarbeidd i budsjettframlegget

Heimel

§ 1 Reglement for Masfjorden kommunestyre

FS-106/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

SFO-satsane vert auka med 3,5 % frå 1. april 2013.

Dei nye satsane er:

T.o.m 5,9 timar pr. veke	kr 475,- pr. mnd.
6,0 - 9,9 timar	kr 950,-
10,0 – 13,9 timar	kr 1310,-
14 timar og over	kr 1905,-

Søskenmoderasjon er: 30 % for andre barn
50 % for tredje barn

Det skjedde i Formannskapet den 06.11.2012:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-113/12 VEDTAK:

SFO-satsane vert auka med 3,5 % frå 1. april 2013.

Dei nye satsane er:

T.o.m 5,9 timar pr. veke	kr 475,- pr. mnd.
6,0 - 9,9 timar	kr 950,-
10,0 – 13,9 timar	kr 1310,-
14 timar og over	kr 1905,-

Søskenmoderasjon er: 30 % for andre barn
 50 % for tredje barn

Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2012:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN/ FAKTA

SFO-satsane skal vedtakast av kommunestyret i samband med budsjetthandsaminga kvart år. Betalingsatsane i SFO vart sist endra med verknad frå 1. april 2012. Auken var på 3,5 % og førte til følgjande satsar:

T.o.m. 5,9 t/v	kr 460,-
6,0 t t.o.m. 9,9 t	” 920,-
10.0 t t.o.m. 13,9 t	” 1265,-
14 timar og over	” 1840,-

Søskenmoderasjon er: 30 % for andre barn
 50 % for tredje barn

VURDERING

Det var auke i SFO-satsane med 3,5 % frå 2011 til 2012. I budsjettarbeidet i år er det òg lagt til grunn ein prisauke på 3,5 %. Ein auke i SFO-satsane på 3,5 % er såleis på linje med den generelle prisstigninga.

KONKLUSJON

SFO-satsane vert auka med 3,5 % frå 1. april 2013.

Dei nye satsane er:

T.o.m 5,9 timar	kr 475,-
6,0 - 9,9 timar	kr 950,-
10,0 – 13,9 timar	kr 1310,-
14 timar og over	kr 1905,-

Søskenmoderasjon er:	30 % for andre barn
	50 % for tredje barn

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	06.11.2012	113/12	Alf Strand
Kommunestyret	11.12.2012	114/12	Alf Strand

Arkiv: N-212.31

Arkivsaknr.: 12/698

SAK 114/12 - SOMMARSTENGD SFO

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

SFO i Masfjorden skal frå og med 2013 halda stengt 3 veker samanhengande om sommaren.

Finansiering

Innanfor budsjett 2013

Heimel

§1 Reglement for Masfjorden kommunestyre

FS-113/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

SFO i Masfjorden skal frå og med 2013 halda stengt 3 veker samanhengande om sommaren.

Det skjedde i Formannskapet den 06.11.2012:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-114/12 VEDTAK:

SFO i Masfjorden skal frå og med 2013 halda stengt 3 veker samanhengande om sommaren.

Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2012:

Saka vart drøfta.

Geir Egil Haugsvær, Sp, sette fram **utsettingsframlegg på saka** då dette vil ha samanheng med sommarstengd i barnehagen.

Rådgjevar Alf Strand sa at budsjett 2013 har lege ute til offentleg ettersyn i 6 veker, slik at dei som ville skulle ha hatt god moglegheit til å setta seg inn i saka.

Bjørn Egil Nordland spurde om me kan be administrasjonen om å utgreia forskjellige alternativ i høve barnehage SFO?

Høgre ba om gruppemøte.

Røysting på utsettingsframlegget frå Sp:

Utsettingsframlegget frå Sp fekk 7 røyster og fall. (Ap, Frp og Sp)

Det vart så røysta over tilrådinga frå formannskapet.

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Spørsmålet om sommarstengd SFO har kome opp for fullt i samband med budsjettarbeidet for 2013 og heng saman med at rådmannen gjer framlegg om at barnehagane våre skal halda stengt 3 veker om sommaren.

Det viser seg at det generelt sett er fåe born som bruker SFO om sommaren. Me har hatt ei ordning der SFO-borna får sitt SFO-tilbod i barnehagen når det er fåe born påmelde. Dette har ført til at SFO har vore mindre brukt om sommaren. Det er òg vanskeleg å gje borna eit godt nok tilbod når det er så fåe born som kjem. SFO må ha ei bemanning som samsvarar med talet på påmelde born, det vil seia at der må minst vera 2 tilsette til stades sjølv om det kjem svært få born. Sommaropen SFO er på den måten eit dyrt tilbod som ikkje vert nytta av særleg mange.

VURDERING

Dersom ein skal få i hamn eit balansert budsjett, må ein sjå på alle tiltak som kan gje innsparing i utgiftene. Det er førebels ikkje rekna nøyaktig på kva ein kan spara inn på å ha SFO stengt 3 veker om sommaren, men ein kan sjå føre seg ei innsparing på 50.000 – 100.000 kr. Dei tilsette i SFO må då ta tre av ferievekene sine i den tida SFO er stengt.

KONKLUSJON

SFO på skulane i Masfjorden skal frå og med 2013 halda stengt 3 veker samanhengande om sommaren.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	06.11.2012	108/12	Alf Strand
Kommunestyret	11.12.2012	115/12	Alf Strand

Arkiv: N-211

Arkivsaknr.: 12/657

SAK 115/12 - SOMMARSTENGD BARNEHAGE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Barnehagane i Masfjorden skal frå og med 2013 halda stengt 3 veker samanhengande om sommaren. Vedtektene §9 pkt 5 må endrast tilsvarande.

Finansiering

Er lagt inn i budsjettet for 2013.

Heimel

FS-108/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Barnehagane i Masfjorden skal frå og med 2013 halda stengt 3 veker samanhengande om sommaren. Vedtektene §9 pkt 5 må endrast tilsvarande.

Det skjedde i Formannskapet den 06.11.2012:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-115/12 VEDTAK:

Barnehagane i Masfjorden skal frå og med 2013 halda stengt 3 veker samanhengande om sommaren. Vedtektene § 9 pkt 5 må endrast tilsvarande.

Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2012:

Det vart delt ut skriv med innspel til sak om sommarstengd barnehage frå:

- Foreldrerådet i Indre Masfjorden barnehage v/ Erlend Haugsvær dagsett 29.11.12
- Thor Erik Sæther og Mette Remmen, dagsett 05.12.12
- Samarbeidsutvalet ved Indre Masfjorden barnehage, dagsett 06.12.12.

Rådgjevar Alf Strand orienterte og sa at det ville vera ein meirkostnad på ca 200.000 å ikkje stenga barnehagen i tre veker.

Frode Langhelle, H, ba om gruppemøte.

Saka vart drøfta.

Frode Langhelle, H, vil ikkje utsetja saka og går for rådmannen formannskapet si tilråding. Høgre ber om at ordninga vert evaluert årleg.

Nytt framlegg til vedtak frå Ap v/Bjørn Egil Nordland:

Barnehagane informerer foreldra om at ein held fram med sommaropne barnehagar. Dersom det ikkje møter fram born i barnehagen om sommaren vil ein ta ska opp att.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet og framlegget frå Ap vart røysta mot einannan.

Formannskapet si tilråding vart vedteke med 12 røyster mot 5 røyster (Frp, Sp, og ein frå Høgre)

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN/ FAKTA

Spørsmålet om sommarstengd barnehage har kome opp for fullt i samband med budsjettarbeidet for 2013. Dei seinare år har barnehagane våre halde ope heile sommaren. Dette er fastlagt i vedtektene, § 9. Foreldra melder borna på, slik at styrar frå 1. mai har eit oversyn over kva tid borna skal ha sommarferie og kva tid dei kjem i barnehagen. Barna skal ha minst 3 veker samanhengande sommarferie, jfr. vedtektene §9, pkt. 4. Det viser seg at sommaropen barnehage er mykje mindre brukt i praksis enn på papiret. Det vil seia at foreldra melder frå om at borna har bruk for barnehageplass dei og dei dagane, men så kjem dei ikkje likevel. Barnehagen må ha ei bemanning som samsvarar med talet på påmelde born, det vil seia at der må minst vera 2 tilsette til stades sjølv om det kjem svært få born. Sommaropen barnehage er på den måten eit dyrt tilbod som ikkje vert nytta av særleg mange.

VURDERING

Dersom ein skal få i hamn eit balansert budsjett, må ein sjå på alle tiltak som kan gje innsparing i utgiftene. Rådmannen har rekna ut at ein kan spare inn om lag kr 100.000 på å ha barnehagen stengd 3 veker om sommaren. Dei tre barnehagane treng ikkje halda stengt dei same vekene, slik at borna som har bruk for det, kan få eit tilbod, jfr. vedtektene § 9.pkt. 5.

KONKLUSJON

Barnehagane i Masfjorden skal frå og med 2013 halda stengt 3 veker samanhengande om sommaren. §9 i vedtektene må endrast tilsvarande.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	06.11.2012	109/12	Alf Strand
Kommunestyret	11.12.2012	116/12	Alf Strand

Arkiv: N-211

Arkivsaknr.: 10/60

SAK 116/12 - VEDTEKTER FOR BARNEHAGANE I MASFJORDEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vedtektene for barnehagane i Masfjorden vert endra slik frå og med barnehageåret 2013-14: §6 pkt. d skal lyda slik: Hovudopptaket vert gjort i mars månad og skjer etter retningslinjer for samordna opptak. Dersom ein har ledige plassar, tek ein opp nye søkjarar fortløpande i barnehageåret så langt ein kan gjera det utan å auka bemanninga.

Finansiering Heimel

FS-109/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Vedtektene for barnehagane i Masfjorden vert uendra og § 6 pkt. d skal lyda slik:

Hovudopptaket vert gjort i mars månad og skjer etter retningslinjer for samordna opptak. Dersom ein har ledige plassar, tek ein opp nye søkjarar fortløpande i barnehageåret.

Det skjedde i Formannskapet den 06.11.2012:

Det var berre fire personar tilstades under handsaming av denne saka.

Marit Steinestø, KrF, sette fram slikt endringsframlegg:

Vedtektene for barnehagane i Masfjorden vert uendra og paragraf 6 d) slik:

Hovudopptaket vert gjort i mars månad og skjer etter retningslinjer for samordna Opptak. Dersom ein har ledige plassar, tek ein opp nye søkjarar fortløpande i barnehageåret.

Grunngjeving:

Løpande opptak gjennom året har vore ein del av Masfjorden kommune sin barnehagepolitikk. Det skal vera lett å få barnehageplass i Masfjorden. Dette er og eit viktig verkemiddel for å nå målet om folketalsauke. Skal me halda fram å vera ein kommune med folketalsauke må me kunna tilby barnehageplass til dei som flyttar hit

Vil og visa til samfunnsdelen side 16:

”Prioriterte område, kvalitetar vi satsar på og utviklar vidare.

Gode oppvekstmiljø

Me har trygge lokalsamfunn, full barnehagedekning, gode fritidstilbod, og gode skular som leverer svært gode læringsresultat, og har gode skulemiljø...”

Og side 25:

”Tenkjer du å etablera deg på ein nye stad? Du kan finna det gode livet i Masfjorden.

Vi har gode og trygge barnehagar, og alle får plass”.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart røysta opp mot KrF sitt endringsframlegg.

KrF sitt framlegg vart samrøystes vedteke. (4 røyster)

KS-116/12 VEDTAK:

Vedtektene for barnehagane i Masfjorden vert uendra og

§ 6 pkt. d skal lyda slik:

Hovudopptaket vert gjort i mars månad og skjer etter retningslinjer for samordna opptak. Dersom ein har ledige plassar, tek ein opp nye søkjarar fortløpande i barnehageåret.

Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2012:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	15.12.2009	Utdanningsforbundet Masfjorden v/HTV Ørjan Valestrand	Framlegg til endring av vedtekter for kommunale barnehagar i Masfjorden
3	U	12.03.2010	Barnehagane v/ styrar	Vedtekter for barnehagane - melding om vedtak

BAKGRUNN/ FAKTA

Vedtektene for barnehagane i Masfjorden §6 seier m.a. dette om opptak:

d) Hovudopptaket vert gjort i mars månad og skjer etter retningslinjer for samordna opptak. Dersom ein har ledige plassar, tek ein opp nye søkjarar fortløpande i barnehageåret.

Denne paragrafen i vedtektene har vore brukt i større og mindre grad avhengig av søkjartalet. Men alle barnehagane har teke opp nye barn gjennom året. Det har som regel ført til at bemanninga må aukast då det som regel berre er nok tilsette i ein barnehage til å ta seg av det talet barn ein har etter hovudopptaket. Eit barn under 3 år eller to born over 3 år vil t.d utløysa 33% stilling i tillegg. Viss dette ikkje er kjent når budsjettet vert sett opp, vil det føra til overforbruk av lønsmidlar i løpet av året. Berre ein liten del av det vert dekkja av foreldrebetalinga. Opptak av born etter hovudopptaket har alt gitt oss ein auke i utgiftene på rundt 200000 kr i 2013.

VURDERING

Løpande opptak gjennom året har vore ein del av Masfjorden kommune sin barnehagepolitikk. Det skal vera lett å få barnehageplass i Masfjorden. Men dette har ei økonomisk side som det er nødvendig å ta omsyn til.

Lindås kommune har òg løpande opptak gjennom året, men då berre så langt det let seg gjera utan å auka bemanninga.

KONKLUSJON

§6 i vedtektene for barnehagane i Masfjorden bør endrast frå og med barnehageåret 2013-14 slik at ein berre kan ta opp nye born gjennom barnehageåret dersom ein kan gjera det utan å auka bemanninga.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	06.11.2012	110/12	Alf Strand
Kommunestyret	11.12.2012	117/12	Alf Strand

Arkiv: N-212.04

Arkivsaknr.: 12/624

SAK 117/12 - RAMMETIMETAL 2013-14

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen vil fremja rammetimetallet for skuleåret 2013-14 for alle tre skulane slik det no ligg føre og innafør vedteke budsjett 2013.

1. Det endelege rammetimetallet for skuleåret 2013-14 vert fastsett innanfor dei vedtekne rammene for budsjettet 2013 til 773 t/v.
2. Timane skal dekkja:
 - a) Timar etter fag- og timebyteplan
 - b) Delingstimar
 - c) Kontaktlærartenesta
 - d) Sosialpedagogiske tenester/rådgjeving
 - e) Timar til spesialpedagogiske tilleggsressursar etter søknad i skulen og førskulealder (§5-1 i Opplæringslova)
 - f) Spesialpedagogiske timar til vaksne
3. I tillegg kjem timetalet til morsmålsundervisning og norskopplæring for framandspråklege.
4. Timane etter fag- og timebyteplan og sosialpedagogiske tenester/rådgjeving vert fordelte av rådmannen til skulane i samsvar med vedlagde utgreiing.
5. Rådmannen får fullmakt til å gjera nødvendige overføringar av lønsmidlar mellom skulane som ein konsekvens av vedteke rammetimetale.
6. Rådmannen får fullmakt til å følgja opp rammetimetallet og gjera mindre endringar innanfor vedtekne budsjetttrammer for oppvekstsektoren dersom det oppstår nye/uføresette brukarbehov.

Finansiering

Innanfor budsjett 2013

Heimel

Delegeringsreglementet kap IV, pkt. E 6

KS-117/12 VEDTAK :

Rådmannen vil fremja rammetimetalet for skuleåret 2013-14 for alle tre skulane slik det no ligg føre og innafør vedteke budsjett 2013.

1. Det endelege rammetimetalet for skuleåret 2013-14 vert fastsett innanfor dei vedtekne rammene for budsjettet 2013 til 773 t/v.
2. Timane skal dekkja:
 - a) Timar etter fag- og timebyteplan
 - b) Delingstimar
 - c) Kontaktlærartenesta
 - d) Sosialpedagogiske tenester/rådgjeving
 - e) Timar til spesialpedagogiske tilleggsressursar etter søknad i skulen og førskulealder (§5-1 i Opplæringslova)
 - f) Spesialpedagogiske timar til vaksne
3. I tillegg kjem timetalet til morsmålsundervisning og norskopplæring for framandspråklege.
4. Timane etter fag- og timebyteplan og sosialpedagogiske tenester/rådgjeving vert fordelte av rådmannen til skulane i samsvar med vedlagde utgreiing.
5. Rådmannen får fullmakt til å gjera nødvendige overføringar av lønsmidlar mellom skulane som ein konsekvens av vedteke rammetimetale.
6. Rådmannen får fullmakt til å følgja opp rammetimetalet og gjera mindre endringar innanfor vedtekne budsjetttrammer for oppvekstsektoren dersom det oppstår nye/uføresette brukarbehov.

Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2012:

Tove Kristin S. Tistel, V, synte til innspel i formannskapet frå Frode Langhelle om at det bør settast i gong ein prosess med å utgreia felles ungdomsskule i Masfjorden.

Rådgjevar Alf Strand spurde om bestillinga av sak om felles ungdomsskule, og om det er noko tidsperspektiv på kva tid denne saka skal vera utgreidd? Ein må ha eit meir konkret ynskje frå kommunestyret kva som skal liggja i dette.

Frode Langhelle, H, sa at det som er tenkt er at ein skal ta dette oppatt i formannskapet for å konkretisera ei bestilling til kommunestyret.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

FS-110/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Rådmannen vil fremja rammetimetalet for skuleåret 2013-14 for alle tre skulane slik det no ligg føre og innafør vedteke budsjett 2013.

1. Det endelege rammetimetalet for skuleåret 2013-14 vert fastsett innanfor dei vedtekne rammene for budsjettet 2013 til 773 t/v.
2. Timane skal dekkja:
 - a) Timar etter fag- og timebyteplan
 - b) Delingstimar
 - c) Kontaktlærartenesta
 - d) Sosialpedagogiske tenester/rådgjeving
 - e) Timar til spesialpedagogiske tilleggsressursar etter søknad i skulen og førskulealder (§5-1 i Opplæringslova)
 - f) Spesialpedagogiske timar til vaksne
3. I tillegg kjem timetalet til morsmålsundervisning og norskopplæring for framandspråklege.
4. Timane etter fag- og timebyteplan og sosialpedagogiske tenester/rådgjeving vert fordelte av rådmannen til skulane i samsvar med vedlagde utgreiing.
5. Rådmannen får fullmakt til å gjera nødvendige overføringar av lønsmidlar mellom skulane som ein konsekvens av vedteke rammetimetal.
6. Rådmannen får fullmakt til å følgja opp rammetimetalet og gjera mindre endringar innanfor vedtekne budsjettammer for oppvekstsektoren dersom det oppstår nye/uføresette brukarbehov.

Det skjedde i Formannskapet den 06.11.2012:

Ragnvald Tangedal møtte som vara for AP frå og med denne saka.

Frode Langhelle, H, tok til orde for at det bør settast i gong ein prosess med å utgreia ein felles ungdomsskule i Masfjorden.

Formannskapet drøfta saka og ber om at administrasjonen set i gong ein prosess der samanslåing av ungdomsskulane i Masfjorden vert utgreidd og at dette kjem opp som eiga sak.

Røysting:

Framlegg til vedtak om rammetimetalet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
3	I	19.10.2012	Rektorane på skulane	Rammetimetal for Matre, Nordbygda og Sandnes skule

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Rammetimetalet har vore gjennomarbeidd av rektorane i samband med budsjettprosessen. Rektorane har sett opp framlegg til rammetimetal for eigen skule i samsvar med tildelt budsjetttramme. Rådmannen har deretter handsama rammetimetalet med vekt på å få til ei likeverdig tildeling mellom skulane. Oversyn over rektorane sine framlegg og rådmannen sin gjennomgang ligg ved. Lønsbudsjettet for kvar skule vil deretter bli sett opp med bakgrunn i vedteke rammetimetal.

HØYRING

Rektorane har hatt rådmannen sitt framlegg ute til høyring.

FAKTA/ VURDERING

Utviklinga av rammetimetal dei siste åra

Skuleår	Rammetimetal	Elevtal
2003-04	799	254
2004-05	750	243
2005-06	777,5	241
2006-07	796,5	234
2007-08	796,5	225
2008-09	790	223
2009-10	768	225
2010-11	770	221
2011-12	760	208
2012-13	773	202
2013-14	773	202

Rådmannen legg i sitt framlegg opp til at rammetimetalet for skuleåret 2013-2014 er uendra i høve til det skuleåret me no er inne i. Timetalet til spesialundervisning går ned, men det er auke i klassetalet på Nordbygda skule, slik at rammetimetalet der aukar. Som det går fram av tabellen ovanfor, er elevtalet det same neste skuleår som i år.

Rådmannen prøver også komande skuleår å leggja opp til å bruka forholdsvis mange timar i småskulen. Dette er i samsvar med den vekt sentrale styresmakter legg på tidleg tiltak og auka lærartettleik i småskulen, og rådmannen finn det rett å prioritera desse årsstega. Rektorane kan òg fordela delingstimane på dei klassestega dei meiner dei vil koma best til nytte.

Tabellen viser at nedgangen i elevtalet kanskje er i ferd med å stansa opp. Det blir spennande å følgja med på utviklinga for åra framover. Sjølv om elevtalet går ned, vil det ikkje gjera stort utslag på klassetalet, då det er grenser for kor mange elevar me kan ha i ein klasse der fleire enn to årskull går saman. Nordbygda skule får ein klasse meir neste skuleår.

KONKLUSJON

Rådmannen vil fremja rammetimetalet for skuleåret 2013-14 for alle tre skulane slik det no ligg føre og innafør vedteke budsjett 2013.

1 Det endelege rammetimetalet for skuleåret 2013-14 vert fastsett innanfor dei vedtekne rammene for budsjettet 2013 til 773 t/v.

2 Timane skal dekkja:

a) Timar etter fag- og timebyteplan

b) Delingstimar

c) Kontaktlærartenesta

d) Sosialpedagogiske tenester/rådgjeving

e) Timar til spesialpedagogiske tilleggsressursar etter søknad i skulen og førskulealder (§5-1 i Opplæringslova)

f) Spesialpedagogiske timar til vaksne

3 I tillegg kjem timetalet til morsmålsundervisning og norskopplæring for framandspråklege.

4 Timane etter fag- og timebyteplan og sosialpedagogiske tenester/rådgjeving vert fordelte av rådmannen til skulane i samsvar med vedlagde utgreiing.

5 Rådmannen får fullmakt til å gjera nødvendige overføringar av lønsmidlar mellom skulane som ein konsekvens av vedteke rammetimetal.

6 Rådmannen får fullmakt til å følgja opp rammetimetalet og gjera mindre endringar innanfor vedtekne budsjetttrammer for oppvekstsektoren dersom det oppstår nye/uføresette brukarbehov.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	04.12.2012	117/12	Alf Strand
Kommunestyret	11.12.2012	118/12	Alf Strand

Arkiv: N-101.5

Arkivsaknr.: 10/783

SAK 118/12 - KOMMUNEDELPLAN FOR IDRETT OG FYSISK AKTIVITET- HANDLINGSPLAN FOR 2013

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek følgjande handlingsplan for anlegg i 2013:

A Ordinære anlegg

1. Matre symjebasseng
2. Kunstgras på idrettsbana på Matre
3. Lysløype/turveg på Sleire
4. Turveg Amundsbotn – Sandnes barnehage
5. Turveg Haugsvær – Matre
6. Kunstdekke på løpebane Nordbygda
7. Vidare utbygging alpinalegg Stordalen, klubbhus
8. Fleirbrukshall

Planføresetnader til handlingsprogrammet:

Prioritet 2, 3, 4, 5, 6 og 7 vert finansiert privat, vurdert kommunal støtte.

Prioritet 1 og 8 er kommunale tiltak

B Nærmiljøanlegg

1. Matre skule, fritidspark
2. Nordbygda skule, fritidspark
3. Ballbinge på Andvik
4. Miniatyrskyttebane, Nordbygda
5. Vidare utvikling nærmiljøanlegg Sandnes skule
6. Turløype ved sentralidrettsanlegget
7. Orienteringskart for områda rundt skulane

Planføresetnader til handlingsprogrammet:

Prioritet 1, 2, 3 og 5 vert finansiert privat, med kommunen som drifts- og vedlikehaldsansvarleg.

Prioritet 7 vert finansiert i eit samarbeid mellom kommunen, idrettsrådet, idrettslaga, turlaga, næringslivet og grunneigarar.

Prioritet 4 og 6 vert finansiert privat, vurdert kommunal støtte.

Finansiering

KS-118/12 VEDTAK :

Kommunestyret vedtek følgjande handlingsplan for anlegg i 2013:

A Ordinære anlegg

1. Matre symjebasseng
2. Kunstgras på idrettsbana på Matre
3. Lysløype/turveg på Sleire
4. Turveg Amundsbotn – Sandnes barnehage
5. Turveg Haugsvær – Matre
6. Kunstdekke på løpebane Nordbygda
7. Vidare utbygging alpinalegg Stordalen, klubbhus
8. Fleirbrukshall

Planføresetnader til handlingsprogrammet:

Prioritet 2, 3, 4, 5, 6 og 7 vert finansiert privat, vurdert kommunal støtte.

Prioritet 1 og 8 er kommunale tiltak.

B Nærmiljøanlegg

1. Matre skule, fritidspark
2. Nordbygda skule, fritidspark
3. Ballbinge på Andvik
4. Miniatyrskyttebane, Nordbygda
5. Vidare utvikling nærmiljøanlegg Sandnes skule
6. Turløype ved sentralidrettsanlegget
7. Orienteringskart for områda rundt skulane

Planføresetnader til handlingsprogrammet:

Prioritet 1, 2, 3 og 5 vert finansiert privat, med kommunen som drifts- og vedlikehaldsansvarleg.

Prioritet 7 vert finansiert i eit samarbeid mellom kommunen, idrettsrådet, idrettslaga, turlaga, næringslivet og grunneigarar.

Prioritet 4 og 6 vert finansiert privat, vurdert kommunal støtte.

Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2012:

Saka vart drøfta.

Frode Langhelle, H, sa at laga i Masfjorden bidrar veldig mykje med dugnad. Idrettsrådet jobbar seriøst.

Ser at rådmannen har omprioritert litt i høve framlegget frå idrettsrådet.

Høgre gjer framlegg om prioriteringa som idrettsrådet har gjort blir vedtekel.

Alf Strand orienterte om framlegget i høve idrettsrådet sitt framlegg. Idrettsrådet er ein høyringsinstans. Det er kommunestyret som avgjer.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vert røysta opp mot Høgre sitt framlegg:

Formannskapet si tilråding vart vedteke med 11 røyster mot 6 (Høgre)

FS-117/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Kommunestyret vedtek følgjande handlingsplan for anlegg i 2013:

A Ordinære anlegg

1. Matre symjebasseng
2. Kunstgras på idrettsbana på Matre
3. Lysløype/turveg på Sleire
4. Turveg Amundsbotn – Sandnes barnehage
5. Turveg Haugsvær – Matre
6. Kunstdekke på løpebane Nordbygda
7. Vidare utbygging alpinalegg Stordalen, klubbhus
8. Fleirbrukshall

Planføresetnader til handlingsprogrammet:

Prioritet 2, 3, 4, 5, 6 og 7 vert finansiert privat, vurdert kommunal støtte.

Prioritet 1 og 8 er kommunale tiltak.

B Nærmiljøanlegg

1. Matre skule, fritidspark
2. Nordbygda skule, fritidspark
3. Ballbinge på Andvik
4. Miniatyrskyttebane, Nordbygda
5. Vidare utvikling nærmiljøanlegg Sandnes skule
6. Turløype ved sentralidrettsanlegget
7. Orienteringskart for områda rundt skulane

Planføresetnader til handlingsprogrammet:

Prioritet 1, 2, 3 og 5 vert finansiert privat, med kommunen som drifts- og vedlikehaldsansvarleg.

Prioritet 7 vert finansiert i eit samarbeid mellom kommunen, idrettsrådet, idrettslaga, turlaga, næringslivet og grunneigarar.

Prioritet 4 og 6 vert finansiert privat, vurdert kommunal støtte.

Det skjedde i Formannskapet den 04.12.2012:

Rådgjevar Alf Strand møtte til denne saka.

Saka vart drøfta og det vart stilt spørsmål.

Røysting:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	U	22.10.2010	Idrettsrådet	Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2007-2010, handlingsplan 2011
4	I	23.11.2010	Risnes Idrettslag v/Aud Berit Sleire	Innspel til kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet.
5	U	20.12.2010	Fleire mottakarar	Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet, handlingsplan for 2011 - melding om vedtak
6	U	07.01.2011	Hordaland fylkeskommune	Søknader om spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2011
7	U	24.01.2011	Pensjonistlaga	Kommuneplan for idrett og fysisk aktivitet til høyring
8	I	16.02.2011	Berit Torsvik	Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet - ber om tilbakemelding på traceval under pkt 8
9	U	22.02.2011	Berit Torsvik	Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet - traceval under pkt 8
15	I	28.02.2011	Arbeidsgruppa for symje- og idrettshall v/Helge Haukeland	Høyringsuttale kommunedelplan for idrett i Masfjorden
10	I	03.03.2011	Morten og Monika Gullaksen	Meknad til plan for Idrett og fysisk aktivitet 2011-2014
11	I	03.03.2011	Nordbygda pensjonistlag v/Astrid Birkeland	Uttale til kommuneplan for idrett og fysisk aktivitet
12	I	04.03.2011	Tove Kristin og Vidar Sleire Tistel	Høyringsuttale kommunedelplan idrett og fysisk aktivitet
16	I	04.03.2011	Indre Masfjorden pensjonistlag v/Ragnhild Hope	Merknad til kommuneplan for idrett og fysisk aktivitet
13	I	06.03.2011	Masfjord Fotballag v/John Torsvik	Høyringsuttale til kommunedelplan for idrett 2011-2014
14	I	07.03.2011	Frøysetvågen skyttarlag	Høyringsuttale kommunedelplan for idrett 2011-2014
17	I	07.03.2011	Nordhordland Turlag v/styret	Høyringsuttale til kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet
20	I	08.03.2011	Hordaland Fylkeskommune	Innspel til ny kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet
18	I	14.03.2011	Hordalandl fylkeskommune	Innspel til ny kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet i Masfjorden
19	I	15.03.2011	Masfjordnes pensjonistlag v/Olav J. Kvinge	Innspel til kommunedelplan for idrett- og fysisk aktivitet
21	I	29.03.2011	Idrettsrådet i Masfjorden v/John Torsvik	Høyringsuttale til kommunedelplan for idrett og innstilling kulturmidlar
26	U	19.12.2011	Fleire mottakarar	Melding om vedtak - Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet, handlingsplan 2012
28	I	13.11.2012	Idrettsrådet i Masfjorden v/leiar	Referat frå møte i idrettsrådet, Masfjorden

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

I møte 8/12 2011 vedtok kommunestyret følgjande prioriteringsliste for 2012:

A Ordinære anlegg

1. Miniaturskytebane Sandnes, elektroniske skiver
2. Matre symjebasseng
3. Kunstgras på treningsfelt Nordbygda idrettsanlegg
4. Lysløype/turveg på Sleire
5. Vidare utbygging alpinanlegg Stordalen, her under klubbhus
6. Fleirbrukshall
7. Kunstgras på idrettsbana på Matre
8. Kunstdekke på løpebane på sentralidrettsanlegget

Planføresetnader til handlingsprogrammet:

Prioritet 1, 3, 4, 5, 7 og 8 vert finansiert privat, vurdert kommunal støtte.

Prioritet 2 og 6 er kommunale tiltak

B Nærmiljøanlegg

1. Matre skule, fritidspark
2. Krøllgras på bane, Sandnes
3. Nordbygda skule, fritidspark
4. Miniaturskytebane, Nordbygda
5. Ballbinge på Sørsida
6. Vidare utvikling nærmiljøanlegg Sandnes skule
7. Turløype ved sentralidrettsanlegget
8. Orienteringskart for områda rundt skulane

Planføresetnader til handlingsprogrammet:

Prioritet 1, 2, 3 og 6 vert finansiert privat, med kommunen som drifts- og vedlikehaldsansvarleg.

Prioritet 8 vert finansiert i eit samarbeid mellom kommunen, idrettsrådet, idrettslaga, turlag, næringslivet og grunneigarar.

Prioritet 4, 5 og 7 vert finansiert privat, vurdert kommunal støtte.

Det må no utarbeidast ei ny oppdatert prioriteringsliste som skal følgja med når det blir søkt om spelemidlar til anlegg i 2013.

HØYRING/ UTTALE

Saka har vore til høyring i Idrettsrådet, som har kome med følgjande prioriteringsliste:

A ORDINÆRE ANLEGG

- 1 Matre symjebasseng
- 2 Kunstgras på Matre idrettsbane
- 3 Lysløype/turveg på Sleire
- 4 Turveg Amundsbotn – Sandnes barnehage
- 5 Turveg Haugsvær – Matre
- 6 Vidare utbygging alpinanlegg i Stordalen/klubbhus
- 7 Fleirbrukshall
- 8 Kunstdekke på løpebane i Nordbygda

B NÆRMILJØANLEGG

- 1 Nordbygda skule, fritidspark
- 2 Ballbinge på Sørsida, Andvik
- 3 Matre skule, fritidspark
- 4 Miniatyrskyttebane Nordbygda
- 5 Sandnes skule, nærmiljøanlegg
- 6 Turløype ved Nordbygda idrettsanlegg
- 7 Orienteringskart rundt skulane

FAKTA/VURDERING/KONKLUSJON

I januar 2012 vart det søkt om spelemidlar til desse anlegga:

- 1 Fjon miniatyrskyttebane – elektroniske skiver
- 2 Matre symjebasseng
- 3 Kunstgras på treningsfelt sentralidrettsanlegget
- 4 Kunstgras på grusbane, Sandnes skule

Ein fekk tilsagn om spelemidlar til Fjon miniatyrskyttebane, kunstgras på treningsfelt sentralidrettsanlegget og kunstgras på grusbana Sandnes skule, men ikkje til Matre symjebasseng.

Søknaden om spelemidlar til symjebassenget kan fornyast i 2013 og anlegget vil truleg komma til løyving då.

Det er framleis ventetid på spelemidlar. Kommunestyret bør halda høg prioritet på dei anlegga som nærmar seg å komma i posisjon til å få midlar.

Ut frå dette, og med bakgrunn i prioriteringane i kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet og innspela frå Idrettsrådet, vil rådmannen tilrå følgjande prioriteringsliste for 2013:

A Ordinære anlegg

1. Matre symjebasseng
2. Kunstgras på idrettsbana på Matre
3. Lysløype/turveg på Sleire
4. Turveg Amundsbotn – Sandnes barnehage
5. Turveg Haugsvær – Matre
6. Kunstdekke på løpebane Nordbygda
7. Vidare utbygging alpinanlegg Stordalen, klubbhus
8. Fleirbrukshall

Planføresetnader til handlingsprogrammet:

Prioritet 2, 3, 4, 5, 6 og 7 vert finansiert privat, vurdert kommunal støtte.

Prioritet 1 og 8 er kommunale tiltak

B Nærmiljøanlegg

1. Matre skule, fritidspark
2. Nordbygda skule, fritidspark
3. Ballbinge på Sørsida
4. Miniatyrskyttebane, Nordbygda
5. Vidare utvikling nærmiljøanlegg Sandnes skule
6. Turløype ved sentralidrettsanlegget
7. Orienteringskart for områda rundt skulane

Planføresetnader til handlingsprogrammet:

Prioritet 1, 2, 3 og 5 vert finansiert privat, med kommunen som drifts- og vedlikehaldsansvarleg.

Prioritet 7 vert finansiert i eit samarbeid mellom kommunen, idrettsrådet, idrettslaga, turlag, næringslivet og grunneigarar.

Prioritet 4 og 6 vert finansiert privat, vurdert kommunal støtte.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	06.11.2012	114/12	Gerd Allis Håheim
Kommunestyret	11.12.2012	119/12	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-113	Arkivsaknr.: 12/705
--------------	---------------------

SAK 119/12 - EIGENBETALING PLEIE- OG OMSORG 2013

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Eigenbetaling heimhjelp/praktisk hjelp i heimen:

Grunnlag (1G =) 82.122 Pr 1. mai 2012	Inntektsramme	Satsar pr/time	Pris pr mnd	Auke %
Inntil 2 G utgiftstak på	0 – 164.244		170,-	0
2G - 3 G «	164.244 – 246.366	56,-	581,-	0
3 G - 4 G «	246.366 – 328.488	73,-	733,-	0
4 G - 5 G «	328.488 – 410.610	109,-	1092,-	0
over 5 G «	410.610 -----	145,-	1456,-	0

2. Satsar for kortidsopphald institusjon:

- kr. 133,- pr.døgn, inntil 60 døgn pr. år.
- Ved opphald utover dette betalar ein som for fast plass.
- For fast dagplass betalar ein kr. 70,-
- Fribelegget før berekning av vederlag for langtidsopphald i institusjon vert sett til kr. 6.800,-.

3. Husleige i omsorgsbustader vert kr 5.357,- pr. mnd. (uendra frå 2009 og 2010 og 2012. For 2011 var det ein auke på 3,5 %)

4. Matombringning/sal av mat:

- Kr. 60- pr middag m/dessert, levert frå Masfjorden sjukeheim
- Kr. 75- pr middag stor porsjon levert frå Masfjorden sjukeheim
- Kr. 35,- pr. frukost frå Masfjorden sjukeheim

(satsane har vore uendra frå 2010 og 2011 og 2012)

5. Eigenbetaling for tryggleiksalarm vert auka til kr. 262,- pr mnd for 2013. Fritak for minstepensjonistar.

KS-119/12 VEDTAK :**1. Eigenbetaling heimhjelp/praktisk hjelp i heimen:**

Grunnlag (1G =) 82.122 Pr 1. mai 2012	Inntektsramme	Satsar pr/time	Pris pr mnd	Auke %
Inntil 2 G utgiftstak på	0 – 164.244		170,-	0
2G - 3 G «	164.244 – 246.366	56,-	581,-	0
3 G - 4 G «	246.366– 328.488	73,-	733,-	0
4 G - 5 G «	328.488 – 410.610	109,-	1092,-	0
over 5 G «	410.610 -----	145,-	1456,-	0

2. Satsar for kortidsopphald institusjon:

- kr. 133,- pr.døgn, inntil 60 døgn pr. år.
- Ved opphald utover dette betalar ein som for fast plass.
- For fast dagplass betalar ein kr. 70,-
- Fribeløpet før berekning av vederlag for langtidsopphald i institusjon vert sett til kr. 6.800,-.

3. Husleige i omsorgsbustader vert kr 5.357,- pr. mnd.

(uendra frå 2009 og 2010 og 2012. For 2011 var det ein auke på 3,5 %)

4. Matombringning/sal av mat:

Kr. 60- pr middag m/dessert, levert frå Masfjorden sjukeheim

Kr. 75- pr middag stor porsjon levert frå Masfjorden sjukeheim

Kr. 35,- pr. frukost frå Masfjorden sjukeheim

(satsane har vore uendra frå 2010 og 2011 og 2012)

5. Eigenbetaling for tryggleiksalarm vert auka til kr. 262,- pr mnd for 2013.

Fritak for minstepensjonistar.

Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2012:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

FS-114/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:1. Eigenbetaling heimhjelp/praktisk hjelp i heimen:

Grunnlag (1G =) 82.122 Pr 1. mai 2012	Inntektsramme	Satsar pr/time	Pris pr mnd	Auke %
Inntil 2 G utgiftstak på	0 – 164.244		170,-	0
2G - 3 G «	164.244 – 246.366	56,-	581,-	0
3 G - 4 G «	246.366 – 328.488	73,-	733,-	0
4 G - 5 G «	328.488 – 410.610	109,-	1092,-	0
over 5 G «	410.610 -----	145,-	1456,-	0

2. Satsar for kortidsopphald institusjon:

- kr. 133,- pr.døgn, inntil 60 døgn pr. år.
- Ved opphald utover dette betalar ein som for fast plass.
- For fast dagplass betalar ein kr. 70,-
- Fribelegget før berekning av vederlag for langtidsopphald i institusjon vert sett til kr. 6.800,-.

3. Husleige i omsorgsbustader vert kr 5.357,- pr. mnd.

(uendra frå 2009 og 2010 og 2012. For 2011 var det ein auke på 3,5 %)

4. Matombringning/sal av mat:

Kr. 60- pr middag m/dessert, levert frå Masfjorden sjukeheim
 Kr. 75- pr middag stor porsjon levert frå Masfjorden sjukeheim
 Kr. 35,- pr. frukost frå Masfjorden sjukeheim

(satsane har vore uendra frå 2010 og 2011 og 2012)

5. Eigenbetaling for tryggleiksalarm vert auka til kr. 262,- pr mnd for 2013.

Fritak for minstepensjonistar.

Det skjedde i Formannskapet den 06.11.2012:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	19.10.2012	Hjelp 24 as	Varsel om prisregulering på tryggleiksalarmar gjeldande frå 01.01.2012

- Brev dagsett 21.12.2011 frå Helse- og omsorgsdepartementet
- Brev dagsett 23.10.2012 frå Hjelp 24 om prisregulering på tryggleiksalarm frå 01.01.2013

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Helse- og omsorgsdepartementet opplyser i brev av 22.12.2011 om blant anna Samhandlingsreforma og nye forskrifter.

Satsane for eigenbetaling i pleie og omsorgstenestene skal vedtakast årleg i samband med budsjettvedtak. I pleie og omsorgstenestene er delar av eigenbetalingssatsane fastsett ved forskrift sentralt. Dette gjeld eigenbetaling for opphald i sjukeheim, betaling for medisin, transport osv.

Det har ikkje kome melding frå sentralt hald om nye satsar for 2013. Rådmannen legg difor satsane frå 2012 til grunn.

Utsnitt frå departementet sitt brev av 21.12.2011:

3. Egenandler for kommunale helse- og omsorgstjenester

Helse- og omsorgsdepartementet vedtok 16. desember 2011 forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester. Regelverket for egenandeler videreføres i all hovedsak. I forskriften presiseres det at det ikke kan kreves egenandel for døgnplasser som kommunen oppretter for å sørge for tilbud om døgnopphold for øyeblikkelig hjelp.

Med bakgrunn i Prop. 1 S (2011-2012) for Helse- og omsorgsdepartementet og Stortingets vedtak, gjøres følgende endringer i fribeløp og egenandeler for kommunale helse- og omsorgstjenester fra 1. januar 2012:

”For korttidsopphold på institusjon endres den maksimale egenandelen kommunen kan kreve av tjenestemottaker fra kroner 129 til kroner 133 per døgn. For det enkelte dag- eller nattopphold på institusjon endres den maksimale egenandelen kommunen kan kreve fra tjenestemottaker fra kroner 68 til kroner 70. Fribeløpet før beregning av vederlag for langtidsopphold i institusjon settes til kroner 6800.

Når det gjelder egenandel per måned for hjemmetjenester i husholdninger med inntekt under 2 G endres dette fra kroner 165 til kroner 170.”

Saksutgreiing:

Heimetenester

Staten har fastsett at det ikkje er høve til å krevje eigenbetaling for heimesjukepleie. For heimehjelp/praktisk bistand i heimen er det sett maksimalsatsar etter inntektsnivå hjå brukaren/husstand.

Satsar for husleige i omsorgsbustader

Satsane for husleige i omsorgsbustadene er til vanleg justert årleg i samband med vurdering av pleie og omsorgstenestene. Tiltaket omsorgsbustader er formelt ein del av pleie og omsorgstenestene. Husleiga kan ikkje aukast fyrste året for dei som bur i omsorgsbustad/kommunal bustad. (jfr. husleigelova)

Eldrerådet hadde i førre periode husleige i omsorgsbustader på saklista fleire gonger og rådde då til at husleiga i omsorgsbustader ikkje vert auka. Husleiga har vore uendra i 2009, 2010 og 2012. I 2011 var det ein auke på 3,5 %. Husleiga var i 2012 kr. 5102,- pr måned.

Framlegg frå rådmannen:

Husleiga vert auka med 5 % sett til kr. 5.357,-.

Satsar for korttidsopphald institusjon for 2012

Jfr. brev dagsett 21.12.2011 frå Helse- og omsorgsdepartementet vert eigendelen for:

Korttidsopphald auka til kr. 133 pr døgn.

(ingen auke frå 2012)

For dag- og nattopphald vert eigendelen føreslegen auka til kr. 70,- pr dag/natt.

(ingen auke frå 2012)

Fribeløpet før berekning av vederlag for langtidsopphald i institusjon vert sett til kr. 6.800,-.

(ingen auke frå 2012)

Framlegg frå rådmannen for 2013:

Korttidsopphald vert sett til kr. 133 pr døgn.

Satsar for dag og nattopphald vert sett til kr 70 pr dag/natt.

Fribeløpet før berekning av vederlag for langtidsopphald vert sett til kr. 6.800.

Satsane for matombringning for år 2012

Kr. 57 - pr middag m/dessert, levert frå Masfjorden sjukeheim

Kr. 68,- pr middag for stor porsjon

Kr. 31,- pr. frukost frå Masfjorden sjukeheim

Satsane har vore uendra i 2005, 2006, 2007 og 2008, men auka med kr. 5,- for 2009.

Satsane vart ikkje auka for 2010 og 2011 og 2012

Framlegg frå rådmannen for 2013:

Satsane for matombringning vert justert opp for 2013.

Kr. 60 pr middag m/dessert

Kr. 75 pr middag for stor porsjon

Kr. 35 for frukost

Tryggleiksalarm

Tryggleiksalarm var i 2012 kr. 250,-

Jfr. skriv frå Hjelp24 om prisregulering på tryggleiksalarmar, gjer rådmannen gjer framlegg om ein auke på 5 % til kr. 262.

I budsjettet for 2008 vart det gjort vedtak om fritak for minstepensjonistar.
Rådmannen gjer framlegg om fritak for minstepensjonistar vert oppretthalde.

KONKLUSJON

Sjå framlegg til vedtak.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	04.12.2012	119/12	Terje Kallekleiv
Kommunestyret	11.12.2012	120/12	Terje Kallekleiv

Arkiv: N-113, N-57	Arkivsaknr.: 12/704
--------------------	---------------------

SAK 120/12 - KOMMUNALE AVGIFTER FOR 2013 - VATN - AVLAUP - SLAM OG FEIING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Gebyrsatsar (eks mva.) for 2013 i Masfjorden kommune for Vatn, avløp, feiing og slamtømming vert som følgjer:

Vatn, avlaup, feiing og slam

Kortnavn	(Rev. avg.) 2013	2012	Endr. %	Nordhordland 2012		
				Gj.snitt	Min	Maks
Avgifter - Årsgebyr						
Opprydding ureina grunn basert på timepris						
Vassavgift						
Årsavgift for bustad	5 000,0	4 600,0	8,70	3 500	2 211	5 302
Årsavgift for fritidsbustad	5 000,0	4 000,0	25,00	3 584	3 320	3 848
Tilknytingsavgift	17 000,0	16 400,0	3,66	13 742	4 074	23 737
Sakshandsamingsgebyr pbl	4 700,0	4 500,0	4,44			
Fastavgift vassmålar	2 000,0	1 840,0	8,70			
Vatn inn, pris pr. m ³	14,0	12,4	12,90	14	11	17
Avløp						
Årsavgift for bustad og fritidsbustad	2 800,0	2 700,0	3,70	3 389	2793	4948
Tilknytingsavgift	21 000,0	20 500,0	2,44	15 457	2908	29211
Vatn ut, pris pr. m ³	14,0	12,4	12,90	13	5,29	19,26
Slamtømming	890,0	890,0	0,00	1 080	838	1500
Feiing / brannsyn	355,0	340,0	4,41	428	302	644

Heimel

Forureiningslova §25, §34

Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg §3

Forskrift om brannførebyggjande tiltak og tilsyn §7-5

FS-119/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Gebyransattar (eks mva.) for 2013 i Masfjorden kommune for Vatn, avløp, feiing og slamtømming vert som følgjer:

Vatn, avlaup, feiing og slam

Avgifter - Årsgebyr				Nordhordland 2012		
Kortnavn	(Rev. avg.) 2013	2012	Endr. %	Gj.snitt	Min	Maks
Opprydding ureina grunn basert på timepris						
Vassavgift						
Årsavgift for bustad	5 000,0	4 600,0	8,70	3 500	2 211	5 302
Årsavgift for fritidsbustad	5 000,0	4 000,0	25,00	3 584	3 320	3 848
Tilknytingsavgift	17 000,0	16 400,0	3,66	13 742	4 074	23 737
Sakshandsamingsgebyr pbl	4 700,0	4 500,0	4,44			
Fastavgift vassmålar	2 000,0	1 840,0	8,70			
Vatn inn, pris pr. m ³	14,0	12,4	12,90	14	11	17
Avløp						
Årsavgift for bustad og fritidsbustad	2 800,0	2 700,0	3,70	3 389	2793	4948
Tilknytingsavgift	21 000,0	20 500,0	2,44	15 457	2908	29211
Vatn ut, pris pr. m ³	14,0	12,4	12,90	13	5,29	19,26
Slamtømming	890,0	890,0	0,00	1 080	838	1500
Feiing / brannsyn	355,0	340,0	4,41	428	302	644

Det skjedde i Formannskapet den 04.12.2012:

Saka vart drøfta.

Det vart stilt spørsmål ved auken i vassavgift for fritidsbustad og for bustad.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen sa at sjølvkost på vatn ligg lågt i Masfjorden og at det er eit stort underskot.

Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

KS-120/12 VEDTAK:

Gebyransatsar (eks mva.) for 2013 i Masfjorden kommune for Vatn, avløp, feiing og slamtømming vert som følgjer:

Vatn, avlaup, feiing og slam

Avgifter - Årsgebyr				Nordhordland 2012		
Kortnavn	(Rev. avg.) 2013	2012	Endr. %	Gj.snitt	Min	Maks
Opprydding ureina grunn basert på timepris						
Vassavgift						
Årsavgift for bustad	5 000,0	4 600,0	8,70	3 500	2 211	5 302
Årsavgift for fritidsbustad	5 000,0	4 000,0	25,00	3 584	3 320	3 848
Tilknytingsavgift	17 000,0	16 400,0	3,66	13 742	4 074	23 737
Sakshandsamingsgebyr pbl	4 700,0	4 500,0	4,44			
Fastavgift vassmålar	2 000,0	1 840,0	8,70			
Vatn inn, pris pr. m ³	14,0	12,4	12,90	14	11	17
Avløp						
Årsavgift for bustad og fritidsbustad	2 800,0	2 700,0	3,70	3 389	2793	4948
Tilknytingsavgift	21 000,0	20 500,0	2,44	15 457	2908	29211
Vatn ut, pris pr. m ³	14,0	12,4	12,90	13	5,29	19,26
Slamtømming	890,0	890,0	0,00	1 080	838	1500
Feiing / brannsyn	355,0	340,0	4,41	428	302	644

Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2012:

Saka vart drøfta.

Janne Judith K. Sandnes, Frp, sette fram slikt framlegg til vedtak:

Kommunale avgifter knytt til vassavgifter, tilknytnings- og årsavgift aukar i samsvar med generell prisstigning og lønnsvekst med ca. 3,5 %.

Vigdis Søvik, Sp, sa at Sp går for tilrådinga frå formannskapet og vil be om at tidlegare vedtak om reforhandling av vassavtale med Gulen vert lagt fram for kommunestyret.

Kjetil Fjellby, H, spurde om kva vassavgifta har å sei for Masfjorden.

Rådmann Svein Helge Hofslundsen svarta at nettoeffekt er 150.000 i auka inntekter i kommunen.

Frode Langhelle, H, sa at ein bør vidareføra den løns- og prisveksten som er på vatn. Vil sterkt oppmoda administrasjonen om å gå i reforhandlingar med Gulen snarast.

Røysting:

Frp sitt framlegg fekk 8 røyster og fall. (Frp og Høgre)

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:


Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	30.10.2012	NGIR	Gebysatsar slam 2013 for Masfjorden kommune



BAKGRUNN

Dei kommunale avgiftene vert normalt justert årleg – og utgangspunktet er at kommunen skal søkje ein balanse der avgifter dekkar kostnader til investering, drift og vedlikehald av vassanlegg, avløpsanlegg, slamtøming og feiing.

FAKTA

Under følgjer ei oversikt over utviklinga i høve sjølvkost for vatn, avlaup og feiing dei siste åra:





VURDERING

Realiteten i høve til sjølvkost kjem tydeleg fram i den grafiske presentasjonen. Enkelte år er ikkje kommunen så langt unna sjølvkost for tenestene – men generelt er utviklinga ikkje i samsvar med sjølvkostprinsippet. Oppsamla underskot pr. 2011 er ca. kr. ÷16 mill. på vassforsyning, kr. ÷250 000,- på avløp og kr. ÷360 000,- på feietenesta. At vassforsyninga viser så dramatiske tal har samanheng med dei store investeringane som er gjort i nye anlegg i bustadfelt dei siste åra. Kommunen har ikkje justert vassavgifta tilsvarende denne utviklinga.

Justeringa som er foreslått for 2013 er i overkant av generell prisstigning. Det er reelt mogeleg å oppnå sjølvkost – iallfall innafor feiing og avløp (100% dekningsgrad). Sjølvkost innafor vassforsyninga er vanskeleg – og vil også framover vera ei utfordring. Ein dekningsgrad på 60 – 70% er realistisk om avgiftsnivået ligg nær eller litt i overkant av gjennomsnittet for kommunane i Nordhordland – noko som her er foreslått. Tilknytingsavgifta bør ikkje stige for mykje då nivået allereie er høgt samanlikna med nabokommunane og betydeleg auke kan få negative konsekvensar for nybygging.

Slamtøming:

Tenester frå NGIR står i ei litt anna stilling då sjølvkost ligg til grunn i avtalen NGIR har med den enkelte kommune. Ballanse i rekneskapen over tid er ein føresetnad. For 2013 vedtok representantskapet i NGIR å **ikkje endre gebyrsats for slam i 2013**. Dette fører til eit berekna underskot i høve til sjølvkost på kr. ÷ 283 000,-. Det er ikkje ein markant storleik i høve til sjølvkost for heile ansvarsområdet til NGIR. For å dekke opp underskotet vil NGIR nytte utjamningsfondet som pr. 31.12.2013 er berekna til kr. + 1 410 743,- (overskot frå tidlegare år). Administrasjonen rår difor til at gebyrsats for slam i Masfjorden kommune blir uendra for 2013:

Gebyr privat - tøming av slam: kr. 890,-

KONKLUSJON

Avgiftsnivået bør generelt liggje nær gjennomsnittet for Nordhordland. Administrasjonen si vurdering er at eit nivå på gebyr og avgifter som er gjennomsnittleg i forhold til omliggjande kommunar – sannsynleg ikkje vil ha merkbare konsekvensar for busetnad og tilflytting til kommunen. Skal nivået på gebyr/avgifter ha effekt i høve til busetnad og tilflytting må forskjellane vera dramatiske – og i tillegg vera godt kjent (evt. marknadsført). Masfjorden kommune bør over dei næraste åra normalisere sitt avgiftsnivå i høve til kommunane i Nordhordland.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	04.12.2012	120/12	Terje Kallekleiv
Kommunestyret	11.12.2012	121/12	Terje Kallekleiv

Arkiv: N-113	Arkivsaknr.: 12/746
--------------	---------------------

SAK 121/12 - GEBYRREGULATIV FOR TEKNISK SEKTOR FOR ÅR 2013 FOR MASFJORDEN KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Gebyrregulativ for teknisk sektor for år 2013 i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

Finansiering

Ingen kostnader utover sjølvkostprinsippet

Heimel

Går fram av framsida på gebyrregulativet

FS-120/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Gebyrregulativ for teknisk sektor for år 2013 i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

Det skjedde i Formannskapet den 04.12.2012:

Teknisk sjef Terje Kallekleiv var til stades under handsaming av denne saka,. Han sa at auken i gebyra ligg på ca 5 %.

Saka vart drøfta.

Lene Kvamsdal, H, spurde om gebyret på C.2.5 og C.3.3 ved Avvist eller mangelfull søknad var nødvendig. Ho meinte at kommunen må yta slik service første gongen ved mangelfull søknad blir det ikkje ilagt gebyr.

Kvamsdal vil koma med forslag til tekstdel om dette til kommunestyret.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-121/12 VEDTAK:

Gebyrregulativ for teknisk sektor for år 2013 i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2012:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	X	22.11.2012	Terje Kallekleiv	Vedlegg til gebyrsaka


SAKSUTGREIING:


BAKGRUNN

Masfjorden kommune har i dag eit generelt nivå på sine gebyr som ligg i underkant av gjennomsnittet for kommunane i regionen. Dei siste åra har gebyrsatsane i Masfjorden vorte meir normalisert i høve til dei andre kommunane i regionen. Gebyra vert juster kvart år i samband med budsjetthandsaminga.

FAKTA

På neste side følgjer ei oversikt over utviklinga i høve til sjølvkost for byggesak/delingsak og oppmåling (sjølvkostrekneskap for plansaker er ikkje utarbeidd).





VURDERING

Realiteten i høve til sjølvkost kjem tydeleg fram i den grafiske presentasjonen. Erfaring viser at det er svært utfordrande å oppnå "sjølvkost" innafor byggesak, deling, oppmåling og plansaker. Årsakene til dette er at sakene er få – og kommunen ønskjer dessutan å påverke busetjinga positivt og set difor betalingsatsane lågt.

Å oppnå sjølvkost innafor desse tenestene er difor urealistisk i Masfjorden kommune - isolert på grunn av liten saksmengde. Betalingsatsane bør likevel liggje gjennomsnittleg i høve til kommunane i Nordhordland elles - slik at underdekninga blir minst mogeleg. Eit nivå på gebyr og avgifter som er gjennomsnittleg i forhold til omliggjande kommunar - vil truleg ikkje ha merkbara konsekvensar for busetnad og tilflytting. Skal nivået på gebyr/avgifter ha effekt i høve til busetnad og tilflytting må forskjellane vera dramatiske – og i tillegg vera godt kjent (evt. marknadsført).

KONKLUSJON

Rådmannen rår til at gebyrregulativ for teknisk sektor i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	04.12.2012	121/12	Terje Kallekleiv
Kommunestyret	11.12.2012	122/12	Terje Kallekleiv

Arkiv: N-113, N-57	Arkivsaknr.: 12/702
--------------------	---------------------

SAK 122/12 - GEBYRSATSAR RENOVASJON 2013 FOR MASFJORDEN KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Renovasjonsgebyr for 2013 i Masfjorden kommune vert som følger:

Renovasjonsgebyr 2013	Rabatt/tillegg*	Utan heimek.	Med heimek.**
Restavfall kvar 4. veke, 140 liter	kr 320,00	kr 2 440,00	kr 2 040,00
Restavfall kvar 2. veke, 140 liter	Utgangspunkt	kr 2 760,00	kr 2 360,00
Restavfall kvar 2. veke, 240 liter	kr 320,00	kr 3 080,00	kr 2 680,00
Hytterrenovasjon		kr 1 380,00	

* Rabatt/tillegg for sjeldnare tøming / større dunk er oppgjeve utan mva. kr 320,00 + mva. = kr 400.

** Rabatt for heimekompostering er kr 400 utan mva / kr 500 med mva.

Heimel

Forureiningslova §35.

FS-121/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Renovasjonsgebyr for 2013 i Masfjorden kommune vert som følger:

Renovasjonsgebyr 2013	Rabatt/tillegg*	Utan heimek.	Med heimek.**
Restavfall kvar 4. veke, 140 liter	kr 320,00	kr 2 440,00	kr 2 040,00
Restavfall kvar 2. veke, 140 liter	Utgangspunkt	kr 2 760,00	kr 2 360,00
Restavfall kvar 2. veke, 240 liter	kr 320,00	kr 3 080,00	kr 2 680,00
Hytterrenovasjon		kr 1 380,00	

* Rabatt/tillegg for sjeldnare tøming / større dunk er oppgjeve utan mva. kr 320,00 + mva. = kr 400.

** Rabatt for heimekompostering er kr 400 utan mva / kr 500 med mva.

Det skjedde i Formannskapet den 04.12.2012:

Teknisk sjef Terje Kallekleiv var til stades under handsaming av saka.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS-122/12 VEDTAK:**Renovasjonsgebyr for 2013 i Masfjorden kommune vert som følgjer:**

Renovasjonsgebyr 2013	Rabatt/tillegg*	Utan heimek.	Med heimek.**
Restavfall kvar 4. veke, 140 liter	kr 320,00	kr 2 440,00	kr 2 040,00
Restavfall kvar 2. veke, 140 liter	Utgangspunkt	kr 2 760,00	kr 2 360,00
Restavfall kvar 2. veke, 240 liter	kr 320,00	kr 3 080,00	kr 2 680,00
Hytterrenovasjon		kr 1 380,00	

* Rabatt/tillegg for sjeldnare tøming / større dunk er oppgjeve utan mva. kr 320,00 + mva. = kr 400.

** Rabatt for heimekompostering er kr 400 utan mva / kr 500 med mva.

Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2012:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	30.10.2012	NGIR	Gebyr renovasjon for 2013

SAKSUTGREIING:**BAKGRUNN**

Masfjorden kommune har motteke gebyrvedtak gjort i NGIR sitt representantskap 29.10.2012 for gebyrsatsar 2013. Kommunen blir bedt om å vurdere satsane i vedtaket og sjølv fatte sitt vedtak vedr. gebyrsatsane for 2013.

FAKTA

NGIR skriv følgjande i si utgreiing:

"I økonomiplanen for 2012-2015 var det kalkulert med at renovasjonsgebyret skulle auka med 5,6 % frå 2012 til 2013. Med dei prognosar som no ligg føre vil det vera mogleg å halda renovasjonsgebyret uendra. Det er fleire årsaker til dette:

- *Tal kundar har auka litt meir enn budsjettert, slik at det vert fleire å dela faste kostnader på.*
- *Gjennomgong av forventa timeforbruk viser at timebruken på næringsavfall aukar noko, medan den går tilsvarande ned for hushaldsavfall.*
- *Gjennomgongen av forventa bruk av maskiner, bygg og anlegg viser at ein skal gjera ei lita endring i fordelinga av denne kostnaden i forhold til korleis den var fordelt i økonomiplanen slik at avskrivingskostnaden vert litt redusert for hushalda, medan den skal aukast for næringskundane."*

VURDERING

Representantskapet i NGIR har slik vedteke å **ikkje auke** gebyrsatsane frå 2012 til 2013. "Sjølvkostprinsippet" skal liggje til grunn utrekning av renovasjonsgebyret i dei representerte kommunane. For 2013 viser sjølvkostrekneskapet til NGIR eit berekna underskot på kr. ÷ 279 985,- og som NGIR vil dekke inn gjennom utjammingsfondet som pr. 31.12.2012 er forventa med eit resultat på + 476 283,-

KONKLUSJON

Rådmannen rår til at renovasjonsgebyret i Masfjorden kommune vert som følgjer:

Renovasjonsgebyr 2013	Rabatt/tillegg*	Utan heimek.	Med heimek.**
Restavfall kvar 4. veke, 140 liter	kr 320,00	kr 2 440,00	kr 2 040,00
Restavfall kvar 2. veke, 140 liter	Utgangspunkt	kr 2 760,00	kr 2 360,00
Restavfall kvar 2. veke, 240 liter	kr 320,00	kr 3 080,00	kr 2 680,00
Hytterrenovasjon		kr 1 380,00	

* Rabatt/tillegg for sjeldnare tøming / større dunk er oppgjeve utan mva. kr 320,00 + mva. = kr 400.

** Rabatt for heimekompostering er kr 400 utan mva / kr 500 med mva.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	04.12.2012	122/12	Ørnulf Lillestøl
Kommunestyret	11.12.2012	123/12	Ørnulf Lillestøl

Arkiv: N-113, N-138, N-332	Arkivsaknr.: 12/12
----------------------------	--------------------

SAK 123/12 - REGULERING AV HUSLEIGA I KOMMUNALE BUSTADER 2013

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Husleige for kommunale utleigebustader vert justert slik det framgår av tabell. Det er ved fastsetjing tatt høgde for storleik og standard på bustadene.

Husleigenivået er justert opp slik at dette samsvarar i større grad med reelle kostnader ved utbygging, samt at det skal verke motiverande for leigetakarane å etter ei tid etablere seg i eigen bustad. Det vert ikkje lagt inn prisjustering i budsjett 2013.

Ny husleige skal gjelda frå 01.04.2013.

Kategori	Stad:	Tal husvære	Kvadrat meter	Byggeår	Full leige pr 01.04.12 Ingen auke i 2012	Husleige pr 01.04.2012 (80 %)	Framlegg Full månadsleige pr 01.04.13	Framlegg Husleige 80 % frå 01.04. 2013
B	Matre	2	100	1978	6 925	5 540	7 425	5 940
B	Matre - Stien	4	80	1988	5 540	4 432	6 040	4 832
B	Nordbygda - Ytre Haugsdal	4	80	1989	5 540	4 432	6 040	4 832
C	Sandnes - nr 8	1	90	1968	6 232	4 986	5 000	4 000
	Sandnes - nr 9 og 13 er seld	1	95 og 100	1968	-	-	-	-
B	Sandnes nr 14 og 15	2	100	1983	6 925	5 540	7 425	5 940
B	Sandnes nr 18 A	1	80	1985	5 540	4 432	6 040	4 832
B	Sandnes nr 18 B	1	70		4 847	3 878	5 347	4 278
B	Sandnes nr 19 A	1	80	1985	5 540	4 432	6 040	4 832
B	Sandnes nr 19 B	1	70		4 847	3 878	5 347	4 278
C	Sandnes - Tippehuset	2	40	1966	2 770	2 216	2 000	1 600
C	Sandnes – Tippehuset	2	60	1966	4 155	3 324	4 000	3 200
C	Sandnes – Tanngarden nr 22	1	100	1978	6 925	5 540	5 000	4 000
A	Hosteland nye	4	81	2009	5 608	4 486	6 608	5 286
A	Sandnes nye utleigebustader -	2	120	2011	8 250	6 600	9 250	7 400
A	Sandnes nye utleigebustader -	3	91	2011	6 256	5 005	7 256	5 804
A	Sandnes nye m/loft	1	151	2011	10 381	8 305	11 381	9 105
A	Sandnes nye m/loft	1	114	2011	7 895	6 316	8 895	7 116

KS-123/12 VEDTAK :

Husleige for kommunale utleigebustader vert justert slik det framgår av tabell. Det er ved fastsetjing tatt høgde for storleik og standard på bustadene.

Husleigenivået er justert opp slik at dette samsvarar i større grad med reelle kostnader ved utbygging, samt at det skal verke motiverande for leigetakarane å etter ei tid etablere seg i eigen bustad. Det vert ikkje lagt inn prisjustering i budsjett 2013.

Ny husleige skal gjelda frå 01.04.2013.

Kategori	Stad:	Tal husvære	Kvadrat meter	Byggeår	Full leige pr 01.04.12 Ingen auke i 2012	Husleige pr 01.04.2012 (80 %)	Framlegg Full månads- leige pr 01.04.13	Framlegg Husleige 80 % frå 01.04. 2013
B	Matre	2	100	1978	6 925	5 540	7 425	5 940
B	Matre - Stien	4	80	1988	5 540	4 432	6 040	4 832
B	Nordbygda - Ytre Haugsdal	4	80	1989	5 540	4 432	6 040	4 832
C	Sandnes - nr 8	1	90	1968	6 232	4 986	5 000	4 000
	Sandnes - nr 9 er seld	1	95	1968	-	-	-	
	Sandnes - nr 13 seld	2	100	1982	-	-		
B	Sandnes nr 14 og 15	2	100	1983	6 925	5 540	7 425	5 940
B	Sandnes nr 18 A	1	80	1985	5 540	4 432	6 040	4 832
B	Sandnes nr 18 B	1	70		4 847	3 878	5 347	4 278
B	Sandnes nr 19 A	1	80	1985	5 540	4 432	6 040	4 832
B	Sandnes nr 19 B	1	70		4 847	3 878	5 347	4 278
C	Sandnes - Tippehuset	2	40	1966	2 770	2 216	2 000	1 600
C	Sandnes - Tippehuset	2	60	1966	4 155	3 324	4 000	3 200
C	Sandnes - Tanngarden nr 22	1	100	1978	6 925	5 540	5 000	4 000
A	Hosteland nye	4	81	2009	5 608	4 486	6 608	5 286
A	Sandnes nye utleigebustader -	2	120	2011	8 250	6 600	9 250	7 400
A	Sandnes nye utleigebustader -	3	91	2011	6 256	5 005	7 256	5 804
A	Sandnes nye m/loft	1	151	2011	10 381	8 305	11 381	9 105
A	Sandnes nye m/loft	1	114	2011	7 895	6 316	8 895	7 116

Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2012:

Jostein Duesund, Frp, spurde om han var ugild sidan han bur i ein av dei kommunale bustadane.

Kommunestyret gjorde vedtak om at Jostein Dusesund var gild.

Saka vart drøfta.

Tove Kristin S. Tistel, V, spurde om det nokre kategoriar ein bør kvitta seg med. Kunne tenkt seg ein plan på kommunale bustader både på vedlikehald og ev. avhending, slik at ein sit att med tenlege bustader.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

FS-122/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Husleige for kommunale utleigebustader vert justert slik det framgår av tabell. Det er ved fastsetjing tatt høgde for storleik og standard på bustadene.

Husleigenivået er justert opp slik at dette samsvarar i større grad med reelle kostnader ved utbygging, samt at det skal verke motiverande for leigetakarane å etter ei tid etablere seg i eigen bustad. Det vert ikkje lagt inn prisjustering i budsjett 2013.

Ny husleige skal gjelda frå 01.04.2013.

Kategori	Stad:	Tal husvære	Kvadrat meter	Byggeår	Full leige pr 01.04.12 Ingen auke i 2012	Husleige pr 01.04.2012 (80 %)	Framlegg Full månadsleige pr 01.04.13	Framlegg Husleige 80 % frå 01.04. 2013
B	Matre	2	100	1978	6 925	5 540	7 425	5 940
B	Matre - Stien	4	80	1988	5 540	4 432	6 040	4 832
B	Nordbygda - Ytre Haugsdal	4	80	1989	5 540	4 432	6 040	4 832
C	Sandnes - nr 8	1	90	1968	6 232	4 986	5 000	4 000
	Sandnes - nr 9 er seld	1	95	1968	-	-	-	
	Sandnes - nr 13 seld	2	100	1982	-	-		
B	Sandnes nr 14 og 15	2	100	1983	6 925	5 540	7 425	5 940
B	Sandnes nr 18 A	1	80	1985	5 540	4 432	6 040	4 832
B	Sandnes nr 18 B	1	70		4 847	3 878	5 347	4 278
B	Sandnes nr 19 A	1	80	1985	5 540	4 432	6 040	4 832
B	Sandnes nr 19 B	1	70		4 847	3 878	5 347	4 278
C	Sandnes - Tippehuset	2	40	1966	2 770	2 216	2 000	1 600
C	Sandnes – Tippehuset	2	60	1966	4 155	3 324	4 000	3 200
C	Sandnes – Tanngarden nr 22	1	100	1978	6 925	5 540	5 000	4 000
A	Hosteland nye	4	81	2009	5 608	4 486	6 608	5 286
A	Sandnes nye utleigebustader -	2	120	2011	8 250	6 600	9 250	7 400
A	Sandnes nye utleigebustader -	3	91	2011	6 256	5 005	7 256	5 804
A	Sandnes nye m/loft	1	151	2011	10 381	8 305	11 381	9 105
A	Sandnes nye m/loft	1	114	2011	7 895	6 316	8 895	7 116

Det skjedde i Formannskapet den 04.12.2012:

Saka vart drøfta.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	05.01.2012	Masfjorden kommune	Oversikt over husleige i kommunale gjennomgangsbustader pr 01.01.12

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Sak om husleigenivå på kommunale bustader var sist handsama for om lag 2 år sidan. I denne saka vart det belyst fleire sider som har og kan ha betydning for vurdering av husleigesatsane både i omsorgsbustadene og i utleigebustadene.

Oppsummering av momenta omtala i denne saka:

- Tilflyttingsmotivasjon. Husleigenivå må ta omsyn til at vi har som målsetjing å auke innbyggjartal.
- Nivå på lånerente. Husleigenivå må vere såpass høg at den stimulerar til at folk bygger eller kjøper hus.
- Husleige relatert til byggeår/standard. Det er synspunkt knytt til at husleiga i større grad må knytast til standard. No er dette kun knytt til kvm pris.
- Rekruttering av kommunalt tilsette. Husleigenivå som kan fungere som rekrutteringstiltak og leggje til rette for at vi kan konkurrere om arbeidskraft.
- Husleigenivå omsorgsbustader. Andel som får bustøtte. Samanlikningar med andre kommunar og eldrerådet sine innspel.

FAKTA

Argumenta og vurderingstema nytta for to år sidan er i stor grad også aktuelle i dag. Førre runde vart husleigenivået auka med 10 % og tid redusert frå 5 til 3 år for betaling av 80 %. Husleigesatsane i dag kjem fram av tabellen under.

Nye satsar som er føreslege er i høgre kolonne med full månadsleige.

Frå førre drøfting av saka vart det fremja eit ynskje om å også differensiere husleigenivå etter standard og byggeår. I tabellen under er det tatt høgde for dette og husværa er her delt opp i kategoriar etter standard.

Dei nyaste husværa på Hosteland og Sandnes har fått kategori A, dei fleste har fått kategori B medan dei med dårlegaste standard og vedlikehald har fått katgori C.

Ein gjer då framlegg om slik justering:

Kategori A + kr 1000 pr mnd, kategori B + kr. 500,- pr mnd. I kategori C har ein sett husleiga ned til ein høveleg sum etter standard.

I dette forslaget ligg ikkje den vanlege prisjusteringa som blir føreteke i samband med budsjettet. **NB. Det vart ikkje føreteke prisjustering for 2012.**

Kategori	Stad:	Tal husvære	Kvadrat meter	Byggeår	Full leige pr 01.04.12 Ingen auke i 2012	Husleige pr 01.04.2012 (80 %)	Framlegg Full månads- leige pr 01.04.13	Framlegg Husleige 80 % frå 01.04. 2013
B	Matre	2	100	1978	6 925	5 540	7 425	5 940
B	Matre - Stien	4	80	1988	5 540	4 432	6 040	4 832
B	Nordbygda - Ytre Haugsdal	4	80	1989	5 540	4 432	6 040	4 832
C	Sandnes - nr 8	1	90	1968	6 232	4 986	5 000	4 000
	Sandnes - nr 9 er seld	1	95	1968	-	-	-	
	Sandnes - nr 13 seld	1	100	1982	-	-		
	Sandnes - nr 13 K seld	1	60		-	-		
B	Sandnes nr 14 og 15	2	100	1983	6 925	5 540	7 425	5 940
B	Sandnes nr 18 A	1	80	1985	5 540	4 432	6 040	4 832
B	Sandnes nr 18 B	1	70		4 847	3 878	5 347	4 278
B	Sandnes nr 19 A	1	80	1985	5 540	4 432	6 040	4 832
B	Sandnes nr 19 B	1	70		4 847	3 878	5 347	4 278
C	Sandnes - Tippehuset	2	40	1966	2 770	2 216	2 000	1 600
C	Sandnes – Tippehuset	2	60	1966	4 155	3 324	4 000	3 200
C	Sandnes – Tanngarden nr 22	1	100	1978	6 925	5 540	5 000	4 000
A	Hosteland nye	4	81	2009	5 608	4 486	6 608	5 286
A	Sandnes nye utleigebustader -	2	120	2011	8 250	6 600	9 250	7 400
A	Sandnes nye utleigebustader -	3	91	2011	6 256	5 005	7 256	5 804
A	Sandnes nye m/loft	1	151	2011	10 381	8 305	11 381	9 105
A	Sandnes nye m/loft	1	114	2011	7 895	6 316	8 895	7 116

Sidan førre handsaming i kommunestyret er fylgjande endringar gjennomført når det gjeld utleige og omsorgsbustader:

5 einingar utleige er bygd i Nordbygda. 1 er seld slik at kommunen no disponerer 8 einingar i denne delen til ordinær utleige.

Det er bygd 4 omsorgsbustader og to avlastningsbustader slik at kommunen disponerer til saman 11 einingar til særskilte grupper.

Privatmarknad er anslått til 13-15 einingar.

5 einingar er bygd på Sørsida. 1 er seld slik at kommunen no disponerer 18 einingar i denne delen.

Det er 5 omsorgsbustader på sørsida.

Privatmarknad utleige er anslått til 3-5 einingar

Det er ikkje gjennomført endringar i Indrefjorden. Kommunen disponerar 6 einingar her. Det er oppført 10 omsorgsbustader der ein er nytta til kontorareal dvs 9 einingar.

Privatmarknad utleige 6-8 (+ 8 hyblar Havbrukstasjonen) I annan sak er det planlagt utbygging av bustader på Matre i privat regi med kommunal leigeavtale.

Husleige og kostnader

Ved fastsetjing av husleige vil også spørsmål om i kva grad husleigenivå samsvarar med kostnader til utbygging. Ein stor del av kommunen sine utleigebustader er nedbetalte og vi kan vurdere dette ved å sjå på all husleigeinntekt og samanhalde med alle kapital og vedlikehaldskostnader til bustadene eller vi kan ta utgangspunkt i eit eksempel.

Her nyttar vi utbygging av utleigeeiningar på Hosteland som eit eksempel.

Investering ca 1.500.000,-

Renter/avdrag: (20 år/3,5 %, serie, Husbank): Snitt løpetid 8750,-

Vedlikehald: (16 % av kapitalkostnader) 1400,-

I dette eksempelet er kostnad kring 10.000,- og husleige ca 5.600,-

Utanom nye bustader på Hosteland og Sandnes no, er alle over 20 år gamle. Det er ikkje, eller svært lite kapitalkostnader på desse noko som inneberer utgifter avgrensa til vedlikehald.

VURDERING

Rådmannen vurderer det slik at viktigaste omsynet ved fastsetjing av husleige er effekt for innbyggjartal i kommunen og rekruttering. Kommunen har over lang tid hatt ein relativt aktiv bustadpolitikk samanlikna med andre kommunar. Det kan nemnast at Gulen kommune har 8 utleigeeiningar, alle i Eivindvik. Husleiga der er mellom 6500,- og 4500,- pr mnd. Det er der ikkje butid eller endringar eller auke etter fastsett tid slik vi har hjå oss.

Bustadpolitikken er innretta slik at det er vektlagt å sikre at nyttilsette flyttar til kommunen ved tilsetjing, at tilsette som har budd her over tid held fram med det. Det har også vore eit moment å sikre at det totalt sett er tilstrekkeleg med utleigebustader til dei som ynskjer å leige. I stor grad er dette marknaden tredelt ved at folk etterspør bustad i den delen dei er frå eller arbeider.

Eit anna viktig moment er å sikre låg terskel for leige i kommunen for etter ei tid (no 3 år hjå oss) å auke husleiga slik at motivasjon for å kjøpe eller byggje sjølv aukar. Tanken har vore at utleigemarknaden alltid vil vere usikkert i ein kommune som Masfjorden, ein usikkerheit (og eit tap) kommunen må dekkje. Utleigemarknaden er då ein "føresetnad" for at folk vel å byggje nytt. Dette er ein sikrare marknad for private aktørar. På denne måten kan kommunen samarbeide med private aktørar.

Oppfatninga av at kommunen prisar utleige så lavt at det ikkje er muleg for andre å konkurrere er i periodar meir framtreande. Dette har vore diskutert no i samband med ei evt utbygging på Matre. Rådmannen vurderer det slik at dei positive effektane av å ha relativt låg husleige oppvegar ei muleg vanskeleggjering av utbygging av utleigebustader for private entreprenørar.

Fordeling av kommunale utleigebustader i høve den private marknaden kan ha utslag for i kva grad det er interesse for å leige ut eller bygge nye hus med utleigedel. Dette let seg vanskeleg dokumentere men vi ser at i den kommunedelen (sørsida) som har flest kommunale utleigeeiningar, er det færrest private som leiger ut. (18 kommunale og 3-5 private på sørsida).

Det er elles eit poeng å sikre at kommunale utleigebustader dekkjer dei tiltenkte føremåla som nemnt over. Eit verkemiddel for dette er å auke husleiga etter 3 år. Vi har no svært få som har lang butid i kommunal bustad, men markering av at kommunale utleigebustader skal vere mellombels kan forsterkast ytterlegare. Dette kan sikrast ved å leggje inn ein ytterlegare husleigeauke etter eks 6 år. Dette inneberer låg husleige/låg terskel for busetjing i kommunen i 3 år – auke i 3 år og ytterlegare auke etter 6 år med auke med 20 % etter 3 år og 20 % etter 6 år.

Omsorgsbustader

Argumenta for fastsetjing av husleige i desse bustadene er svært annleis enn i utleigebustadene. Føremålet med bustadene er ikkje å sikre rekruttering eller innbyggjartal, men å sikre eigna bustad for eldre og uføre. Som kjent har eldrerådet årleg bede om at husleigesatsane ikkje vert auka. Oftast er dette innvilga av kommunestyret i budsjetthandsaminga. Halvparten av bebuarane har bustøtte og andre halvparten har høgare trygd og/eller formue. Husleiga er no lik i alle bustadene og er på kr 5.103,-. Samanlikna med utleigebustadene er dette eit relativt høgt nivå og det bør vurderast om dette nivået bør ”frysast” i nokre år framover. Nivået er likevel ikkje vurdert å vere urimeleg og ligg lågare enn i mange av nabokommunane.

KONKLUSJON

Gjennomgang av husleigesatsane hausten 2011 knytt til bustadprosjekt på Einekavane, Matre – avdekka at kommunen med noverande lik m2 pris, kjem lågt ut med husleigesatsane for spesielt nyoppførde bustadar. No- situasjonen medfører at kommunen subsidierer husleigene mykje, og hindrar andre aktørar/private å komme på bana. Siktemålet må vere å redusere kommunal utleigevirke, og heller stimulere til meir privat utleige. Dette krev at husleigene må opp mot kostpris – for å sikre andre interessentar kjem på bana. Ein må likevel halde at litt bustadmasse til kommunal rekruttering/interesse. Ein tilrår difor at det vert arbeidd med individuell leigesatsar pr. eining ut i frå standard og tilnærming kostpris. Ordning med lik m2 pris vert oppheva. Kommunestyret vedtek ikkje endringar i husleigesatsane for kommunale utleigebustader no, men tek sikte på endringar frå 1.4.2013.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	06.11.2012	017/12	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	11.12.2012	124/12	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-102	Arkivsaknr.: 12/690
--------------	---------------------

SAK 124/12 - KRAFTFONDSBUDSJETTET FOR 2013

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Årsbudsjettet 2013 for Masfjorden kraftfond vert fastsett slik;

Inntekter:	Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-2 600 000
	Avdrag og rente utlån frå kraftfondet	-190 000
	Renteinntekter, fondsmidlane	-10 000
	Sum inntekter	-2 800 000
Utgifter:	Masfjordsambandet - brufond jf. KS 45/12	1 000 000
	LVK, regionrådet, m.fl. – tilskot/kontigent 2013	250 000
	Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div	200 000
	Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000
	Sertifikatorordninga	30 000
	Netto tilføring kommunen´s driftsbudsjett 32504	50 000
	Tilrettelegging bustadforemål	350 000
	Elevbedrift	10 000
	Andre næringstiltak - (GMU med 250.000)	250 000
	Kabelferja - vidare finansiering av utvida rutetilbod	37 000
	Etableringstilskot	160 000
	Frie fondsmidlar til fordeling	363 000
	Sum utgifter	2 800 000

2. tildeling av frie midlar frå kraftfondet skjer ved hovudfordeling med søknadsfrist 15. juni, og handsaming av kraftfondstyret i september. 2.tildeling med søknadsfrist 1.november og handsaming i desember. Det vert oppna for å ta opp hastesaker.

Finansiering

Budsjettframlegget er i balanse

Heimel

Vedtektene for kraftfondet

KRFT-017/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**1. Årsbudsjettet 2013 for Masfjorden kraftfond vert fastsett slik;**

Inntekter:	Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-2 600 000
	Avdrag og rente utlån frå kraftfondet	-190 000
	Renteinntekter, fondsmidlane	-10 000
	Refusjon Hordaland fylkeskommune	0
	Sum inntekter	-2 800 000
Utgifter:	Masfjordsambandet - brufond jf. KS 45/12	1 000 000
	LVK, regionrådet, m.fl. – tilskot/kontigent 2013	250 000
	Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div	200 000
	Informasjon/heimesida/Masfjordingen	0
	Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000
	Sertifikatordninga	30 000
	Netto tilføring kommunen´s driftsbudsjett 32504	50 000
	Tilrettelegging bustadføremål	350 000
	Elevbedrift	20 000
	Nuten, K-sak 53/11	
	Mjølkekvotar jf. vedtekne ordning	0
	Landbrukstiltak	0
	Andre næringstiltak - (GMU med 250.000)	250 000
	Kabelferja - vidare finansiering av utvida rutetilbod	37 000
	Etableringstilskot	160 000
	Frie fondsmidlar til fordeling	353 000
	Sum utgifter	2 800 000

2. tildeling av frie midlar frå kraftfondet skjer ved hovudfordeling med søknadsfrist 15. juni, og handsaming av kraftfondstyret i september. 2.tildeling med søknadsfrist 1.november og handsaming i desember. Det vert opna for å ta opp hastesaker.

Det skjedde i Kraftfondsstyret den 06.11.2012:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om kraftfondsbudsjettet.

Kraftfondstyret brukte mykje tid på GMU, og drøfta m.a. søknad om ekstra støtte 2012 og auka løyvingar til GMU 2013 og framover som kjem som eiga sak i desember.

Elevbedrift vart drøfta, kor Kraftfondstyret bad om ei orientering om elevbedrift til neste møte.

Pkt. 12 – kabelferja og løyving → sjekke ut status med skyss.

Kommuneplan, samfunnsdelen – næring, delmål 1 & 2 – mykje innfridd, med ikkje 3.kulepunkt (utviklingsstipend på kr., 150.000,-) m.a. grunna i prioritering bru. Stipend utgjer no 40.000 i kraftfondsvedtektene.

Endringsframlegg KrF, auke elevbedrift med 10.000 til 20.000, og redusere frie fondsmidlar til fordeling med 10.000 til 353.000,-.

Røysting:

Budsjettframlegget for 2013 med endringsframlegg til KrF vart samrøystes vedteke som innstilling til Kommunestyret.

KS-124/12 VEDTAK:**1. Årsbudsjettet 2013 for Masfjorden kraftfond vert fastsett slik;**

Inntekter:	Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-2 600 000
	Avdrag og rente utlån frå kraftfondet	-190 000
	Renteinntekter, fondsmidlane	-10 000
	Refusjon Hordaland fylkeskommune	0
	Sum inntekter	-2 800 000
Utgifter:	Masfjordsambandet - brufond jf. KS 45/12	1 000 000
	LVK, regionrådet, m.fl. – tilskot/kontigent 2013	250 000
	Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div	200 000
	Informasjon/heimesida/Masfjordingen	0
	Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000
	Sertifikatordninga	30 000
	Netto tilføring kommunen´s driftsbudsjett 32504	50 000
	Tilrettelegging bustadføremaal	350 000
	Elevbedrift	20 000
	Nuten, K-sak 53/11	
	Mjølkekvotar jf. vedtekne ordning	0
	Landbrukstiltak	0
	Andre næringstiltak - (GMU med 250.000)	250 000
	Kabelferja - vidare finansiering av utvida rutetilbod	37 000
	Etableringstilskot	160 000
	Frie fondsmidlar til fordeling	353 000
	Sum utgifter	2 800 000

2. Tildeling av frie midlar frå kraftfondet skjer ved hovudfordeling med søknadsfrist 15. juni, og handsaming av kraftfondstyret i september. 2.tildeling med søknadsfrist 1.november og handsaming i desember. Det vert opna for å ta opp hastesaker.

Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2012:

Bjørn Egil Nordland, Ap, spurde om mjølkekvotar låg inne i budsjettet.

Rådmann Svein Helge svara at det ligg inne slik av viss det kjem søknader vil dei få.

I fjor var det ikkje søknader på kjøp av mjølkekvotar.

Rådmannen sa at Rapporten frå Kraftspela skulle handsamast i samband med denne saka.

Rådgjever Alf Strand orienterte om rapporten.

Det var ingen i kommunestyret som kom med synspunkt på rapporten.

Ordførar sa at det er strategimøte den 15. januar 2013 og gjorde framlegg om at rapporten kunne handsamast då.

Røysting:

Tilrådinga frå kraftfondsstyret vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	I	29.10.2012	Svein-Helge Hofslundsengen	Rekneark - kraftfondsbudsjettet 2013

SAKSUTGREIING:

Kraftfondet blir årleg tilført konsesjonsavgift frå BKK produksjon, justert kvart 5.år. Sist justering var i 2005, kor konsesjonsavgifta vart sett til 2.340.000. Ny justering i 2010 med minimale endringar i inntektene – seinare justeringar som gjev litt meir i konsesjonsavgift.

I tillegg til tilføring av konsesjonsavgift blir fondet tilført midlar i form av attendebetaling utlån kraftfondet – i budsjettframlegg år 2013 har vi lagt til grunn kr. 160.000,- i avdrag og 30.000 i rente utlån. Renteinntekter av fondsmidlane er budsjettert til 10.000,-.

Kommunen står fritt til å tilføre fondet renteinntektene av utlån frå kraftfondet og bankinnskot. Budsjettframlegget til administrasjonen inneber at renteinntekter kalkulert til kr. 50.000 blir tilført kommunen sitt driftsbudsjett, og ikkje tilført kraftfondet. Framlegget er i tråd med politisk fleirtal siste åra.

Postar under budsjettet til kraftfondet 2013:

1. Masfjordsambandet, avsetjing med 1 mill.kr.
«Sdo_Tittel»
vedtak i Masfjorden kommunestyre den 31.05.2012.

KS-045/12 VEDTAK:

1. **Masfjorden kommune går inn med 40 mill.kr. som eigenfinansieringsdel Masfjordsambandet.**
 2. **Det vert gjort ei årleg avsetjing på 1 mill.kr. frå kraftfondet til brufond til prosjektet vert realisert og finansieringsbehovet oppstår.**
 3. **Restsum mellom 40 mill.kr. og oppsamla midlar i brufondet vert ved oppstart finansiert ved låneopptak, kor årleg avdrag og rente vert dekkja av kraftfondet.**
2. Det ligg i budsjettframlegget frå administrasjonen inne finansiering av tilskot for regionrådet (120.000), Hordaland olje og gass (10.000) og LVK (120.000) for 2013. Reiselivslagskontingent ute i framlegget. Kontingent vert ført under teneste 32501 i kommunerekneskapen – rammeområde felles
 3. Ein foreslår å vidareføre siste års løyving/pott på inntil kr. 200.000,- til løpande annonsering av tomteareal, av kommunale arrangement, støtteannonsar, profileringstiltak og representasjon delegert til rådmann/ordfører i fellesskap. Denne posten er og viktig med tanke på ekstra fokus folketalsutvikling og det er her kommunen sin finansieringsdel kring kraftspela vert finansiert. Tiltaket vert ført under konto 11403, teneste 32504 i kommunerekneskapen – rammeområde felles.

4. Det ligg i budsjettframlegget inne midlar til næringsarbeid under rådmannskontoret med kr. 100.000. Teneste 12001 rådmannskontoret i kommunerekneskapen – rammeområde administrasjon. Dette er midlar som vert tilført driftsbudsjettet til kommunen.
5. Sertifikatorordninga – vidareføring av ordninga. Tiltaket vert ført over teneste 18006 – rammeområde felles – budsjett tilpassa reelt behov. Det er lagt opp til kurs i 2012 for nye aldersgrupper, slik at tilbodet vert vidareført i tråd med intensjonen.
6. Kommunen står fritt til å tilføre fondet renteinntektene av utlån frå kraftfondet og bankinnskot. Budsjettframlegget til administrasjonen inneber at renteinntekter (fondsmidlar) kalkulert til kr. 50.000 blir tilført kommunen sitt driftsbudsjett. Tiltaket vert ført under konto 19006, teneste 32504 i kommunerekneskapen – rammeområde felles
7. Ein har lagt inn ein post relatert til fleire forhold om medfinansiering av nye bustadføremål som saman med etableringstilskot, kommunale avgifter og tilknytingsavgifter dannar grunnlag for realisering av ein del prosjekt. Dette er forhold som ligg i kommunen sitt investeringsbudsjett, som vert delfinansiert med bruk av fond.
8. Det ligg inne midlar til elevbedrift – redusert grunna nivå siste åra, kr. 10.000. Tiltaket vert ført over teneste 18006 – rammeområde felles
9. Kraftfondstyret har vedteke ei ordning med tilskot mjølkekvotar – omfanget av kjøp har svinga, med gradvis minka. Lagt inn 0,- for 2013. Tiltaket vert ført under teneste 32504 i kommunerekneskapen – rammeområde felles. Ein har ein unytta pott landbrukssaker som evt. kan nyttast i 2013
10. Andre næringstiltak, gjeld løyving til GMU med kr. 250.000 for 2013.
11. Det er sett av ein stort pott til ordning med etableringstilskot – ut i frå pågang og førespurnader siste åra, samt at tilskotet kan knytast til pkt. 4 medfinansiering nye bustadfelt.
12. Utvida rutetilbod for kabelferja Masfjordnes – Duesund, kommunal finansieringsdel 37.000.
13. Søknad om støtte (lån & tilskot) gjennom kraftfondet frå næringslivet har gått ned, og årlege tildelinga små. Ut i frå prioritering av Masfjordsambandet framover, vert denne potten redusert for 2013, og sett til kr. 363.000,-.

Tabellen under summerer opp tekstdel under pkt. 1-13 for 2008/13, inkl. siste års avlagde rekneskap, samt inntektsføresetnadene.

Budsjettframlegg Masfjorden kraftfond 2013

	Budsjett	Budsjett	Rekneskap	Budsjett	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2013	2012	2011	2011	2010	2010	2009	2008
Inntekter: Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-2 600 000	-2 500 000	-2 599 156	-2 360 000	-2 575 923	-2 340 000	-2 340 000	-2 340 000
Avdrag og rente utlån fra kraftfondet	-190 000	-190 000	-175 642	-150 000	-159 288	-90 000	-90 000	-90 000
Renteinntekter, fondsmidlane	-10 000	-10 000	-21 295	-140 000	-10 064	-140 000	-140 000	-140 000
Refusjon Hordaland fylkeskommune	0	0	-1 346	0	-520	0	-100 000	
Sum inntekter	-2 800 000	-2 700 000	-2 797 439	-2 650 000	-2 745 795	-2 570 000	-2 670 000	-2 570 000
Utgifter: Masfjordsambandet - brufond jf. KS 45/12	1 000 000							
LVK, regionrådet, m.fl. – tilskot/kontigent 2012	300 000	350 000	324 482	326 000	269 441	250 000	200 000	200 000
Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div	200 000	200 000	485 682	200 000	115 585	200 000	150 000	150 000
Informasjon/heimesida/Masfjordingen	0	0	0	0	0	30 000	30 000	30 000
Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000
Sertifikatorordninga	30 000	30 000	45 000	20 000	3 000	20 000	40 000	100 000
Netto tilføring kommunen's driftsbudsjett 32504	50 000	50 000	50 000	50 000	0	50 000	40 000	40 000
Tilrettelegging bustadforemål	300 000	600 000	300 000	500 000	500 000	800 000	800 000	460 000
Elevbedrift	10 000	30 000	0	30 000	0	30 000	30 000	30 000
Nuten, K-sak 53/11			221 902					
Mjølkekvotar jf. vedtekne ordning	0	13 000	0	10 000	14 940	20 000	10 000	10 000
Landbrukstiltak	0	0	0	0	0	0	100 000	
Andre næringstiltak - (GMU med 250.000 i 2011)	250 000	250 000	310 000	307 000	100 000	100 000	250 000	
Kabelferja - vidare finansiering av utvida rutetilbod	37 000	37 000	33 934	37 000	27 778	0	200 000	100 000
Etableringstilskot	160 000	440 000	160 000	470 000	120 000	370 000	120 000	150 000
Frie fondsmidlar til fordeling	363 000	600 000	70 000	600 000	530 000	600 000	600 000	1 200 000
Sum utgifter	2 800 000	2 700 000	2 101 000	2 650 000	1 780 744	2 570 000	2 670 000	2 570 000
			utlån					
			150 000					
mindreforbruk av løyvde budsjettmidlar:			-546 439		-965 051			

For pilotprosjektet/lokalsamfunnsutviklinga vert det utarbeidd eige budsjett. Budsjettføresetnadene her tilseier at 2013 budsjettet kan utarbeidast med tilskot Hordaland fylkeskommune med kr. 600.000,-. Det er budsjettert med driftspostar pilot under teneste 32505 i 2012 budsjettet til kommunen, med 100% fylkeskommunal finansiering, men kor kommunen må synleggjere relevante kostnader på minimum same nivå, brutto 600.000,-.

KONKLUSJON

Det vert lagt fram eit balansert 2013 budsjett for kraftfondet, som tek høgde for storsatsinga kring Masfjordsambandet, og løyving med 1 mill.kr. Erfaringane dei seinare år, er at kraftfondet har hatt større mindreforbruk – slik at konsekvensane for dei andre føremåla inn under kraftfondet ikkje vert så store jf. siste års løyvingar og bruk.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	06.11.2012	115/12	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	11.12.2012	125/12	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-102	Arkivsaknr.: 12/658
--------------	---------------------

SAK 125/12 - ÅRSBUDSJETT 2013 OG ØKONOMIPLAN 2013 - 2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Driftsbudsjettet for Masfjorden kommune 2013 utgjør 174,4 mill.kr. i driftsinntekter jf. hovudoversikt drift og vert framlagt i balanse.

Netto driftsresultat utgjør 0,9% av driftsinntektene, og dermed 3,5 mill.kr. lågare enn målsetjinga om 3% i netto driftsresultat.

Etter budsjettskjema 1A har ein 132,2 mill.kr. i frie disponible inntekter, netto finanstransaksjonar med nær 4,5 mill.kr. og netto avsetjingar med kr. 145.000.-, samt 1,8 mill.kr. overføring frå drift til investering som gjer at rammeområda får 126 mill.kr. til fordeling i 2013;

Budsjettskjema 1B

Fordelt til;	
Folkevalte organ:	2 159 500
Administrasjon:	12 652 500
Barnehage:	13 229 000
Skule:	36 971 000
Helse:	10 250 700
Sosial- og barnevern:	6 367 100
Pleie- og omsorg	40 447 800
Kultur:	5 753 900
Kyrkja:	3 399 900
Teknisk:	5 241 300
Andre tenesteområdet:	-10 480 200
	<u>125 992 500</u>

2. Investeringsbudsjettet for 2013 vert sett til kr. 9.788.000.

Budsjettskjema 2B

Investeringsprosjekt;	
EDB - felles	1 000 000
Kommunale vegar	1 250 000
Bustadfelt - tilrettelegging	438 000
Opprusting kommunale bygg	2 500 000
Vassforsyning	1 250 000
Brann - utstyr og bilar	2 500 000
Summering investering i anleggsmidla	8 938 000

Samt opptak av lånemidler til utlån startlån med 500.000,-, finansiert med låneopptak
Og egenkapitalinnskott KLP med 350.000 finansiert med fondsavsetjingar
pensjonsmidlar

- 2.1. Investeringsprosjekta i 2013 budsjettet vert delfinansiert med eit låneopptak med 4,3 mill.kr. til
- 2.2. Husbanken – låneopptak startlån med kr. 500.000, som kan aukast opp ved behov.

*Maks låneopptak lik sum årlege låneavdrag i driftsbudsjettet
+ frigjorde midlar frå drift til investering og fondsmidlar
+ eksterne midlar/tilskott*

3. a) Masfjorden kyrkjelege fellesråd fekk ei investeringsramme på 4,5 mill.kr. i økonomiplanperioden 2009-12, ein del av denne ramme er ikkje nytta pr. utgangen av 2012, og unytta del av investeringsramma vert stilt til disposisjon for 2013. Kommunen refunderer rente- og avdrag knytt til lån brukt i samband med investeringsramma.
 - b) Masfjorden kyrkjelege fellesråd får eit driftstilskott 2013 med kr. 2.711.200,- fordelt med 2.170.200 til kyrkjer/MKF og 541.000 kyrkjegardar (auke med 6,9% i høve 2012)
 - c) under kyrkje vert elles ført tenesteytingsavtale (391.700,-), kompensasjon rente- og avdrag lån MKF har teke opp til investeringar (270.000,-), og støtte andre trusamfunn med 20.000,-.
4. a) Økonomiplan 2013-16 ramme for drift;
Mål i økonomiplanperioden å budsjettere med eit netto driftsresultat frå lik eller høgare enn 3% som nødvendig eigenkapital til investeringane. KS 61/12, av 21.6.2012

Budsjettskjema 1A

	Budsjett 2012	Ramme 2013	Ramme 2014	Ramme 2015	Ramme 2016
FRIE DISPONIBLE INNTEKTER					
Skatt på inntekt og formue	-46 100 000	-48 800 000	-50 264 000	-51 771 900	-53 325 000
Ordinært rammetilskudd	-55 900 000	-58 700 000	-60 461 000	-62 274 800	-64 143 000
Eigedomsskatt	-20 000 000	-22 000 000	-22 000 000	-22 000 000	-22 000 000
Andre direkte eller indirekte skatter	-2 360 000	-2 500 000	-2 500 000	-2 500 000	-2 500 000
Andre generelle statsstilskudd	0	0	0	0	0
Sum frie disponible inntekter	-124 360 000	-132 000 000	-135 225 000	-138 546 700	-141 968 000
FINANSINNTEKTER-/UTGIFTER					
Urbanitetskriterium	0,0172	42 569 743	7 435	0,5145	-0,84 %	-380	-646
PU over 16 år	0,0439	17 372	3	0,5087	-2,16 %	-980	-1 670
Ikke-gifte 67 år og over	0,0416	308 333	134	1,2802	1,17 %	530	902
Barn 1-2 år uten kontantstøtte	0,0291	41 602	14	1,0058	0,02 %	8	13
Innbyggere med høyere utdannir	0,0184	1 122 336	219	0,5748	-0,78 %	-356	-606
I Kostnadsindeks	1,000			1,23543	23,54 %	10 701	18 224

ANDRE INNTEKTSFØRESETNADER I BUDSJETTFRAMLEGGET

Eigedomsskatt


Frå og med 2001 gjorde Stortinget vedtak om innføring av § 8 i eigedomsskattelova for kraftføretak. Iverksetjing av § 8 i eigedomsskattelova medførte at Masfjorden kommune fekk eit inntektstap første år med 1,5 million kroner eller om lag 16% av eigedomsskatten sett i høve til 2000. Sum eigedomsskatt 8,1 mill.kr. Utvikling siste åra har endra seg frå at ein vart fanga opp av lågaste verdi ved verdsetjing av kraftproduksjonsanlegg 0,95 kr. per kWh til at ein no har nådd maksgrensa. I samband med Kommunestyremøte 31.5.2012 vart det opplyst frå BKK si side at kommunen taper store beløp på makstaket. Maksgrensa er og stadfesta nådd, jf. dokumentasjon frå sentralskattekontoret for storbedrifter. Ein har lagt til grunn 23,5 mill.kr. i eigedomsskatt 2013, som er 1,5 mill.kr høgare enn i rammesaka, men i tråd med eigedomsskattegrunnlaget vi har fått for 2013. Regjeringa har følg opp lovnader om å auke eigedomsskattegrunnlaget med omlag 13% for 2013, for Masfjorden sin del 12,6%. Det er viktig at ein aktiv arbeidar vidare for oppheving av makstaket, kor kommunen har store midlar å hente på å få det oppheva.



Konsesjonskraft

Kommunen har krav på konsesjonskraftinntekter som ei erstatning for å stille naturressursar til disposisjon for kraftutbygging. Inntil 10% av kraftmengda går som konsesjonskraft til utbyggingskommunen. Kommunen sitt uttak kan imidlertid ikkje overstige behovet for alminneleg forsyning i kommunen. Kommunen har teke ut 30 GWh over fleire år, medan forbruket har vore på midten av 20 talet. Etter semje med fylkeskommunen, tek Masfjorden ut 35 GWh for 2012. Fylket gjer frå 2008 krav på uttak av all kraft utover det som er kommunen sin alminneleg forsyning. Dersom forbruket i kommunen i åra framover vert mindre enn 35 GWh gjer fylket krav på eit finansielt etteroppgjer. På den andre sida vil kommunen ha krav på eit finansielt etteroppgjer om forbruket aukar i kommunen.

Konsesjonskrafta er ei variabel inntekt, med nær 10 mill.kr. i 2009, og garantipris på litt over 5 mill.kr. for 2010. garantipris på ca. 9 mill.kr. i 2012 og budsjettetert med 10 mill.kr. Utviklinga i kraftmarknaden/kraftprisen avgjer kva pris ein oppnår i økonomiplanperioden. La til grunn 5 mill.kr. i rammesaka (heile planperioden 2013-16), men då med fare for redusert kraftpris som kan gje mindre inntekt + volum (at ein reelt brukar 32 GWh), og ein er veldig sårbar ved varig reduksjon i kraftprisen som følgje av finanskrisa og økonomisk nedgangstider. Ein har vore litt vel optimistisk i 2013 budsjettet, og lagt til grunn ei nettoinntekt på 6 mill.kr.



Andre statlege tilskot

Det vert gjeve ein del statlege tilskot, Siktemålet til regjeringa er at øyremerka tilskot skal vere minimal – 4%.

Finansinntekter og finansutgifter (jf. rammesaka 2013-16)

Finansinntekter

Finansinntekter er summen av rente bankinnskot, plasserte fondsmidlar, utbytte, rente- og avdrag på utlån av næringslån og startlån (etableringslån). Avkastning fondsmidlar var vore til dels svært høg ein del år (sett i høve til plasserte midlar), dårleg 2008 og 2011 ? Låg rente kommande år, gir liten avkastning midlar plassert i bank. – samla sett legg ein til grunn 1,0 mill.kr. i finansinntekter i perioden 2013-16.

Rente- og avdrag

Masfjorden kommune hadde pr. 31.12.2011 ei samla lånegjeld på 74,3 mill.kr, og ein legg til grunn følgjande øvre ramme for låneopptak i økonomiplanperioden tilsvarande det ein betalar ned i avdrag årleg;

Låneopptak 2013:	kr. 4.300.000 (utan startlån), samla 4,8 mill.kr.
Låneopptak 2014:	kr. 4.200.000 (3.700' + 500.000 i startlån)
Låneopptak 2015:	kr. 4.300.000 (3.800' + 500.000 i startlån)
Låneopptak 2016:	kr. 3.100.000 (2.600' + 500.000 i startlån)

noko som inneber at lånegjelda vil bli uendra med 73,8 mill.kr. ved utløpet av økonomiplanperioden.

Ein legg til grunn rente på 2,5 % på innlån i økonomiplanperioden.

Ein legg vidare til grunn følgjande rente- og avdrag i driftsbudsjetta og økonomiplanperioden 2013-2016 (tal i heile 1000);

	År 2013	2014	2015	2016
Rente	2 000	2 000	2 000	2 000
Avdrag	4 800	4 200	4 300	4 300

Avsetjinga og bruk av avsetjinga

Ein legg til grunn at netto sum avsetjinga og bruk av avsetjinga går i balanse og ikkje får nokon netto verknad for drifta i økonomiplanperioden.

Aktuelle hovudoversikta budsjett 2013 og økonomiplan

ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT

	Budsjett 2013	Justert Budsjett 2012	Opphavleg Budsjett 2012	2011 rekneskapen	2010 rekneskapen
DRIFTSINNTEKTER					
LN03 Brukerbetalinger	-9 737 500	-9 233 200	-9 233 200	-9 627 788	-9 091 098
LN04 Andre salgs- og leieinntekter	-8 686 200	-8 665 300	-8 575 300	-8 289 753	-8 316 388
LN05 Overføringer med krav til motytelser	-12 141 900	-11 997 800	-10 783 800	-16 935 271	-22 715 500
LN06 Rammetilskudd fra staten	-57 600 000	-55 900 000	-55 900 000	-50 624 114	-38 473 325
LN07 Andre statlige overføringer	-1 113 000	0	0	-1 489 136	-1 898 355
LN08 Andre overføringer	-11 692 500	-12 629 000	-13 629 000	-13 369 423	-9 165 660
LN09 Skatt på inntekt og formue	-47 600 000	-46 100 000	-46 100 000	-43 827 234	-45 960 651
LN10 Eiendomsskatt	-23 500 000	-21 900 000	-20 000 000	-19 853 912	-19 698 922
LN11 Andre direkte og indirekte skatter	-2 360 000	-2 360 000	-2 360 000	-2 685 427	-2 607 226
LN12 Sum driftsinntekter	-174 431 100	-168 785 300	-166 581 300	-166 702 058	-157 927 124

DRIFTSUTGIFTER					
LN14 Lønnsutgifter	102 233 500	95 420 000	95 554 500	93 042 248	88 290 092
LN15 Sosiale utgifter	23 866 100	23 123 500	23 146 500	20 842 844	19 346 462
LN16 Kjøp varer/teneste til komm.tenester	23 908 500	24 040 700	23 530 200	25 789 979	24 286 071
LN17 Kjøp varer/teneste erstatter komm.tenest	7 496 400	9 422 200	7 122 200	7 372 551	5 312 665
LN18 Overføringer	11 706 100	9 885 400	9 688 400	10 463 434	9 296 784
LN19 Avskrivninger	7 838 200	7 807 600	8 259 600	7 166 779	7 560 829
LN20 Fordelte utgifter	-1 000 000	-900 000	-1 000 000	-1 000 000	-900 000
LN21 Sum driftsutgifter	176 048 800	168 799 400	166 301 400	163 677 836	153 192 902
LN23 Brutto driftsresultat	1 617 700	14 100	-279 900	-3 024 222	-4 734 222

EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONER					
Finansinntekter					
LN25 Renteinntekter, utbytte og eieruttak	-1 762 500	-1 962 500	-1 962 500	-2 576 648	-3 217 303
LN26 Mottatte avdrag på lån	-30 000	-120 000	-120 000	-206 215	-227 426
LN27 Sum eksterne finansinntekter	-1 792 500	-2 082 500	-2 082 500	-2 782 863	-3 444 729
Finansutgifter					
LN29 Renteutgifter, provisjon og andre finansut	2 000 000	2 500 000	2 500 000	3 360 618	1 788 475
LN30 Avdragsutgifter	4 300 000	4 300 000	4 300 000	4 065 345	3 951 378
LN31 Utlån	70 000	20 000	20 000	22 500	20 176
LN32 Sum eksterne finansutgifter	6 370 000	6 820 000	6 820 000	7 448 463	5 760 029
LN34 Res.ekst. finansieringstransaksjoner	4 577 500	4 737 500	4 737 500	4 665 600	2 315 301
LN35 Motpost avskrivninger	-7 838 200	-7 807 600	-8 259 600	-7 166 779	-7 560 829
LN36 Netto driftsresultat	-1 643 000	-3 056 000	-3 802 000	-5 525 401	-9 979 750

AVSETNINGER					
Bruk av avsetninger					
LN38 Bruk av tidligere års regnskapsmessige o	-403 000	-998 000		-2 933 610	-1 910 148
LN39 Bruk av disposisjonsfond	-1 938 000	-2 442 000	-2 138 000	-2 048 347	-2 170 037
LN40 Bruk av bundne fond	-234 000	-400 000	-400 000	-115 770	
LN41 Bruk av likviditetsreserve					
LN42 Sum bruk av avsetninger	-2 575 000	-3 840 000	-2 538 000	-5 097 727	-4 080 186
Avsetninger					
LN44 Overført til investeringsregnskapet	1 788 000	2 389 000	1 610 000	3 089 739	4 662 592
LN45 Dekning av tidligere års regnskap					0
LN46 Avsetninger disposisjonsfond	2 430 000	4 507 000	4 730 000	6 534 936	6 463 736
LN47 Avsetninger til budne fond					
LN48 Avsetninger til likviditetsreserve					
LN49 Sum avsetninger	4 218 000	6 896 000	6 340 000	9 624 675	11 126 329
LN51 Rekneskapsmessig overskot/underskot	0	0	0	-998 453	-2 933 608

Budsjettskjema 1A

	Budsjett 2013	justert Budsjett 2012	Opphavleg Budsjett 2012	Rekneskapen 2011	Rekneskapen 2010
FRIE DISPONIBLE INNTEKTER					
Skatt på inntekt og formue	-47 600 000	-46 100 000	-46 100 000	-43 827 234	-45 960 651
Ordinært rammetilskudd	-57 600 000	-55 900 000	-55 900 000	-50 624 114	-38 473 325
Skatt på eiendom	-23 500 000	-21 900 000	-20 000 000	-19 853 912	-19 698 922
Andre direkte eller indirekte skatter	-2 360 000	-2 360 000	-2 360 000	-2 685 427	-2 607 226
Andre generelle statslenskudd	-1 113 000	0	0	-1 489 136	-1 898 355
Sum frie disponible inntekter	-132 173 000	-126 260 000	-124 360 000	-118 479 823	-108 638 479
FINANSINNTEKTER-/UTGIFTER					
Renteinntekter og utbytte	-1 762 500	-1 962 500	-1 962 500	-2 576 648	-3 217 303
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	2 000 000	2 500 000	2 500 000	3 360 618	1 788 475
Avdrag på lån	4 300 000	4 300 000	4 300 000	4 065 345	3 951 378
Netto finansinntekter/-utgifter	4 537 500	4 837 500	4 837 500	4 849 315	2 522 550
AVSETNINGER OG BRUK AV AVSETNINGER					
Til dekking av tidligere års underskot				0	
Til ubundne avsetninger	2 430 000	4 507 000	4 730 000	6 534 936	6 463 736
Til bundne avsetninger				0	
Bruk av tidligere års rekneskapsmessige overskot	-403 000	-998 000		-2 933 610	-1 910 148
Bruk av ubundne avsetninger	-1 938 000	-2 442 000	-2 138 000	-2 048 347	-2 170 037
Bruk av bundne avsetninger	-234 000	-400 000	-400 000	-115 770	
Netto avsetninger	-145 000	667 000	2 192 000	1 437 209	2 383 551
FORDELING					
Overført til investeringsregnskapet	1 788 000	2 389 000	1 610 001	3 089 739	4 662 592
Til fordeling drift	-125 992 500	-118 366 500	-115 720 500	-109 103 561	-99 069 786
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	125 992 500	118 366 500	115 720 500	108 105 107	96 136 178
Merforbruk/mindreforbruk = 0	0	0	0	-998 454	-2 933 608

Budsjettskjema 1B

Fordelt til;	Ramme 2013	Budsjett 2013	Avvik
Folkevalte organ:	2 159 500	1 953 500	1 953 500
Administrasjon:	12 752 500	12 311 300	12 311 300
Barnehage:	13 229 000	11 268 700	11 353 700
Skule:	36 971 000	36 385 700	36 226 700
Helse:	10 016 700	10 636 500	8 337 500
Sosial- og barnevern:	6 337 100	6 785 000	6 616 000
Pløie- og omsorg	39 284 800	37 354 100	37 152 100
Kultur:	5 753 900	4 994 500	5 560 500
Kyrkja:	3 399 900	3 355 200	3 348 200
Teknisk:	6 847 300	5 876 700	6 621 700
Andre tenestoområdet:	-10 759 200	-12 554 700	-13 760 700
	125 992 500	118 366 500	115 720 500

Fordelt til:	Ramme 2013	Budsjett 2013	Avvik
Folkevalte organ:	2 300 000	2 159 500	-140 500
Administrasjon:	12 750 000	12 752 500	2 500
Barnehage:	12 000 000	13 229 000	1 229 000
Skule:	36 500 000	36 971 000	471 000
Helse:	10 000 000	10 016 700	16 700
Sosial- og barnevern:	5 900 000	6 337 100	437 100
Pløie- og omsorg	38 450 000	39 284 800	834 800
Kultur:	5 750 000	5 753 900	3 900
Kyrkja:	3 400 000	3 399 900	-100
Teknisk:	6 850 000	6 847 300	-2 700
Andre tenestoområdet:	-8 000 000	-10 759 200	-2 759 200
	125 900 000	125 992 500	

Budsjettskjema 2A

Budsjett 2013

FINANSIERINGSBEHOV

Investering i anleggsmidler	8 938 000
Utlån og forskoteringar	850 000
Avdrag på lån	
Avsetjingar	
Årets finansieringsbehov	9 788 000

FINANSIERING

Bruk av lånemidler	-4 800 000
Inntekter frå sal av anleggsmidler	
Tilskot til investeringar	-1 600 000
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	
Andre inntekter	
Sum ekstem finansiering	-6 400 000
Overført frå driftsrekneskapen	-1 788 000
Bruk av avsetjingar	-1 600 000
Sum finansiering	-9 788 000

Udekket/udisponert = 0

Budsjettskjema 2B

Investeringsprosjekt;

EDB - felles	1 000 000
Kommunale vegar	1 250 000
Bustadfelt - tilrettelegging	438 000
Opprusting kommunale bygg	2 500 000
Vassforsyning	1 250 000
Brann - utstyr og bilar	2 500 000
Summering investering i anleggsmidla	8 938 000

Investeringsbudsjett 2013-2016

Oversikta under viser oppstart nye tiltak.

Fullføring av iverksatte prosjekt eller prosjekt med budsjettvedtak tidlegare fram til og med budsjett 2012 kjem i tillegg

Alle tal i heile 1000 & nettobudsjett (eksl.mva)

Prosjekt	Totalsum	Kostnad og finansiering 2013				Kostnad og finansiering 2014				Kostnad og finansiering 2015				Kostnad og finansiering 2016			
		Budsjett	Fond	Tilskot	Lån	Budsjett	Fond	Tilskot	Lån	Budsjett	Fond	Tilskot	Lån	Budsjett	Fond	Tilskot	Lån
IKT/felles	2 100	800	300		500			200	500	0	0	500	500	300		200	
Opprusting komm.bygg	6 000	2 000	400		1 600			1 800	2 000	200	0	1 800	2 000	200	500	1 300	
Kommunale vegar	3 500	1 000	200		800			700	1 000	0	0	1 000	800	300		500	
Vassforsyning	2 800	1 000	0	0	1 000			800	500	100	0	400	500	100	0	400	
Avløp	500	0	0	0	0			200	100	0	0	100	200	0	0	200	
Brann utstyr & bilar	2 000	2 000	0	1 600	400			0	0	0	0	0	0	0	0	0	
Bustadfelt	1 850	350	350	0	0			500	500	500	0	0	500	500	0	0	
Sum investeringar	18 750	7 150	1 250	1 600	4 300	4 500	800	0	3 700	4 600	800	0	3 800	4 500	1 400	500	2 600

litt info.prosjekt;

IKT: Løpande investeringsbehov - pott lagt samla under IKT felles, men midlar kan gå til IKT skule og eigen finansieringsdel rest utbygging breiband/mobildekning

Kommunale bygg: Storsatsing på oppgradere kommunale bygg f. handlingsplan

Vatn & avløp (VA): Til dels store prosjekt på gong - nnettalt i investeringsplan, på einskilde prosjekt stor del anleggsbidrag frå ekstem e

Bustadfelt/foremål: Det er lagt opp til kommunal medverkan d privat e bustadfelt, kor etableringstilskot vert nytta til veg & VA tiltak - finansiert med bruk av kraftfondet

Andre utgiftspostar investeringsbudsjettet:

	2013	2014	2015	2016
KLP eigenkap.innskot	1 400	350	350	
Utlån - startlån	2 000	500		500
Sum investeringar	3 400	850	350	500

Sum finansieringsbehov

8 000

5 350

5 450

5 350

EK-innskot KLP:

Siste år har KLP krevd inn årlege eigenkapitaltilskot, som ein tilår vert finansiert med avsette midlar til pensjon i tidlegare års rekneskap - dvs. bruk av fond

startlån - utlån:

opptak avlån via Husbank en til vidareformidling, opptak med 2,5 mill.kr. i 2011

Budsjettskjema 1A

	Budsjett 2012	Ramme 2013	Ramme 2014	Ramme 2015	Ramme 2016
FRIE DISPONIBLE INNTEKTER					
Skatt på inntekt og formue	-46 100 000	-48 800 000	-50 264 000	-51 771 900	-53 325 000
Ordinært rammetilskudd	-55 900 000	-58 700 000	-60 461 000	-62 274 800	-64 143 000
Eigedomsskatt	-20 000 000	-22 000 000	-22 000 000	-22 000 000	-22 000 000
Andre direkte eller indirekte skatter	-2 360 000	-2 500 000	-2 500 000	-2 500 000	-2 500 000
Andre generelle statstilskudd	0	0	0	0	0
Sum frie disponible inntekter	-124 360 000	-132 000 000	-135 225 000	-138 546 700	-141 968 000

FINANSINNTEKTER-/UTGIFTER

Renteinntekter og utbytte	-1 962 500	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutg	2 500 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
Avdrag på lån	4 300 000	4 300 000	4 300 000	4 300 000	4 300 000
Netto finansinntekter/-utgifter	4 837 500	5 300 000	5 300 000	5 300 000	5 300 000

AVSETNINGER OG BRUK AV AVSETNINGER

Til dekning av tidligere års regnskapsmessige	0	0	0	0	0
Til ubundne avsetninger	4 730 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000
Til bundne avsetninger		0	0	0	0
Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk		0	0	0	0
Bruk av ubundne avsetninger	-2 138 000	-2 500 000	-2 500 000	-2 500 000	-2 500 000
Bruk av bundne avsetninger	-400 000	0	0	0	0
Netto avsetninger	2 192 000	0	0	0	0

FORDELING

Overført til investeringsregnskapet	1 610 000	800 000	800 000	800 000	800 000
Til fordeling drift	-115 720 500	-125 900 000	-129 125 000	-132 446 700	-135 868 000
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	115 720 500	125 900 000	129 125 000	132 446 700	135 868 000
Merforbruk/mindreforbruk = 0	0	0	0	0	0

Budsjettskjema 1B

	Budsjett 2012	Ramme 2013	Ramme 2014	Ramme 2015	Ramme 2016
Fordelt til;					
Folkevalte organ:	1 953 500	2 300 000	2 360 000	2 419 000	2 479 500
Administrasjon:	12 311 300	12 750 000	13 100 000	13 427 500	13 763 200
Barnehage:	11 353 700	12 000 000	12 300 000	12 607 500	12 922 700
Skule:	36 226 700	36 500 000	37 412 000	38 347 300	39 305 900
Helse:	8 337 500	10 000 000	10 250 000	10 506 300	10 768 900
Sosial- og barnevern:	6 616 000	5 900 000	6 050 000	6 201 300	6 356 200
Pleie- og omsorg	37 152 100	38 450 000	39 500 000	40 487 500	41 499 600
Kultur:	5 560 500	5 750 000	5 897 000	6 044 400	6 195 400
Kyrkja:	3 348 200	3 400 000	3 490 000	3 577 200	3 666 500
Teknisk:	6 621 700	6 850 000	7 026 000	7 201 600	7 381 600
Andre tenestoområder:	-13 760 700	-8 000 000	-8 260 000	-8 372 900	-8 471 498
Summert;	115 720 500	125 900 000	129 125 000	132 446 700	135 868 000

MASFJORDEN Illustrasjon av midler knyttet til Samhandlingsreformen kommune (medfinansiering/utskrivningsklare pasienter)

Beregning av utgiftsbehov - tillegg/trekk i kroner for år
(utgiftsutjevnedede tilskudd) og samlet nivå

2012

	HELE LANDET		MASFJORDEN			Bruk av folketall 1.7.2011	
	Vekt	Antall	Antall	Utgifts- behovs- indeks	Pst. utslag	Tillegg/ fradrag i utgiftsutj kr per innb	1000 kr
0-17 år	0,0819	1 115 009	372	0,9789	-0,17 %	-2	-3
18-49 år	0,2095	2 168 542	593	0,8024	-4,14 %	-47	-79
50-66 år	0,2615	1 022 491	392	1,1249	3,27 %	37	62
67-79 år	0,2341	424 650	207	1,4303	10,07 %	113	191
80-89 år	0,1707	183 123	100	1,6023	10,28 %	116	195
Innb 90 og over	0,0423	39 008	24	1,8053	3,41 %	38	65
1 Kostnadsindeks	1,000	4 952 823	1 688	1,22712	22,71 %	255	431
(Tillegg/trekk kr pr innb.)							
						Alle tall i 1000 kr	
2 Tillegg/trekk (omfordeling) for kommunen i 1000 kr							431
3 Flatt beløp:							1 897
4 Illustrasjon av rammetilskudd ut fra folketall per 1.1.2011							2 328

MERK AT DISSE MIDLENE /KRITERIENE/MIDLENE ER EN DEL AV SAMLET KOSTNADSNØKKEI

Herav knyttet til medfinansiering: (Nasjonal ramme 2012 med 5.007 mill kr)	2 094,0
Herav knyttet til utskrivningsklare pasienter: (Nasjonal ramme 2012 med 560 mill kr)	234,2

VURDERING

Felles for alle rammeområda

Lønnskostnader

Tariff/lønsoppgjeret pr. 2012 → Ramme på 4,07%. KS legg opp til eit moderat oppgjer framover. Ein legg til grunn eit forsiktig lønsvekst for 2013 på 3,5 %.

Lønsoppgjeret 2012 vart eit dyrt oppgjer for Masfjorden - og langt over talgrunnlaget etter lønsforhandlingane, og dette er eit sentralt moment og grunn til budsjettvanskane for 2013 budsjettet.

Pensjonskostnader

Legg til grunn satsar frå 2012 budsjettet (netto 13% - brutto 15%), til tross for at premiane er høgare, vil ordninga med premieavvik / pensjonsforskrifta medføre at dette er tilstrekkeleg avsetjing. Ein har elles fondsreservar innan dette område. Ein må auka budsjettet for amortiseringsavvik – inntektsførte premieavvik skal dekkast inn over 10 år, slik at her kjem ein auka kostnad årleg framover. endringar i pensjonsordninga tilseier at pensjonskostnaden vert netto 14% i 2013, og at vi dermed har budsjettet litt lågt pensjonskostnaden for 2013. Pensjonsutgiftene har vore aukande dei siste åra bl.a. på grunn av lengre levetid i befolkninga. Frå og med 2002 blei det innført nye rekneskapsreglar for pensjon kor det blei gitt høve til å inntektsføre eit premieavvik når pensjonsinnbetalinga frå kommunen til pensjonsselskapet er større enn berekna pensjonsutgift. Kommunane har kunne velje om ein vil utgiftsføre dette premieavviket i det neste året i sin heilskap eller fordele denne utgifta rekneskapsmessig dei neste 15 årene. Vi har valt 15 år. – ordninga vart omlagt frå og med 2012, slik at denne ordninga er endra frå 15 til 10 år, og dermed aukar amortiseringsavviket betydleg frå 2013.

Dette har ført til at ein har akkumulert store premieavvik som må utgiftsførast over tid. Dette fører også til eit avvik mellom rekneskap og likviditen. På denne bakgrunn vil det i aukande grad bli nødvendig å utgiftsføre premieavvik frå tidlegare år.

Oversikt premieavvik

Inntektsført premieavvik

Kto 2 1941 010	Gjenstående	Akk. amortisert	Opprinnelig	Amortisert →										
				2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	
KLP 2002	871 116	-1 306 674	2 177 790		-145 186	-145 186	-145 186	-145 186	-145 186	-145 186	-145 186	-145 186	-145 186	-145 186
SPK 2003	148 493	-169 707	318 200			-21 213	-21 213	-21 213	-21 213	-21 213	-21 213	-21 213	-21 213	-21 213
KLP 2004	55 215	-48 313	103 528				-6 902	-6 902	-6 902	-6 902	-6 902	-6 902	-6 902	-6 902
SPK 2004	112 373	-98 327	210 700				-14 047	-14 047	-14 047	-14 047	-14 047	-14 047	-14 047	-14 047
SPK 2005	191 825	-127 883	319 708					-21 314	-21 314	-21 314	-21 314	-21 314	-21 314	-21 314
KLP 2006	55 397	-27 699	83 096						-5 540	-5 540	-5 540	-5 540	-5 540	-5 540
SPK 2006	78 830	-39 415	118 245						-7 883	-7 883	-7 883	-7 883	-7 883	-7 883
KLP 2007	709 086	-257 849	966 935							-64 462	-64 462	-64 462	-64 462	-64 462
KLP 2008	2 014 842	-503 711	2 518 553								-167 904	-167 904	-167 904	-167 904
KLP 2009	290 695	-44 722	335 417									-22 361	-22 361	-22 361
KLP 2010	1 246 854	-89 061	1 335 915										-89 061	-89 061
SPK 2010	7 696	-550	8 246											-550
KLP 2011	436 200	-	436 200											-
Kto: 2 1941 010 AAG 14,1%	6 218 623	-2 713 910	8 932 533		-145 186	-166 399	-187 348	-208 662	-222 084	-286 547	-454 450	-476 811	-566 422	-566 422
	876 826													

Utgiftsført premieavvik

Kto 2 3941 010	Gjenstående	Akk. amortisert	Opprinnelig	Amortisert →										
				2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	
SPK 2002	-60 400	90 600	-151 000		10 067	10 067	10 067	10 067	10 067	10 067	10 067	10 067	10 067	10 067
KLP 2003	-29 867	34 133	-64 000			4 267	4 267	4 267	4 267	4 267	4 267	4 267	4 267	4 267
KLP 2005	-833 786	555 858	-1 389 644					92 643	92 643	92 643	92 643	92 643	92 643	92 643
SPK 2007	-174 914	63 605	-238 519							15 901	15 901	15 901	15 901	15 901
SPK 2008	-277 037	69 259	-346 296								23 086	23 086	23 086	23 086
SPK 2009	-84 224	12 958	-97 182									6 479	6 479	6 479
SPK 2011	-594 582	-	-594 582											
Kto: 2 3941 010 AAG 14,1%	-2 054 810	826 413	-2 881 223		10 067	14 333	14 333	106 976	106 976	122 878	145 964	152 443	152 443	152 443
	-289 728													

Netto premieavvik 4 163 813

Kto: 2 3914 010 AAG 14,1% 587 098

Masfjorden kommune har sett av i alt 6,2 mill.kr. pr. 31.12.2011 som pensjonsfond under balansekonto 2.5600.100 knytt til pensjonsmidlar og det faktum at kommunane skyver framfor seg store deler av pensjonskostnaden, til dekking av premieavvik og eigenkapitalinnskott KLP – og har difor reserver til å dekke denne utfordringa.

Arbeidsgjevaravgift

Ein legg til grunn avgift i tråd med sone 2, dvs. 10,6% arb.gj. avgift for alle tilsette i Masfjorden kommune.

Momskompensasjonsordninga

Ordninga med momskompensasjon er lagt om frå og med 2010 ved at 1/5 av momskompensasjonen frå investeringar skal overføres frå driftsrekneskapen til investeringsrekneskapen. Overføring skal trappast opp dei neste åra med 1/5 årleg. Frå og med 2014 skal som kjent heile kompensasjonen frå investeringar bli inntektsført direkte i investeringsrekneskapen. I overgangsperioden 2010 - 2013 er driftsfinansieringa av investeringane i samsvar med opptrappingsplanen pålagt, det vil seie at den må gjennomførast sjølv om kommunen skulle ha rekneskapsmessig underskot. Den planlagde omlegginga vil bidra til ein sunnare økonomiforvaltning med lågare låneopptak. Samtidig er dette ein innstramming driftsmessig dei første åra, når ein mindre del av momskompensasjonen kan disponerast i driftsrekneskapen. Mange kommunar har hatt eit høgt investeringsnivå dei siste åra, og det er derfor blitt inntektsført betydelig momskompensasjon i driftsrekneskapen. Overgangen for Masfjorden sin del blir ikkje stor, då vi har praktisert 100% tilbakeføring av momskompensasjon som ein får på investeringane, frå driftsrekneskapen til investeringsrekneskapen. Dei fleste kommunar ville ha inntektsført dette i drift utan overføring til investeringsrekneskapen, og heller lånefinansiert investeringa – og dermed

indirekte lånefinansiert drifta. For dei kommunane som har praktisert den siste løysinga, vil få betydelege utfordringar med omlegging av momskompensasjon investeringar.

Gjeldssituasjonen

Kommunane sin lånegjeld har auka mykje samla sett dei seinare åra. Gjeldsnivået er no høgt, også når ein vurderer det i forhold til inntektene. Det er grunn til bekymring om denne utviklinga fortsetter dei neste åra slik at gjeldsbelastninga aukar ytterlegare. Sjølv om kommunane kan betene gjeldsforpliktingane, fører eit høgt gjeldsnivå til at ein større del av inntektene blir bundet opp i renter og avdrag istadenfor å bli nytta til direkte tenesteyting for innbyggjarane. Ein del av gjelda er heilt eller delvis sjølvfinansierende, for eksempel gjennom avgifter eller statleg rentekompensasjon.

Rentenivå

Noverande rentenivå er spesielt lågt, sett i eit lengre tidsperspektiv. Sjølv om det er ein politisk målsetning at rentenivået fortsatt skal være lågt, må det over tid forventast eit høgare rentenivå. Kommunane er sårbare om eit fortsatt lågt rentenivå er nødvendig for å oppretthalde den økonomiske handlefridomen. Det noverande låge rentenivået må sjåast i samanheng med finanskrisa og behovet for å stimulere den økonomiske aktiviteten.

Investeringa 2013-16

Viser til økonomiplan 2012-15, investeringsplanen for 2013 – 16 er no oppdaterast og det er eit hovudprosjekt som skil seg ut, og tatt ut, og det er vassforsyning og tiltak sett på vent til avklaring i høve avtale Gulen.

Investeringsbudsjett 2012-2016

Oversikta under viser oppstart nye tiltak.

Fullføring av iverksette prosjekt eller prosjekt med budsjettvedtak tidlegare fram til og med budsjett 2011 kjem i tillegg

Alle tal i heile 1000 & nettobudsjett (eksl.mva)

Prosjekt	Totalsum	Kostnad og finansiering 2012				Kostnad og finansiering 2013				Kostnad og finansiering 2014				Kostnad og finansiering 2015			
		Budsjett	Fond/EK	Tilskot	Lån	Budsjett	Fond	Tilskot	Lån	Budsjett	Fond	Tilskot	Lån	Budsjett	Fond	Tilskot	Lån
IKT/felles	2 000	500	300		200	500	0		500	500	0		500	500	0		500
Opprusting komm.bygg	7 000	3 000	1 200	500	1 300	2 000	500		1 500	2 000	200		1 800	2 000	200	0	1 800
Kommunale vegar	2 620	660	160		500	630	120		500	580	80		500	750	0	0	750
Vassforsyning	6 875	625	225	0	400	5 000	1500	2500	1000	1 000	0		1000	250	0	0	250
Avlaup	700	200	0		200	0	0		0	500	0		500	0	0	0	0
Brann, utstyr & bilar	1 875	1 875	375	0	1500	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Bustadfelt	2 250	750	750	0	0	500	500	0	0	500	500	0	0	500	500	0	0
Grunnerverv næring/servic	800	0	0	0	0	800	0	0	800								
Sum investeringar	24 120	7 610	3 010	500	4 100	9 430	2 620	2 500	4 300	5 080	780	0	4 300	4 000	700	0	3 300

litt info.prosjekt;

IKT: Løpande investeringsbehov - pott lagt samla under IKT felles, men midlar kan gå til IKT skule og eigenfinansieringsdel rest utbygging breiband

Kommunale bygg: Storsatsing på oppgradere kommunale bygg jf. handlingsplan

Vatn & avlaup (VA): Til dels store prosjekt på gong - netttotal i investeringsplan, på einskilde prosjekt stor del anleggsbidrag frå eksterne

Bustadfelt/foremål: Det er lagt opp til kommunal medverkand private bustadfelt, kor etableringstilskot vert nytta til veg & VA tiltak - finansiert med bruk av kraftfondet

Andre utgiftspostar investeringsbudsjettet:

KLP eigenkap.innskot	1 100	350	350		0	250	250		0	250	250		0	250	250		0
Utlån - startlån	2 000	500		500		500		500		500		500		500	0		500
Sum investeringar	3 100	850	350	0	500 0	750	250	0	500 0	750	250	0	500 0	750	250	0	500

Sum finansieringsbehov

8 460

10 180

5 830

4 750

EK-innskot KLP: Siste år har KLP krevd inn årlege eigenkapitaltilskot, som ein tilrår vert finansiert med avsette midlar til pensjon i tidlegare års rekneskap - dvs. bruk av fond optak av lån via Husbanken til vidareformidling, optak med 2,5 mill.kr. i 2011

startlån - utlån:

KONKLUSJON

Ein legg fram eit balansert budsjett for 2013, samt tilsvarande for økonomiplanperioden 2013-16. Netto driftsresultat utgjer 0,9% i 2013, og dermed for lågt i høve målsetjinga - og noko ein må jobbe for å styrke i samband med budsjettsalderinga.

Utfordringa framover er elles knytt til;

- folketalsutviklinga,
- endring i kriteriedata og endringar i inntektssystemet frå og med 2011,
- kraftprisen og reduserte inntekter på dette området som kan få store konsekvensar for den økonomiske ramma kommande år og for heile økonomiplanperioden.
- renteutviklinga
- ressurskrevjande brukarar

Rådmannen utarbeidar balansert budsjett 2013 og økonomiplan 2013-16 ut i frå gitte føresetnader i denne saka til utgangen av oktober 2012.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	11.12.2012	126/12	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 12/779
-----------	---------------------

126/12 DELEGERTE VEDTAK

DRÅD. 007/12: Bygdekinoen - søknad om fornya konsesjon

DELEGERT VEDTAK:

Solheim grendahus og Fjon grendahus får fornya konsesjon for kinoframsyingar for perioden 1.1. 2013 – 31.12. 2015. Løyvet kan trekkjast attende dersom løyvehavaren bryt reglar i denne lova eller i forskrifter til denne lova, straffelova § 204 eller § 382 eller bryt vilkår som er sette ved tildeling av løyvet.

Finansiering

Medfører ikkje krav om finansiering

Heimel

Lov av 1987 om film og videogram § 2

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

KS-126/12 VEDTAK:

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2012:

Framlegg til vedtak vart samrøystes teke til orientering.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	11.12.2012	127/12	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 12/780
-----------	---------------------

SAK 127/12 - SKRIV OG MELDINGAR

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	12/4389	I	04.10.2012	Kommunal- og regionaldepartementet	Tilsagn om prosjektskjønsmidler til Kommunestrukturutgreiing i Nordhordland
2	12/4420	I	31.10.2012	Adv. Gunnar Sætre	Notat i høve Solheimsneset bustadfelt
3	12/4758	U	21.11.2012	Formannskap og kommunestyre	Møteplan for politiske møte i 2013

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

KS-127/12 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2012:

Tilleggskriv utdelt i møtet:

- ✚ Referat frå møte i kontrollutvalet den 19. 11. 2012
- ✚ Fylkesmannen i Hordaland: Skatt på eige og inntekt pr. 30.10.2012

Ordfører Karstein Totland orienterte om skriv 1) Tilsagn om prosjektskjønsmidler til kommunestrukturutgreiing i Nordhordland.

Skriv 2) Møteplan – godkjent.

Høringsdokument om mellombels utslepp av vatn frå tunneldriving ved Matre Haugsdal kraftverk:

Ordfører Karstein Totland orienterte om høringsdokument frå Fylkesmannen som gjeld BKK sitt utslepp av vatn frå bygging av 5 km tunnel, maskinhall og transformatorhall. Tunnelmassane skal deponerast i eksisterande deponi i Kvernhusdalen. Dokumentet ligg no ute til offentleg høyring.

Kommunestyret gav administrasjonen fullmakt til å gje svar på høyringa.

Høringsdokument til NVE – minihøyring – kraftlinja Modalen – Mongstad:

Ordfører orienterte om saka.

For Masfjorden er det viktig at denne linja vert konsesjonsbehandla så fort som mogleg.

Ordfører ba kommunestyret om formannskapet kan få fullmakt til å svara på høyringa?

Tove Kristin S. Tistel spurde om kva tid brosjyra som kommunestyret har vedteke skulle lagast til nye innbyggjarar kom ut?

Ordfører Karstein Totland svara at av ulike årsaker har det blitt litt forseinka, men brosjyra skal koma i trykken ganske snart.

Røysting:

Skriv og meldingar vart samrøystes teke til orientering.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	11.12.2012	128/12	Karstein Totland

Arkiv: N-504

Arkivsaknr.: 11/393

SAK 128/12 - OMRÅDEPLAN SANDNES - OFFENTLEG HØYRING - 1. GONGS HANDSAMING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-11 vert områdeplan Sandnes send ut på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn med endringar gjort i kommunestyret.

Finansiering

Gebyrregulativet

Heimel

Plan- og bygningslova

KS-128/12 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-11 vert områdeplan Sandnes send ut på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn med desse endringane gjort i kommunestyret:

- § 5 Byggjeområde og anlegg – frittliggjande småhusbustader
§ 5.1 Utnytting:
Kulepunkt 3: I områda BF9 og BF10 vert utnyttingsarealet sett til 35 % av kvar enkelt tomt. (no er det 25 %)
- § 12 Byggjeområde og anlegg – Leikeplass
Leikeområdet skal justerast ned til lovpålagt storleik.
- Sjekka om reguleringsplanen er rett i høve nausttomtar i Bottenvika.

Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2012:

Det vart referert til innspel frå tre tomtkjøparar dagsett 09.12.2012.

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Ordfører spurde om det var motforestillinger til å leggja inn i planen det som blir bede om i skrevet.

Han refererte og til brev frå Opplysningsvesenets fond om nausttomtar i området. Det skal bli sjekka opp om dei ligg innanfor grensene til denne reguleringsplanen.

Saka vart drøfta.

Bjarte Andvik, H, opplyste om at det er nausttomtar som ikkje er kome med på kartet. Han synta til pkt 17.1 der det står at småbåthamna kan ikkje utvidast. Det er viktig å få kunna utvida småbåthamna dersom det skulle bli aktuelt.

Ordfører Karstein Totland sa at det må vera feil at det står slik. Skal sjekka opp i dette.

Egil Kvingedal, V, gjorde framlegg om at endringane i skrevet frå dei tre tomtekjøparane kjem med når planen vert lagt ut til høyring.

Teknisk etat må då sjekka opp i dette og at det er innafør regelverket.

Lillian Andvik, KrF, spurde om Kolerakyrkjegarden er låst for evig og alltid.

Ho sa og at det ligg tomtar oppe med Tippehuset BF 19, men det er ikkje veg opp.

BF 5, 6 og 8: Er det mogleg å hindra at dette vert hyttetomtar?

Ordfører Karstein Totland svara at Kolerakyrkjegarden er freda.

Krysset ved gamle sjukeheimen ligg inne, men her vil me få rekkefylgjekrav frå Vegvesenet. BF 5,6 og 8 ligg i regulert området og det er bustadhus som skal byggast, men kva huset vert brukt til er ei anna sak.

Bjarte Andvik, H, kommentar til tekstdel om Tippehuset at viss det skal seljast at det då blir teke med at det er moglegheit for å bygga veg opp.

Egil Kvingedal, V, spurde om det kunne omformast setning som gjeld Tippehustomta der det sto at det var trapper.

Lillian Andvik, KrF, spurde om det BF3 ovanfor vegen er barnehagen sitt område og om det alltid høyrte til barnehagen? Ho spurde om det kunne sjekkast opp i

Tove Kristin S. Tistel, V, sa at me må tenkja førebyggjande helsearbeid i høve planen.

No har me moglegheit til å gjera noko med dette området rundt Tippehuset og å nytta området til noko anna enn bustad. Kan vera fritidsområde for skulen og for heile Sandnes.

Ordfører Karstein Totland sa at i framtida kan dette vera mogleg, men skal me omregulera det til anna enn bustadforemål no då slit me. Vil ikkje tilrå å gjera dei store endringane no.

Frode Langhelle, H, sa at Høgre går for ordføraren sitt framlegg med innspela frå tomtekjøparane i tillegg.

Det blir rikeleg høve til å gje innspel til planen når den no skal liggja ute på høyring i 6 veker.

Arthur Sjursen fekk no permisjon frå møtet og var ikkje med på røysting i denne saka.

Ordfører Karstein Totland konkluderte med at kommunen fått fullmakt til å sjekka ut at innspela frå tomtekjøparane er innanfor lova og kva av dei som kan takast med i planen.

Røysting:

Ordføreren sitt framlegg med tillegg av innspel frå tre tomtekjøparar vart samrøystes vedteken.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	U	14.06.2011	Asplan Viak AS; Norconsult AS; Rambøll Norge AS; siv.ing. Holmefjord; Nordplan AS	Prisførespurnad på utarbeiding av områdeplan for Sandnes, Masfjorden kommune
2	I	04.07.2011	Asplan Viak AS	Tilbud på konsulenttenester - utarbeiding av områdeplan for Sandnes
3	I	04.07.2011	Norconsult AS	Tilbud på utarbeiding av områdeplan for Sandnes, Masfjorden kommune
4	U	08.07.2011	Asplan Viak AS	Svar på dykkar tilbod på konsulenttenester - utarbeiding av områdeplan for Sandnes
7	I	10.10.2011	Statens vegvesen Region Vest	Reguleringsplan - varsel om oppstart av planarbeid - Sandnes fv. 570
6	I	11.10.2011	NVE	Innspel til varsel om oppstart av arbeid med områdereguleringsplan på Sandnes
8	I	28.10.2011	Norconsult AS	Underskriven kontrakt
9	I	07.11.2011	Kystverket	Uttale til varsel om oppstart av planarbeid - Sandnes
10	I	14.11.2011	Hordaland Fylkeskommune	Sandnes-Oppstart av områdereguleringsplan-Masfjorden kommune-Innspel om kulturminne
11	U	17.11.2011	Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum	Gjeld områdeplan Sandnes - ber om oversikt over kostnader og tidsplan for kravd arbeid
12	I	01.12.2011	Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum	Vedr Sandnes - oppstart av områdereguleringsplan
13	I	16.12.2011	Norconsult AS	Framlegg til endringsavtale - områdereguleringsplan Sandnes
16	I	19.01.2012	Statens vegvesen v/Sigmund Bødal	Reguleringsplan sandnes
17	I	24.01.2012	Norconsult v/Mona Hermansen	Områdereguleringsplan Sandnes - møtereferat frå møte nr 1 den 6. jan. 2012
18	U	09.03.2012	Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum	Vedr Sandnes - oppstart av områdereguleringsplan - godkjenning av budsjett
19	I	27.04.2012	Stiftelsen Bergens	Vedr.Sandnes-oppstart av

			Sjøfartmuseum	områdereguleringsplan-resultat frå marinarkeologisk registrering
28	I	27.06.2012	Statens vegvesen v/Sindre Lillebø	Vegskisse over vegar - Sandnes
25	I	07.09.2012	Arne Solheim/Steinar Solberg	Kostnadsberegning trafikkisikringstiltak på fv570 v/Sandnes skule
20	I	10.10.2012	Norconsult	Endringsavtale til underskrift
22	N	15.10.2012	Norconsult AS v/Mona Hermansen	Områdereguleringsplan - Sandnes - notat
24	U	24.10.2012	Norconsult	Retur av underskriven endringsavtale for områdeplan Sandnes dagsett 29.10.12
23	I	29.10.2012	Norconsult AS	Underskriven endringsavtale områdeplan Sandnes , dagsett 24.10.2012
27	I	29.11.2012	Norconsult v/Mona Hermansen	Planmaterieill til sak Områdereguleringsplan Sandnes
29	I	06.12.2012	Statens vegvesen v/Arne Solheim	Kostnadsoverslag Fv 570 ved Sandnes i Masfjorden

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Tidlegare handsamingar: Kommunestyret 29.09.2011, sak 71/11.

Det er eit stort behov for byggeklare bustadtomter på Sandnes. Grunneigar på det aktuelle området på Ervikneset ønskjer veg frå fv 570 og ned i området. Det ligg no inne i planen. Det har vore gjennomført synfaring med vegvesenet og dei har stilt krav om at dei med ei slik løysing vil krevje sanering av eksisterande avkjørsler og etablering av fortau for strekkja mellom barnehagen og skulen før det vert gjeve løyve til bustadhus på feltet (rekkefølgjekrav i reguleringsplanføresegnene).

Ei av utfordringane er at dagens avkjørsle til gamle sjukeheimen vert opplevd som farleg. Det har difor vore behov for å sjå på utbetringar i kryssområdet, eventuelt finna ny eigna stad for etablere godkjent avkjørsle. Det ligg inne i planen.

FAKTA

Området mellom skulen og barnehagen inneheld 4 ”ikkje godkjende” (utforma etter dagens krav) avkjørslar på nedsida av vegen og 1 ”ikkje godkjent” avkjørsel på oppsida av vegen (vegen til gamle sjukeheim). På området på nedsida av vegen er lagt inn 5 bustadtomtar og leikeplass. Det er også lagt inn gangveg over bnr. 15 mellom det nye feltet og bustadområdet på Stykket. Nytt kryss og veg på oppsida av fv 570 vill utløysa fem tomter som no ikkje har vegtilkomst. 4 av dei er i privat eige, ei er kommunal

VURDERING

Rådmannen er kjent med at fleire unge par har venta på å få byggja bustadhus på Sandnes. Det hastar difor å klargjere byggeklare bustadtomter. Rådmannen meiner det føreliggjande framlegget til områdeplan er ein god plan for utnytting av området til bustadtomter og trafikkareal.

KONKLUSJON

I medhald av plan- og bygningslova § 12-11 vert områdeplan Sandnes send ut på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn med endringar gjort i kommunestyret.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	11.12.2012	129/12	Alf Strand

Arkiv: N-113, N-212.31

Arkivsaknr.: 12/644

SAK 129/12 - SYSKENMODERASJON MELLOM SFO OG BARNEHAGE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Av økonomiske grunnar ønskjer ikkje Masfjorden kommune å innføra syskenmoderasjon mellom SFO og barnehage.

Finansiering

Heimel

KS-129/12 VEDTAK:

Av økonomiske grunnar ønskjer ikkje Masfjorden kommune å innføra syskenmoderasjon mellom SFO og barnehage.

Det skjedde i Kommunestyret den 11.12.2012:

Janne Judith K. Sandnes, Frp, gjorde slikt framlegg til vedtak.

Søskenmoderasjon for familiar med barn i barnehage og SFO.

Bjørn Egil Nordland, Ap, sa at det er positivt at slike ting kjem til kommunestyret.

Rådgjevar Alf Strand sa at han veit ikkje kor mange dette vil gjelda. I Gulen har dei ei slik ordning, men det er berre dei som har full plass i SFO som dette vil gjelde.

Barnehagebudsjettet vert ikkje belasta.

Røysting:

Det vart røysta over rådmannen sitt forslag sett opp mot Frp sitt framlegg.

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 14 mot 2 røyster. (Frp)

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Foreldrerepresentanten i SU har teke opp spørsmålet om å få i stand ei ordning slik at dei foreldre som har born både i SFO og barnehage kan få syskenmoderasjon på same måten som dei som har fleire born i SFO eller fleire born i barnehage.

FAKTA

Masfjorden kommune har gjeninnført syskenmoderasjon i barnehagen med verknad frå 1.1. 2011. Moderasjonen er 30% for barn nr. 2 og 50 % for tredje barn. I SFO har ein praktisert slik syskenmoderasjon heile tida.

VURDERING

Ein skjønar at foreldre som har born i både SFO og barnehage ynskjer ei moderasjonsordning som gjeld begge desse tilboda. Har du tre born, eit i SFO og to i barnehage, vil du då spare kr 1100 pr mnd. i og med at barn nr. 3 vil få 50% moderasjon. På same måte om du har to born i SFO og eit i barnehagen.

Inntekta som barnehagane har frå foreldrebetaling, har naturlegvis gått ned etter at syskenmoderasjonen vart gjeninnført. Syskenmoderasjon som skal gjelda SFO og barnehage, vil føra til ytterlegare nedgang i inntekta for barnehagane. Dermed må barnehagebudsjettet styrkast tilsvarende, anten ved auka barnehagesatsar eller på annan måte. Med våre moderasjonssatsar vil det bli snakk om årleg inntektstap på mellom 100000 og 200000 for barnehagane dersom det er minst 10 born som kjem inn under ordninga.

Dersom ein innfører ordning med syskenmoderasjon mellom SFO og barnehage, må ein òg ta stilling til om det skal gjelda uavhengig av kor mykje ein bruker SFO. Det verkar lite rimeleg at ein viss ein bruker minimumstilbodet i SFO til kr 475 pr. mnd, samstundes skal oppnå ein reduksjon i foreldrebetalinga i barnehage på kr 660 eller evt. 1100 pr. mnd.

Ingen av dei andre kommunane i Nordhordland rådmannen har vore i kontakt med, har slik syskenmoderasjon som det her er snakk om.

KONKLUSJON

Masfjorden kommune har gode moderasjonsordningar i barnehage og SFO. Av økonomiske grunnar ønskjer ikkje Masfjorden kommune å innføra syskenmoderasjon mellom SFO og barnehage.

Rett utskrift av møteprotokoll frå kommunestyret den 11.12.2012 vert vitna:

Karstein Totland
Ordførar

Lene H. Kvamsdal
kommunestyremedlem

Egil Kvingedal
Kommunestyremedlem